


Kartlegging av naturtyper i Haram kommune



**Haram kommune
2005**

Rapporten kan bestillast frå:

Haram kommune
6270 Brattvåg
tlf. 70 20 75 00

Adressa til prosjektleiar:

John Bjarne Jordal
6610 Øksendal
Telefon 71 69 54 45
epost: john.bjarne.jordal@sunndals.net

Denne rapporten kan refererast som:

Jordal, J. B. & Holtan, D., 2005: Kartlegging av naturtypar i Haram kommune. Haram kommune, rapport. 117 s. + bilete og kart. ISBN 82-991046-2-9.

Framsdebilete:

Øvst t.v.: Utsida (vestsida) av Løvsøya er eit svært artsrikt og interessant kystlandskap. Lokalitetar på Nordøyane utgjer godt over halvparten av alle lokalitetane i rapporten. Dette er dels på grunn av stor naturvariasjon og utprega kystklima.

Øvst t.h.: Inste del av Vestrefjorden er interessant både som strand- og brakkvassområde og på grunn av dei såkalla de Geer-morenene, årlege endemorener lagt att av ein bre som trekte seg raskt attende.

Midten t.v.: Tennfjordelva er ei av dei få litt større elvene i kommunen. Ho er vakker og mange stader stilleflytande med ein god bestand av den sjeldsynte og freda elvemuslingen.

Midten t.h.: Haram har hatt ein del setre, men dei fleste er attgrodde i dag. På Gjersetsetra er det framleis beiting, og eit intakt landskap med mange planter knytt til beitebruken.

Nedst t.v.: Kystblåstjerne er ei av dei mest eksklusive plantene i kommunen. Ho finst i gamle ugjødsla slåttemarkar eller beitemarkar. Bestanden har vorte sterkt redusert som følge av attgroing i det tradisjonelle kulturlandskapet.

Nedst t.h.: Befaring på Synnaland i ei eng med kystblåstjerne som er truga av attgroing. Denne enga burde slåast kvar haust. Av ca. 14 kjende lokalitetar dei siste 115 åra er berre 5-6 intakte i dag, og 3-4 av desse er i attgroing. Berre to vert bruka på ein måte som gjer at ein reknar med at arten vil overleva (hestebeite).

Foto Tennfjordelva: Helga Færøy, dei andre bileta er tekne av John Bjarne Jordal ©.

FØREORD

Norge slutta seg til FN sin konvensjon om biologisk mangfald i 1993. Gjennom vedtak i Stortinget, St.meld.nr. 58 (1996 –97) og St.meld. nr. 42 (2000-2001), er det ei målsetjing at alle kommunar skal ha kartlagt viktige naturtyper som grunnlag for det lokale planarbeidet innan utgangen av 2004.

For å rasjonalisere dette arbeidet og for evt. å spare kostnader, vart det inngått eit samarbeid med Ørskog kommune. Haram formannskap gjorde i møte 07.05.2002 følgjande vedtak:

I samsvar med dei nasjonale målsetjingane registrerer Haram kommune det biologiske mangfaldet i kommunen. Arbeidet skal utførast innan utgangen av 2003 og i saamarbeide med Skodje, Ørskog og Stordal. Haram kommune sin del av kostnadane, om lag kr 45000,- vert å innarbeide i ei budsjettrevisjon for 2002 og i årsbudsjettet for 2003. Vedtaket føreset av Skodje, Ørskog og Stordal dekkjer sine deler av kostnadane.

Frå Haram Kommune har Tonje Øyehaug Rud og Nils Sanden vore engasjert i arbeidet. Hege Sandnes har vore tilsett i eit forprosjekt.

Rapporten er utarbeidd av John Bjarne Jordal med assistense av Dag Holtan på oppdrag frå Haram Kommune. Rapporten er basert på samanstilling av kjent kunnskap og dels på innsamling av kunnskap gjennom feltarbeid. Materialet er systematisert etter ein fast metodikk som gjeld for heile landet.

Arbeidet er finansiert gjennom statlege tilskot og kommunale løyvingar.

Kommunane får tildelt nye oppgåver innan miljø og naturforvaltning. I framlegget til naturmangfaldlova, MD-NOU 2004:28, (erstattar novarande naturvernlov), er kommunane tiltenkt ei sentral rolle. Rapporten er eit godt grunnlag for eit kunnskapsbasert naturforvaltning. Den bør vidare ha stor bruksverdi for skuleverket og for interesserte enkeltpersonar.

Haram kommune og forfattarane vil takke alle som har gitt opplysningar i samband med utarbeiding av rapporten.

Brattvåg, januar 2005

Jan Farstad, einingsleiar

Nils Sanden

INNHALD

SAMANDRAG	6
INNLEIING	10
BAKGRUNN	10
KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?	10
VERDIEN AV BIOLOGISK MANGFALD	10
TRUGSMÅL MOT DET BIOLOGISKE MANGFALDET	11
FORVALTNING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE	12
FORMÅLET MED RAPPORTEN.....	13
NØKRE BEGREP	13
METODAR OG MATERIALE	15
INNSAMLING AV INFORMASJON	15
VERDSETTING OG PRIORITERING	17
PRESENTASJON.....	19
NATURGRUNNLAG	20
HISTORIKK OMKRING UTFORSKINGA AV HARAM-NATUREN	20
LANDSKAP M.M.	21
KLIMA.....	21
GEOLOGI	22
LAUSMASSAR	22
NATUR- OG BIOGEOGRAFISK PLASSERING	22
HOVEDNATURTYPAR	24
HAVSTRAND/KYST	24
KULTURLANDSKAP	25
FERSKVATN	25
MYR	26
SKOG.....	26
RASMARK, BERG OG KANTKRATT	26
FJELL	27
NATURTYPELOKALITETAR	28
GENERELT	28
1 HARAMSØYA: MYSKJEURDENE (HASSELKRATT, UR).....	28
2 HARAMSØYA: ÅKRE (HASSELKRATT)	29
3 HARAMSØYA: HARAM (RASMARK)	29
4 HARAMSØYA: VESTANVIKA (HAVSTRAND)	29
5 HARAMSØYA: VESTANVIKA (NATURBEITEMARK)	30
6 HARAMSØYA: VESTSIDA, LIA (BERG/RASMARK, KYSTLYNGHEI).....	30
7 HARAMSØYA: KVAMEN (VEST FOR MANNEN) (KYSTLYNGHEI)	31
8 HARAMSØYA: TROLLKLEPPEN-MANNEN (TERRENGDEKKJANDE MYR)	32
9 HARAMSØYA: VESTSIDA AV ULLAHORNET (KYSTLYNGHEI).....	32
10 HARAMSØYA: VEST FOR ULLAHORNET (TERRENGDEKKJANDE MYR).....	33
11 HARAMSØYA: SØR FOR HESTEVOLLANE (TERRENGDEKKJANDE MYR, LYGHEI).....	33
12 HARAMSØYA: ULLA FYR (KVERN HOLMEN) (HAVSTRAND).....	34
13 HARAMSØYA: ULLA: HORNHAMMAREN (NATURBEITEMARK)	34
14 HARAMSØYA: ULLA: RÅVIKA (HAVSTRAND).....	35
15 HARAMSØYA: ULLA: ULLANAUSTA-ULLAHAMMAREN (HAVSTRAND)	35
16 HARAMSØYA: KVALVIKA (HAVSTRAND).....	36
17 HARAMSØYA: ULLAHORNET, NORDAUSTSIDA (NORDVENDTE KYSTBERG).....	36
19 HARAMSØYA: ULLAHOLMEN: AUSTSIDA (HAVSTRAND).....	37
20 HARAMSØYA: ULLAHOLMEN: SJURSØYA-MÆKJEVIKA (HAVSTRAND)	37
23 FLEMSØYA/SKULØYA: BAKKEDALEN (MYR, KYSTLYNGHEI)	38
24 FLEMSØYA/SKULØYA: SKULEN, SØRSIDA (MYR, KYSTLYNGHEI)	39
25 FLEMSØYA/SKULØYA: SAKSHAMMAREN (NORDVENDTE KYSTBERG)	39

26 FLEMSØYA/SKULØYA: SANDVIKA (NATURBEITEMARK)	40
27 FLEMSØYA/SKULØYA: HALSEBERGA (NATURBEITEMARK)	40
28 FLEMSØYA/SKULØYA: URA-NOGVA (KYSTLYNGHEI).....	41
29 FLEMSØYA/SKULØYA: URA-NOGVA (NORDVENDTE KYSTBERG).....	42
30 FLEMSØYA/SKULØYA: ROGNE: HALLINGEN (HASSELKRATT)	43
31 FLEMSØYA/SKULØYA: ROGNESESET-STORØYRA (HAVSTRAND).....	43
32 FLEMSØYA/SKULØYA: ROGNEHOLMEN (NATURBEITEMARK, SANDSTRAND)	44
33 FLEMSØYA/SKULØYA: VED HUSFJELLET (NATURBEITEMARK, KYSTLYNGHEI).....	44
34 LØVSØYA: SVARTHAMMAREN (NORDVENDTE KYSTBERG)	45
35 LØVSØYA: PRESTEGARDEN-STORNESET (HAVSTRAND)	45
36 LØVSØYA: SÆTNÅKKEN (NATURBEITEMARK)	46
37 LØVSØYA: RØNSTAD/MÅSEHAMRANE (EDELLAUVSKOG, SØRVENDT BERG/RASMARK)	46
38 LØVSØYA: RØNSTADHEIA-GRASLIA-STORHAUGMYRANE (KYSTLYNGHEI, TERRENGDEKKJANDE MYR)	47
39 LØVSØYA: VESTSIDA: NOSA-HESTEDALSNAKKEN (BERG/RASMARK, GROTTOR).....	48
40 LØVSØYA: STRANDFLATA PÅ VESTSIDA (STRAND, NATURBEITEMARK).....	48
41 LØVSØYA: KJEDALSNAKKEN-HELLEVIK (NORDVENDTE KYSTBERG M.M.)	49
42 LØVSØYA: MYR VED SKULEN (MYR)	50
43 FJØRTOFTA: DYSVIKMYRA (MYR)	50
44 FJØRTOFTA: RAMSBERGET (HASSELKRATT)	50
45 FJØRTOFTA: NYHEIM-MALEN (SANDSTRAND, SANDDYNER).....	51
46 FJØRTOFTA: SKINNBREKKA-ØYRA (NORDSIDA AV FJØRTOFTNESET) (HAVSTRAND).....	51
47 FJØRTOFTA: FJØRTOFTNESET: SØGARDSMYRANE (MYR M.M.).....	52
48 FJØRTOFTA: KROKANE (SØRSIDA AV FJØRTOFTNESET) (HAVSTRAND).....	53
49 HARØYFJORDEN: RØDHOLMANE (FUGLEGJØDSLA VEGETASJON, VILTOMRÅDE).....	53
50 TERØYA: VESTSIDA AV TERØYA (KYSTLYNGHEI)	54
51 BJØRNØYA: TANGANE (KYSTLYNGHEI, STRAND).....	54
52 BJØRNØYA: VESTSIDA (KYSTLYNGHEI)	55
53 GAMLEM: SØVIK: HAGANE (EDELLAUVSKOG)	56
54 GAMLEM: GAMLEMSMYRENE (MYR)	56
55 GAMLEM: KJERRINGGJØLET, V-SIDA AV GAMLEMSVETEN (EDELLAUVSKOG)	57
56 GRYTASTRANDA: HAMNSUND: SØRSIDA AV UFØRA (EDELLAUVSKOG)	57
57 GRYTASTRANDA: FISKEBERGA-LANGENESET (EIKEHAGE)	58
58 GRYTASTRANDA: GROVAGJØLET (EIKESKOG).....	58
59 GRYTASTRANDA: HASSELVIKA (NYBØ) (EIKEHAGE).....	59
60 GRYTASTRANDA: SUNDHEIM (EDELLAUVSKOG).....	59
61 GRYTASTRANDA: GRYTAHATLEN (EIKESKOG).....	60
62 GRYTASTRANDA: HAMNSUND: SKUTEVIKA (EIKESKOG).....	60
63 GRYTASTRANDA: VED KROKSETHAGEN (EDELLAUVSKOG)	61
64 GRYTASTRANDA: GJERSETSETRA (NATURBEITEMARK).....	61
65 HILDRESTRANDA: HILDREDALEN (KYSTLYNGHEI)	62
66 HILDRESTRANDA: HESTEMYRANE (MYR, KYSTLYNGHEI).....	62
67 SYNNALAND: VIKA (NATURBEITEMARK)	63
68 SYNNALAND: DJUVIKA (NATURBEITEMARK).....	63
69 SYNNALAND: NAUSTHAUGEN (NATURBEITEMARK)	64
70 SYNNALAND: BERGET (NATURBEITEMARK)	64
71 SYNNALAND: FLOGET (HASSELSKOG)	65
72 BRATTVÅG: UTLØPET AV SYNNALANDSELVA (HAVSTRAND).....	65
73 SKULSTADHAVET (BRAKKVASSPOLL).....	66
74 REMMEVOLLEN (HØGSTAUDEBJØRKESKOG)	66
75 SAMFJORDEN: BJØRLYKKE (HAVSTRAND)	67
76 SLYNGSTAD: AUSTSIDA AV SLYNGSTADVATNET (KYSTFURUSKOG M.M.)	67
77 TENNFJORD: STAVSETFJELLET (KYSTFURUSKOG).....	68
78 TENNFJORD: TENNFJORDELVA (VIKTIG BEKKEDRAG).....	68
79 TENNFJORD: TENNFJORDOSEN (HAVSTRAND)	69
80 TENNFJORD: NORDSIDA AV TENNFJORDELVA (RIKMYR).....	69
81 VATNE: GRØTURA (EDELLAUVSKOG)	70
82 VATNE: OVAFOR ØYGARDEN (EDELLAUVSKOG).....	70
83 VATNE: ULVESTADSETRA (NATURBEITEMARK)	70
84 VATNE: STORBAKKEN (SKOG).....	71
85 VATNE: KROKSETRA (SLÅTTEENG)	71
86 VATNE: KROKSETRA, AUST FOR SEVERINGARDEN (SMÅBIOTOP).....	72

87 VESTRE: UTLØPET AV VESTREELVA (BRAKKVASSDELTA).....	72
88 VATNEFJORDEN: LAUVØYA (KYSTLYNGHEI).....	73
OMRÅDE MED DÅRLEGE DATA ELLER USIKKER STATUS.....	73
VILTOMRÅDE.....	75
GRYTASTRANDA: GRYTAHOLMANE.....	75
GRYTAFJORDEN: KJEPINA.....	75
VIGRAFJORDEN: KALVØYA: KALVEN	75
VIGRAFJORDEN: KALVØYA: KALVØYHOLMEN.....	75
VIGRAFJORDEN: GJØSUNDHOLMEN	76
TERØYA: TERØYFJELLET	76
TERØYA: TERØYHOLMEN	76
LØVSØYA/GAMLEM: LØVSØYREVET.....	76
LØVSØYA: INNHOLMEN.....	77
HARAMSØYA: ULLASUNDET FUGLEFREDNINGSOMRÅDE	77
HARAMSØYA: ULLASUNDET (DYRELIVSFREDNING).....	77
FLEMSØYA/SKULØYA: HUSAFJELLET/SAKSEHAMMAREN.....	78
FJØRTOFTFJORDEN: UKSNØYOMRÅDET.....	78
SVETLINGANE.....	78
HILDRESTRANDA: HILDREVATNET.....	79
SAMFJORDEN: STØLEVATNET/REITEVATNET	79
SLYNGSTAD: SLYNGSTADVATNET	79
VATNE: VATNEVATNET	79
RAUDLISTEARTAR.....	80
GENERELT.....	80
SOPP.....	87
LAV	87
PLANTER	87
VIRVELLAUSE DYR	88
FUGL OG PATTEDYR	88
KUNNSKAPSSTATUS	89
OPPSUMMERING AV DATAGRUNNLAG ETTER DETTE PROSJEKTET	89
BEHOVET FOR VIDARE UNDERSØKINGAR.....	90
KJELDER.....	91
GENERELL LITTERATUR.....	91
LITTERATUR SOM BERØRER HARAM.....	92
ANDRE SKRIFTLIGE KJELDER	101
MUNNLEGE KJELDER.....	101
VEDLEGG	102
PLANTELISTE FOR HARAM.....	102
PLANTELISTER FOR LOKALITETAR	103
MOSELISTE FOR HARAM	109
MOSELISTER FOR LOKALITETAR.....	111
SOPPLISTE FOR HARAM.....	112
SOPPLISTER FOR LOKALITETAR	115
LAVLISTE FOR HARAM.....	117

SAMANDRAG

Bakgrunn og formål

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen.

Hovudformålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

Metodikk

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det brukt litteratur, Naturbasen m.m. hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, databasar på Internett, museumssamlingar, og samtalar med fagfolk og lokalkjente folk. For å skaffa fram ny kunnskap er det satsa ein del på feltarbeid. Informasjonen er samanstilt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av indikatorartar (signalartar). Informasjonen er presentert på kart og i rapport.

Historisk utforsking av Haram-naturen

Rapporten har ein liste over litteratur om naturen i Haram frå opplysningstida på 1700-talet og fram til i dag. Mesteparten av kjeldene stammar frå etter 1970.

Naturgrunnlag

Naturgrunnlaget er kort skildra med omtale av landskap, geofag, klima og naturgeografiske tilhøve.

Naturtypar i Haram

Dei ulike naturtypane i Haram er kort skildra. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i Haram er havstrand, kulturlandskap (særleg kystlynghei og naturbeitemarkar), myr og skog (særleg rik edellauvskog med hassel og/eller eik).

Tabell 1. Registrerte lokalitetar i Haram fordelt på naturtypar og verdi. Mange lokalitetar har ein mosaikk av fleire naturtypar, summering gjev derfor for høge sumtal. Verdsetting kan og skuldast ein annan naturtype. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig

Kode	Naturtype	A	B	C	SUM
A	Myr (12 lok.)				
A01	Intakt låglandsmyr		1	3	4
A03	Terrengdekkjande myr	2	5		7
A05	Rikmyr	2	2		4
A06	Kjelde og kjeldebekk	1			1
B	Rasmark, berg og kantkratt (7 lok.)				
B01	Sørvende berg og rasmarker	3	2		5
B03	Ultrabasisk og tungmetallrik mark i låglandet	1	1		2
D	Kulturlandskap (35 lok.)				
D01	Slåtteeuger		1		1
D04	Naturbeitemark	8	9		17
D05	Hagemark	1	2		3
D07	Kystlynghei	7	15		22

Kode	Naturtype	A	B	C	SUM
D08	Kalkrike enger	8			8
D09	Fuktenger	5	2	1	8
D11	Småbiotopar		1		1
E	Ferskvatn/ våtmark (3 lok.)				
E03	Kroksjøar, flomdammar og meanderande elveparti	1			1
E06	Viktige bekkedrag	1			1
E09	Dammar	1			1
F	Skog (21 lok.)				
F01	Rik edellauvskog	5	15		20
F04	Bjørkeskog med høgstauder		2		2
F06	Rikare sumpskog		1		1
F07	Gammal lauvskog	1			1
F12	Kystfuruskog	1	1		2
G	Havstrand/ kyst (20 lok.)				
G01	Grunne straumar		2		2
G02	Undervassenger		3	1	4
G03	Sanddyner		1		1
G04	Sandstrender		6	1	7
G05	Strandeng og strandsump	3	7	1	11
G06	Tangvollar	3	6	2	11
G07	Brakkvassdelta		3		3
G08	Brakkvasspollar		2		2
H	Andre viktige førekomst (10 lok., av desse 7 nordvendte kystberg)	6	3	1	10
Reelt tal lokalitetar i kvar verdikategori		24	53	8	85

I tabell 1 går det fram at det i Haram er kjent 29 av dei 57 prioriterte naturtypepane i DN-handboka. Dette må seiast å vera eit bra resultat og viser at naturen i Haram er rik og variert.

Viktige lokalitetar i Haram

Nedanfor er lista opp alle lokalitetar i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). Lokalitetane er gjeve nummer frå 1 til 88 (totalt 85 lokalitetar, fordi tre nummer er sletta). Lokalitetar som er med i Naturbasen (Fylkesmannen 1999) har også eit nummer i denne basen, dette er i denne rapporten nemnt i parentes under i områdeskildringane.

Tabell 2. Viktige lokalitetar i Haram. Tabellen gjev ei oversikt over avgrensa og verdsette lokalitetar sorterte etter nummer. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig. Ein har her ikkje inkludert reine viltområde (t. d. hekkeområde for sjøfugl), som ikkje inngår i metoden med naturtypekartlegging som denne rapporten er utarbeidd etter (DN 1999a).

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
1	Haramsøya: Myskjeurdene	Rik edellauvskog	B
2	Haramsøya: Åkre	Rik edellauvskog, sørvendte berg og rasmarker	B
3	Haramsøya: Haram	Sørvendte berg og rasmarker, rik edellauvskog	B
4	Haramsøya: Vestanvika (strand)	Strandeng og strandsump, tangvollar	A
5	Haramsøya: Vestanvika (beite)	Naturbeitemark, fuktenger	B
6	Haramsøya: vestsida, Lia	Nordvendte kystberg, sørvendte berg og rasmarker, kystlynghei, fuktenger	A
7	Haramsøya: Kvamen (V for Mannen)	Kystlynghei	B
8	Haramsøya: Trollkleppen-Mannen	Terrengdekkjande myr	B
9	Haramsøya: Vestsida av Ullahornet	Kystlynghei	B
10	Haramsøya: Vest for Ullahornet	Terrengdekkjande myr, rikmyr	B
11	Haramsøya: Sør for Hestevollane	Terrengdekkjande myr, kystlynghei	B

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
12	Haramsøya: Ulla fyr (Kvernholmen)	Tangvollar, andre viktige førekomstar	C
13	Haramsøya: Ulla: Hornhammaren	Naturbeitemark, kalkrike enger, kystlynghei	A
14	Haramsøya: Ulla: Råvika	Sandstrand, tangvollar	B
15	Haramsøya: Ulla: Ullanausta-Ullahammaren	Sandstrand, tangvollar	B
16	Haramsøya: Kvalvika	Sandstrand, tangvollar	B
17	Haramsøya: Ullahornet, nordaustsida	Nordvendte kystberg	A
19	Haramsøya: Ullaholmen: austsida	Sandstrand, tangvollar, strandeng og strandsump	B
20	Haramsøya: Ullaholmen: Sjursøya-Mækjevika	Strandeng og strandsump	A
23	Flemsøya/Skuløya: Bakkedalen	Terrengdekkjande myr, rikmyr, kystlynghei	A
24	Flemsøya/Skuløya: Skulen, sørsida	Terrengdekkjande myr, kystlynghei	B
25	Flemsøya/Skuløya: Sakshammaren	Nordvendte kystberg, rik edellauvskog	A
26	Flemsøya/Skuløya: Sandvika	Naturbeitemark, kalkrike enger	A
27	Flemsøya/Skuløya: Halseberga	Naturbeitemark, kalkrike enger, fuktenger	A
28	Flemsøya/Skuløya: Ura-Nogva	Kystlynghei, naturbeitemark	B
29	Flemsøya/Skuløya: Ura-Nogva	Nordvendte kystberg, ultrabasisk og tungmetallrik mark i lågalndet, kystlynghei	A
30	Flemsøya/Skuløya: Rogne: Hallingen	Rik edellauvskog	B
31	Flemsøya/Skuløya: Rogneset-Storøyra	Strandeng og strandsump, tangvollar	B
32	Flemsøya/Skuløya: Rogneholmen	Tangvollar, sandstrand, strandeng og strandsump, naturbeitemark	B
33	Flemsøya/Skuløya: ved Husfjellet	Naturbeitemark, kystlynghei	B
34	Løvsøya: Svarthammaren	Nordvendte kystberg	B
35	Løvsøya: prestegarden-Storneset	Sandstrand, tangvollar, undervassenger	C
36	Løvsøya: Sætnekken	Naturbeitemark, kystlynghei	B
37	Løvsøya: Rønstad/Måsehamrane	Sørvendte berg og rasmarker, rik edellauvskog	A
38	Løvsøya: Rønstadheia-Graslia-Storhaugmyrane	Kystlynghei, kalkrike enger, terrengdekkjande myr, rikmyr	A
39	Løvsøya: vestsida: Nosa-Hestedalsnakken	Sørvendte berg og rasmarker, nordvendte kystberg, rik edellauvskog, kystlynghei, kalkrike enger	A
40	Løvsøya: strandflata på vestsida	Tangvollar, naturbeitemark, kalkrike enger, fuktenger, kystlynghei, dammar	A
41	Løvsøya: Kjedadslakken-Hellevik	Nordvendte kystberg, kystlynghei	B
42	Løvsøya: myr ved skulen	Intakt låglandsmyr	C
43	Fjørtofta: Dysvikmyra	Intakt låglandsmyr	C
44	Fjørtofta: Ramsberget	Rik edellauvskog	B
45	Fjørtofta: Nyheim-Malen	Sandstrand, sanddyner, undervassenger	B
46	Fjørtofta: Skinnbrekka-Øyra	Strandeng og strandsump, tangvollar	A
47	Fjørtofta: Fjørtoftneset: Søgardsmyrane	Intakt låglandsmyr, kystlynghei, naturbeitemark, ultrabasisk og tungmetallrik mark i låglandet (Grønholen)	B
48	Fjørtofta: Krokane (sørsida av Fjørtoftneset)	Strandeng og strandsump	B
49	Harøyfjorden: Rødholmane	Andre viktige førekomstar	B
50	Terøya: vestsida av Terøya	Kystlynghei	B
51	Bjørnøya: Tangane	Kystlynghei, strandeng og strandsump	B
52	Bjørnøya: vestsida	Kystlynghei	B
53	Gamlem: Søvik: Hagane	Rik edellauvskog	B
54	Gamlem: Gamlemsmyrene	Intakt låglandsmyr	C
55	Gamlem: Kjerringgjølet, V-sida av Gamlemsveten	Rik edellauvskog	B
56	Grytastranda: Hamnsund: S-sida av Uføra	Rik edellauvskog	B
57	Grytastranda: Fiskeberga-Langeneset	Hagemark	B
58	Grytastranda: Grovagjølet	Rik edellauvskog	A
59	Grytastranda: Hasselvika (Nybø)	Hagemark, rik edellauvskog	B
60	Grytastranda: Sundheim	Rik edellauvskog	B
61	Grytastranda: Grytihatlen	Rik edellauvskog	A
62	Grytastranda: Hamnsund: Skutevika	Rik edellauvskog	B

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
63	Grytastranda: ved Kroksethagen	Rik edellauvskog, rikare sumpskog	B
64	Grytastranda: Gjersetsetra	Naturbeitemark, fuktenger	B
65	Hildrestranda: Hildredalen	Kystlynghei	C
66	Hildrestranda: Hestemyrane	Terrengdekkjande myr, kystlynghei	B
67	Synnaland: Vika	Naturbeitemark, fuktenger, kalkrike enger	A
68	Synnaland: Djuvika	Naturbeitemark, fuktenger, hagemark	A
69	Synnaland: Nausthaugen	Naturbeitemark	A
70	Synnaland: Berget	Naturbeitemark	A
71	Synnaland: Floget	Rik edellauvskog	B
72	Brattvåg: utløpet av Synnalandselva	Brakkvassdelta	B
73	Skulstadhavet	Brakkvasspoll, strandeng og strandsump, undervassenger	B
74	Remmevollen	Bjørkeskog med høgstauder	B
75	Samfjorden: Bjørlykke	Strandeng og strandsump	C
76	Slyngstad: austsida av Slyngstadvatnet	Kystfuruskog, gammal lauvskog	A
77	Tennfjord: Stavsetfjellet	Kystfuruskog	B
78	Tennfjord: Tennfjordelva	Viktig bekkedrag, meanderande elv	A
79	Tennfjord: Tennfjordosen	Brakkvassdelta	B
80	Tennfjord: nordsida av Tennfjordelva	Rikmyr	B
81	Vatne: Grøtura	Rik edellauvskog, bjørkeskog med høgstauder	B
82	Vatne: ovafor Øygarden	Rik edellauvskog	B
83	Vatne: Ulvestadsetra	Naturbeitemark, fuktenger	C
84	Vatnedalen: Storbakken	Rik edellauvskog	A
85	Vatnedalen: Kroksetra	Slåtteeng	B
86	Vatnedalen: Kroksetra, aust for Severingarden	Småbiotop	B
87	Vestre: utløpet av Vestreelva	Brakkvasspoll, brakkvassdelta, undervassenger, grunnestraumar, strandeng og strandsump	B
88	Vatnefjorden: Lauvøya	Kystlynghei, naturbeitemark	B

Raudlisteartar

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vera ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera skogsdrift eller omleggingar i jordbruket, forureining, samling m.m. Slike artar kallast raudlisteartar, og er lista opp i ein nasjonal rapport (DN 1999b). Det er registrert 157 funn av raudlisteartar av planter, mosar, sopp, lav og insekt i Haram, og dei som er kjent, er omtala i eit eige kapittel. Raudlisteartar av virveldyr er også kort presenterte her.

Kunnskapsstatus

Eit eige kapittel inneheld ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Når det gjeld naturtypar, står ein del att å undersøkje i skog (gammel skog, edellauvskog, sumpskog, bjørkeskog med høgstauder, gråor-heggeskog), i ferskvatn (stille og rennande), lynghei og myr, på havstrand og naturbeitemark. Kunnskapen om mange organismegrupper og potensielle raudlisteartar i Haram er også jamt over dårleg. Tema prioriterte naturtypar må også supplerast med oppdatering av viltkartet, og undersøkingar etter DN-handbok om marin kartlegging og kartlegging av ferskvatn.

Litteratur

Ein eigen litteraturliste er under utarbeiding over litteratur om naturen i Møre og Romsdal. Eit søk på Haram i denne basen ga 399 treff. Her vil det forhåpentleg finnast noko som har lokal interesse, t. d. til skulebruk.

Vedlegg

I vedlegga er det presentert artslistar, dels for heile kommunen, dels for einskildlokalitetar.

INNLEIING

Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen.

Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjinga av alle norske kommunar. Forhistoria til dette er igjen Brundtlandkommisjonens rapport frå 1997, og "Konvensjonen om biologisk mangfald" som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992, ratifisert av Norge i 1993 og som tredde i kraft i 1994. Direktoratet for Naturforvaltning (DN) kom i 1999 med ei handbok som gjev retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført (DN 1999a).

Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre. Denne runden av kartleggingsarbeidet i kommunane er planlagt ferdig i løpet av 2005.

Kva er biologisk mangfald?

Populært sagt er biologisk mangfald jorda sin variasjon av livsformer (planter, dyr og mikroorganismar m.m.), inklusive arvestoffet deira og det kompliserte samspelet mellom dei. Variasjonen i naturen kan beskrivast på tre ulike nivå: gen-, arts- og økosystemnivå.

Meir presist er biologisk mangfald definert slik i Rio-konvensjonen om biologisk mangfald: "*Biologisk mangfald er variabiliteten hos levande organismar av alt opphav, herunder m.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystem og dei økologiske kompleksa som dei er ein del av; dette omfattar mangfald innanfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.*" (MD 1992).

Verdien av biologisk mangfald

Miljøverndepartementet (2001b) knyter desse verdiane til biologisk mangfald:

- **Direkte bruksverdi:** Verdi som vert realisert gjennom bruk av biologiske ressursar til t.d. mat, medisinar, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til leik, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forskning.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenester som biologisk produksjon, jorddanning, reinsing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbonet, nitrogenet og andre stoff sitt kretsløp, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjenningar som forureining, flom og tørke. Desse verdiane er ein føresetnad for menneskeleg eksistens og økonomisk aktivitet.
- **Potensiell verdi:** Verdiane som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdiane omfattar både direkte og indirekte verdiane nemnt ovanfor og er blant anna knytt til bruk av uutnytta genetiske ressursar både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for framstilling av nye produkt med direkte bruksverdi.
- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra, t. d. knytt til ønsket om å vita at ein art eksisterer, til kommande generasjonar sine mulegheiter og livskvalitet, og til ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane høyrer også naturen sin eigenverdi (DN 1999a). At naturen har eigenverdi byggjer på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og difor ikkje treng sjåast på som eit middel, men som eit mål i seg sjølv. Tanken om at framtidige generasjonar skal overta kloten med like stor moglegheit for ressursutnytting og naturoppleving som vi har, er identisk med ei bærekraftig utvikling slik Brundtland-kommisjonen definerte det.

Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

Fysiske inngrep

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet. Særleg viktig er fysiske inngrep i samband med ulike utbyggingsformål. Store utbyggingar har ofte store konsekvensar, men det er summen av både små og store inngrep som over tid vil avgjera om vi klarer å ta vare på det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort, er det ofte utbyggingsinteressene som vert sterkast vektlagt i beslutningsprosessane.

Endra driftsformer i jord- og skogbruk

Utviklinga i landbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men også fråflytting, brakklegging og attgroing. Dei største driftsendringane i jordbruket har skjedd dei siste 50 åra og mange kulturskapt naturtyper, m.a. slåtteenger og naturbeitemarker er i ferd med å forsvinna (Jordal 1997, Fremstad og Moen 2001). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag att, og vert til skog. Dette medfører m. a. at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går attende, og t. d. insekter knytt til desse plantene får også problem. I tillegg fører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt attende eller forsvinn heilt (Jordal 1997, Fremstad 1997). Bruken av kunstgjødsel var svært liten fram til 2. verdskrigen. Etter krigen auka bruken sterkt fram til 80-tallet. På grunn av desse endringane kan ei lang rekkje plante-, sopp- og insektsartar forsvinna eller bli svært sjeldne, for over 30 % av dei norske raudlisteartane er knytt til kulturlandskapet (DN 1999b). I skogbruket har hogst gjennom mange hundre år redusert mengda av daud ved av ulike dimensjoner og med ulik nedbrytingsgrad. Urskog er i dag bortimot forsvunne, og gammelskog med mykje daud ved utgjør små areal. Område med biologisk verdifull skog, m. a. edellauvskog, har dei siste 50-100 åra i aukande grad vorte erstatta med gran, og sumpskog og myr har vorte drenert.

Spreiing av framande organismar

Menneskeskapt spreiiing av organismer som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema, er eit aukande problem - både for vern av biologisk mangfald og med omsyn til verdiskaping. Innførte artar er ikkje tilpassa dei naturlege økosystema, og mange vil døyt etter kort tid. Men dei som greier å etablere seg, har ofte ikkje naturlege fiendar som regulerer populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001a). Dette kan føra til at dei utkonkurrerer andre artar, og at heile økosystem vert endra. Gjennom signering og ratifisering av Riokonvensjonen, har Noreg forplikta seg til m. a. å hindra innføring av, kontrollere eller utrydda fremande artar som trugar økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h).

Platanlønn er eit treslag som vart innført som pryd- og tuntre for rundt 250 år sidan. I dag har platanlønn etablert seg mange stader i Haram. Platanlønn er svært konkurransesterk, og vil truleg utkonkurrere mange andre lauvtreslag, m.a. hassel. Platanlønn vil truleg ha ein negativ innverknad på det biologiske mangfaldet på lengre sikt, og bør derfor helst fjernast før dei tek til å setta frø. Kor realistisk dette er, vil vera avhengig av innsatsen, truleg har vi eit problem. **Mink** er ein annan art som er komen til og har spreidd seg i kommunen sin fauna dei siste 30-50 åra.

Overhausting

Hausting av naturressursar er eit gode så lenge det foregår innanfor økologisk forsvarlege rammer. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Dersom aktiviteten rammar artar med nøkkelfunksjonar, kan ringverknadene verta store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vera eit trugsmål mot arten sin vidare eksistens. I Noreg er eksempla på overhausting i nyare tid særleg å finna i havet.

Forureining

Dette kan opptre både i form av lokale utslepp, i form av langtransportert forureining som sur nedbør og radioaktivitet, og i form av utslepp som kan påverka heile kloden, som klimagassar og ozonnedbrytande stoff.

Lokale utslepp skuldast ofte landbruk eller kloakk. I Haram er slike utslepp eit trugsmål mot m.a. raudlistearten elvemusling i Tennfjordelva, som strevar med grønske og vassplanter fordi vassdraget får tilført for mykje næring i nedbørfeltet. Truleg greier ikkje muslingane å formeira seg, men fordi dei kan bli så gamle, merkar vi ikkje at bestanden er i fare.

Langtransportert forureining frå andre land fører også til forsurening av innsjøer og elvar i Sør-Noreg, men forsuringa har ikkje gjort merkbar skade på naturen i Møre og Romsdal. Det vert likevel reist spørsmål om nitrogenedfall kan ha ein effekt i svært næringsfattige økosystem som kystlynghei.

Eventuelle klimaendringar vil også kunne påverka naturen vår. I Noreg viser prognosar at det kan bli meir nedbør i vårt fylke. Temperaturen kan truleg stiga over heile landet. Stormar kan bli meir vanlege, særleg i vår landsdel. Verknadene vil vera størst for fjellartar, og for varmekjære artar som har nordgrense for utbreiinga si i Noreg. Artar som har nordgrensa si i Noreg, t. d. mange varmekjære planter, soppar og insekt, vil kunne få ei større utbreiing. Haram har i dag mange nordgrenser for sørlege artar, som vil kunne utbreia seg vidare nordover.

Forvaltning av biologisk mangfald i kommunane

Verneområde

Haram kommune har fleire verneområde i grunne havområde, havstrand, myr og edellauvskog. Tidlegare har Staten hatt ein vesentleg del av forvaltningsansvaret for verneområda, men meir av dette ansvaret vert no gradvis overført til kommunane.

Resterande areal

På dei resterande delene av arealet i Haram kommune er landbruket, kommunen, det øvrige næringslivet og grunneigarane dei viktigaste aktørane. Kommunen har ei sentral overordna rolle fordi han er ansvarleg for ei samla og langsiktig arealdisponering. I tillegg kan han ekspropria, og er lokal skog- og landbruksmyndighet med ansvar for planlegging, vegleiing og informasjon.

Dei resterande areala må i første rekkje forvaltast av kommunen gjennom bruk av Plan- og bygningslova (PBL). I arealplanlegginga har kommunen eit ansvar for kartlegging og forvaltning av biologisk mangfald. Derfor er det viktig å få kunnskap om og oversikt over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. Meir kunnskap gjev eit bedre vedtaksgrunnlag når avgjerdsler om utnytting av naturområde skal takast. Ifølgje St. meld. nr. 42 skal kommunane heretter utøva ei kunnskapsbasert naturforvaltning.

Aktiv sikring

Kommunane har dei juridiske virkemidla som trengst for å verna område (PBL §25-6 for regulering til spesialområde naturvern), men desse er lite brukt. Årsaka er ei frykt for å påføra kommunen eit erstatningsansvar overfor grunneigarar og andre som har rettar i områda.

Passiv sikring

Kommunen kan styra unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når ein skal byggja ut eller foreta naturinngrep. Ofte har ein alternative plasseringar for tiltak, og ein bør da velgja det som har minst negativ påverknad på det biologiske mangfaldet. Identifiserte område som er viktige for biologisk mangfald skal vektleggast i planlegginga i kommunane (MD 2001b).

Grunneigaravtalar

Frivillige avtalar har den fordel at konfliktgraden ofte er låg og at ein unngår erstatningskrav. På lang sikt er slike avtalar ofte noko usikre, mellom anna i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår. Frivillig vern i skogbruket er likevel ei interessant ordning dersom ho kan nyttast til å sikra verdifulle skogsområde. Denne ordninga inneber juridisk bindande avtalar og utløyser erstatning.

Virkemiddel i landbruket

Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet. For å oppnå areal- og kulturlandskapstillegg er det ikkje høve til å gjera større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. I tillegg vert det gjeve økonomisk støtte til tiltak som går ut over det ein reknar som vanleg landbruksdrift, t. d. skøtsel av slåtteenger, naturbeitemarker, styvingshager m.m. Denne ordninga er frå 2004 overført til kommunane. Det er svært viktig at kommunane brukar dette høvet aktivt til å ta vare på biologiske verdiar i kulturlandskapet, og ikkje berre hus og kulturminne. I skogbruket vert det i tillegg til naturtyperegistreringar også utført Miljøregistreringar i skog (MiS), som gjev grunnlag for å velgja ut nullhogstområde, eventuelt spesielle hogstmetodar for å ta miljøomsyn. MiS-registreringar er ein del av

sertifiseringa av skogeigar. Det kan gjevast tilskot (av kommunen) etter søknad etter §6 i Forskrift for nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Tilskot vert gjeve til meirkostnader som følgje av økonomisk tap for å avstå frå hogst eller leggja om skogsdrifta, det vert da inngått minimum 10 års avtale med kommunen.

Formålet med rapporten

Hovudformålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet (jfr. metodikk-kapitlet).

Nokre begrep

Beitemarkssopp: grasmarkstilknytta soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker.

Biologisk mangfald omfattar mangfald av

- naturtypar
- artar
- arvemateriale innanfor artane

Edellauvskog: skog med vesentlig innslag av dei varmekjære lauvtreslaga (alm, bøk, ask, spisslønn, lind, svartor, eik og hassel). I Haram er det alm, svartor og hassel som er aktuelle. Desse treslaga krev ein gjennomsnittstemperatur for perioden juni-september på 11-13 °C, medan gran og furu greier seg rundt 8-9 °C og fjellbjørk toler heilt ned i 7-7,5 °C (Hafsten 1972).

Eutrof: Næringsrik, vert m.a. bruka om ferskvatn som er påverka av næringstilførsel. Det kjem da inn ei rekkje næringskrevande artar.

Høgmyr: Myrtype der plantene får næring berre frå regnvatn, og der torvopphoping gjer at høgaste punkta ligg inne på myra. Ein viktig myrtype på kysten kallast atlantisk høgmyr.

Indikatorart (signalart): ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der den lever. Ein god indikatorart er vanleg å treffa på når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisera ein verdifull naturtype bør helst ha fleire indikatorartar.

Jordvassmyr: Myrtype der plantene får næring frå vatn som har vore i kontakt med mineraljord, til forskjell frå nedbørsmyr.

Kontinuitet: i økologien bruka om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreia seg om gjentatt årleg forstyrning i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t. d. dreia seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

Mesotrof: Ein mellomting mellom eutrof og oligotrof, svakt næringsrik, vert m.a. bruka om ferskvatn som er litt påverka av næringstilførsel. Det kjem da inn ei einskilde næringskrevande artar.

Naturbeitemark: Gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark".

Natureng: I snever forstand gamle slåttemarker med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar vert omgrepet bruka i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttemarker og naturbeitemarker.

Naturengplanter: Planter som er knytta til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker, og er dermed ein parallell til beitemarkssoppane.

Nedbørsmyr: Myrtype der plantene får næring berre frå regnvatnet, sjå og høgmyr.

Nøkkelbiotop: Ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar, eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett vert tilfredsstilt andre stader i landskapet.

Oligotrof: Næringsfattig, vert bruka om ferskvatn som ikkje er påverka av næringstilsig.

Ombrotrof myr: Det same som nedbørsmyr, myrtype der plantene får næring berre frå regnvatnet, sjå og høgmyr.

Oseanisk: Som har å gjera med kysten og havet. Vert bruka om eit klima med mild vinter og kjøleg sommar, dvs. liten forskjell mellom sommar og vinter. Oseaniske planter og oseaniske vegetasjonstypar trivst best i eit slikt klima.

Raudliste: Liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (DN 1999b).

Rikmyr: Jordvassmyr (sjå denne) med høg pH, ofte på grunn av lettforvitrelege basiske bergartar i grunnen. I denne myrtypen finst ei rekkje orkidéar, andre planter, mosar og anna som trivst berre i myr med høg pH.

Signalart: vert i denne rapporten bruka omtrent synonymt med indikatorart.

Tradisjonelt kulturlandskap: Dominerande typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding og lyngheiskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som naturenger og naturbeitemarker, hagemark, slåttelundar og lynghei.

Truga artar: Artar som er oppførte på den norske raudlista, også kalla raudlisteartar.

Undervasseng: Vegetasjon av planter som er neddykka i saltvatn eller brakkvatn, helst på stader med roleg vatn som i grunne vågar og avsnørte brakkvasspollar. I Haram finst m.a. ålegrasenger.

METODAR OG MATERIALE

Innsamling av informasjon

Informasjonen kjem dels frå innsamling av eksisterande kunnskap, dels frå feltarbeid i samband med dette prosjektet, i første rekkje utført av forfattarane. I hovudsak kan ein seia at arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

Eksempel:

- ein registrerer ikkje alle strender, men t. d. større strandengområde
- ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t. d. artsrike naturbeitemarker
- ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t. d. næringsrike vatn i låglandet
- ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t. d. rik edellauvskog med alm eller hassel og mange varmekjære planter
- ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t. d. artsrike nordvende berg med sjeldan og kystbunden lavflora

Fiskekartlegging inngår ikkje i dette metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område. Handbøkene i kartlegging av ferskvatn (DN på Internett) og marine miljø (DN 2001) er ikkje nytta.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må setta seg inn i eksisterande kunnskap, så samla inn ny kunnskap (feltarbeid), deretter systematisera materialet, prioritera lokalitetane og til slutt presentera dette på kart og i rapport eller liknande.

Litteratur

Det er leita systematisk i litteratur som kan tenkjast å ha informasjon frå Haram. Dette har vorte lettare å få oversikt over frå år 2000, da underteikna saman med Geir Gaarder på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal har laga eit utkast til litteraturliste over naturen i fylket. Denne databasen er søkbar på kommune, og skal etter planen liggja på Fylkesmannens heimesider på Internett frå etterjulsvinteren 2001. Eit søk på Haram i databasen er presentert i litteraturoversikta attast i rapporten.

Oversikt over viktige litteraturkilder med kommentarar

Tabell 3. Dei viktigaste skriftlege kjeldene som er bruka for å kartleggja eksisterande naturinformasjon frå Haram, med kort skildring av innhaldet. Sjå litteraturlista for fleire kjelder.

Kjelde	Kommentar
Aksdal (1994)	Omtalar verdifulle kulturlandskap
Bendiksen m. fl. (1997)	Omtalar raudlisteartar av sopp, mange er kjent frå Haram
Bugge (1993)	Omtale av eikeskog på Grytastranda og hasselskog på Nordøyane, verneforslag for Myskjeurdene og Grytahatlen
Dahl (1895)	Undersøkte botanisk ei rekkje lokalitetar på Nordøyane, Synnaland, Gamlem m.m., eigentleg den første undersøkinga av biologisk verdifulle område i kommunen
Folkestad (1976a)	Skildrar naturkvalitetar i Haram kommune
Folkestad (1978)	Gjennomgang av viktige våtmarkslokalitetar
Folkestad & Loen (1998)	Skildrar fleire sjøfuglområde i kommunen
Fremstad m. fl. (1991)	Fagrappport kystlynghei, omtalar mange lokalitetar
Fylkesmannen i MR (1988)	Verneplanen for myr, omtalar myrer på Haramsøya, Flemsøya og Fjørtofta
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernadv. (1999)	Naturbasen, utskrift for Haram m. kart
Fægri (1960)	Utbreiingskart for kystplanter, nokre artar er også kjent frå Haram
Fægri & Danielsen (1996)	Utbreiingskart for søraustlege planter, nokre artar er også kjent frå Haram
Gjershaug m. fl. (1994)	Viser detaljerte kart over alle norske hekkefuglar
Gaarder & Jordal (2001)	Gjennomgang av funn av raudlisteartar i fylket av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl, nokre også frå Haram
Gaarder m. fl. (2001)	Omtalar ei rekkje viktige naturtypar i Møre og Romsdal, som eit supplement til DN (1999a), mellom desse fleire viktige typar i Haram
Holten m. fl. (1986)	Fagrappport havstrand, omtalar 11 strandområde
Jordal (1993)	Nemner nokre soppfunn frå Haram
Jordal & Gaarder (1993, 1995)	Nemner område og funn inkl. raudlisteartar frå beitemark
Jordal & Gaarder (1999)	Oppsummering av undersøkte kulturlandskap
Korsmo (1975)	Omtale av eikeskog på Grytastranda
Kaalaas (1911)	Omtalar ei rekkje mosefunn i kommunen
Moen (1984)	Behandlar verdifulle myrområde i fylket, m. a. dei store myrområda på Nordøyane
Oterhals (1996)	Utkast til verneplan for havstrand og elveos
Steien (1984)	Bibliografi dels sortert på kommunar
Størmer (1967, 1969)	Behandlar mosar med kystutbreiing.

Museumssamlingar, databasar, Internett

Lav- og soppdatabasane ved Universitetet i Oslo er sjekka på Internett. Underteikna har vidare motteke utskrift frå herbariedatabasane når det gjeld regionalt sjeldne planter. Likeeins er det brukt eigne databasar om litteratur, raudlisteartar, vassplanter, kransalgar, regionalt sjeldne planter m.m.

Innsamling frå personar

Ei rekkje einskildpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Haram. Noko er innsamla. Det er eit stort arbeid å samla all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne bruka noko meir tid til dette.

Eigne registreringar av biologisk mangfald i kommunen

I 1992-1999 har rapportforfattaren saman med Sigmund Sivertsen og Geir Gaarder undersøkt ein del kulturlandskapsområde i kommunen (Jordal & Gaarder 1993, 1995, 1999). I tillegg har Gaarder & Jordal (2001) samla opplysningar om raudlisteartar av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfuglar frå alle kommunar i fylket inklusive Haram. Dette er sidan oppdatert fleire gonger. Feltarbeidet i samband med denne rapporten er truleg den delen av prosjektet som får størst verdi for kommunen på lengre sikt, sidan mykje ny kunnskap er samla og systematisert.

Eit utval lokalitetar er registrert meir detaljert. Det er laga lister for dei kartlagte lokalitetane for alt som er bestemt (planter, sopp, mosar).

Interessante fugle- og dyreobservasjonar er notert i samband med alt feltarbeidet.

Artsbestemming og dokumentasjon

Artsbestemming av planter er gjort ved hjelp av Elven m. fl. (1994), og norske namn følgjer også denne utgåva. Bestemming av sopp er utført ved hjelp av stereolupe, stereomikroskop og diverse litteratur. For raudskivesopp (*Entoloma*) har ein brukt Noordeloos (1992, 1994). For andre artar har ein brukt Hansen & Knudsen (1992, 1997, 2000) og Ryman & Holmåsén (1984). For vokssopp har ein brukt Boertmann (1995). Norske namn på sopp følgjer Gulden m. fl. (1996) med seinare tillegg. Følgjande personar har hjelpt til med bestemming av sopp: Tor Erik Brandrud og Perry G. Larsen. Bestemming av mosar er gjort m.a. ved hjelp av Hallingbäck & Holmåsén (1985) og Damsholt (2002). Dr. scient. Kristian Hassel har delteke i feltarbeid og hjelpt til med bestemming og kontroll av viktige funn. Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog m. fl. (1994), Moberg & Holmåsén (1986) og Tibell (1999). Særleg interessante funn (planter, sopp, lav) er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Mosar er sendt til Vitenskapsmuseet, NTNU, Trondheim. Vitskaplege namn følgjer dei publikasjonane vi har bruka i arbeidet. Namnsetting av fugl følgjer Gjershaug m. fl. (1994).

Vegetasjonstypar

Inndeling av vegetasjonstypar følgjer Fremstad (1997) i grove trekk. Eit unntak er inndelinga av vegetasjon på havstrand. Holten m. fl. (1986) nyttar eit meir detaljert system, og ein har ikkje gjort forsøk på å konvertera desse til Fremstad sine typar, men nyttar dei slik dei er skildra i rapporten.

Verdsetting og prioritering

Generelt

Ved verdsetting av naturmiljøet blir det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdsetta einskilde naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne, er viktigere å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang, er viktigare å ta vare på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang

Kriteriar og kategoriar

Ein viser her berre til verdsettingskriteria i DN (1999a). Kategoriane her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria for naturtypar og raudlisteartar innarbeidde, det gjeld også kriteria frå vilthandboka (DN 1996). Kriteria gjev heilt klart rom for ein del skjøen. Ein del lokalitetar som truleg ikkje bør koma i kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. Kriteria for C - "lokalt viktig" er ikkje presentert i handboka. For å koma i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t. d. førekomst av artar som er sårbare eller truga på raudlista, eller dei må vera særleg velutvikla og artsrike. For å koma i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vera oppfylte.

Avvik frå DN-handboka i denne rapporten

For det første har vi brukt ein naturtype som ikkje er omtala i DN-handboka, nemleg Berg/rasmark: nordvendte kystberg (faktaark hos: Gaarder m. fl. 2001), denne er nærare skildra under omtalen av dei ulike hovudnaturtypepane lenger bak.

Rapporten avvik vidare frå DN-handboka på nokre punkt (som truleg vert endra ved ein komande revisjon):

- DN-handboka vil føra alle rike edellauvskogar nord for Sogn og Fjordane til kategori A (svært viktig)
- DN-handboka vil føra alle naturbeitemarker med raudlisteartar i kategori A (svært viktig)

Desse kriterier gjer det vanskeleg å skilja mellom lokalitetar som klart er heilt ulike, og som bør verdsettast ulikt. Når det gjeld rik edellauvskog er ein ikkje usamd i at lokalitetane blir sjeldnare nordover, men grensa for å føra alle lokalitetar i kategori A bør flyttast nordover, i det minste nord for Møre og Romsdal. Når det gjeld naturbeitemarker meiner vi at krava for å koma i kategori A bør vera noko strengare.

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av rik edellauvskog:

- A (svært viktig)** større, velutvikla edellauvskog med mange varmekjære planteartar (m. a. almlindeskog), eller førekomst av raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga
- B (viktig)** mindre velutvikla edellauvskog med nokre varmekjære planteartar, ofte med førekomst av raudlisteartar i kategori sjeldan eller hensynskrevande
- C (lokalt viktig)** mindre skogparti med spreidde edellauvtre og få varmekjære planteartar (t. d. dårleg utvikla gråor-almeskog)

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av naturbeitemarker:

- A (svært viktig)** velutvikla lokalitetar med mange indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, førekomst av raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga
- B (viktig)** lokalitetar med ein del indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, ofte med førekomst av raudlisteartar i kategori sjeldan eller hensynskrevande
- C (lokalt viktig)** lokalitetar som er små eller litt atgrodde eller dårleg utvikla, og med relativt få indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling.

Viltlokalitetar

Dette prosjektet har og omfatta midlar til viltkartlegging, som er nytta til ei oppdatering av grunnlagsmaterialet i kommunen sitt viltkart. Storvilt er ikkje prioritert i denne omgang, sidan kunnskapen om dette i stor grad sit lokalt. Innsamling av data om hekkeområde for t. d. sjøfugl, rovfugl, hakkespettar, lommar eller ugler er prioriterte i prosjektet (viltobservasjonar). Elles er viktige overvintringsområde for sjøfugl med. Ein viser til handbok i viltkartlegging (DN 1996).

Bruk av raudlisteartar/signalartar

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det av og til oppramsa mange artar som er funne på staden. Dette kan vera for å illustrera trekk ved t. d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdsetta lokaliteten. Nokre artar blir lagt særleg mykje vekt på i verdsettinga. Desse er:

- raudlisteartar
- signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel i rapporten. Desse inngår i verdsettinga av lokalitetar. Signalartar vert kort omtala her. Nedanfor vert det oppramsa ein del artar som er brukt som signalartar og vektlagt i verdsettinga.

Edellauvskog: t. d. svarterteknapp, breiflangre, ramslauk, sanikel, vårmarihand

Rikmyr: breiull, engstorr, loppestorr, jåblom, gulstorr, stortviblad

Havstrand: havstorr, ishavstorr, bogestorr, småhavgras

Naturbeitemark: ei rekkje artar definerte som anten naturengplanter eller beitemarkssopp hos Jordal & Gaarder (1995).

Bruk av truga vegetasjonstypar

Ein rapport om vegetasjonstypar som er truga nasjonalt (Fremstad & Moen 2001) er bruka som støtte i verdsettinga.

Område med dårlege data eller usikker status

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om, eller som er undersøkte men ikkje prioriterte, er samla i kapitlet "Område med dårlege data eller usikker status". Ein kan her berre visa til behovet for vidare kartlegging.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte:

- lokaliteten er ikkje undersøkt, kanskje avstandsbetrakta med kikkert, eller ein har for dårlege data om lokaliteten

- lokaliteten er undersøkt, men ein har så langt ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar til å avgrensa lokaliteten
- DN-handboka om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påvist på vedkomande lokalitet

Presentasjon

Generelt

Det er laga ein generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar, samt litt historikk omkring utforskinga av Haramnaturen, er samla i eit kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel, og i tillegg har ein presentert kva artar frå Haram som Norge har eit særskilt ansvar for i internasjonal samanheng. Deretter kjem med betraktningar og omkring kvaliteten på datagrunnlaget etter den kunnskapen som no er samla. Sist i rapporten er presentert litteraturliste for Haram og ulike artslistar. Dette er både artslistar for heile kommunen for planter, sopp, lav og mosar, men i tillegg også ein del artslistar frå einskildlokalitetar.

Områdeskildringar

Dei einskilte lokalitetane er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Ein har her i store trekk følgd DN (1999a) med nokre justeringar. I dette kapitlet er områda sorterte slik at geografisk nærliggjande lokalitetar hamnar saman. Lokalitetsnummer i dette prosjektet er velt frå 1 og oppover. Truslar nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T. d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel. For dei fleste lokalitetar kan fysiske inngrep verta ein trussel før eller seinare.

Kartavgrensing

Alle nummererte lokalitetar er innteikna på manuskart som er overlevert til kommunen, som så har sørga for å få dei digitalisert. Avgrensingane vert ikkje alltid så nøyaktige som ønskjeleg. Ein må oppfatta avgrensingane som omtrentlege og orienterande. I tilfelle planer om nye tiltak eller inngrep bør ein foreta befarings for å få ei meir detaljert avgrensing.

NATURGRUNNLAG

Historikk omkring utforskinga av Haram-naturen

Før 1900

Dei truleg første skriftlege skildringane av Haram-naturen er frå siste halvdel av 1700-talet, da opplysningspresten Strøm kom med sine skildringar av natur og kultur. Jord og skog var tema for fleire publikasjonar på 1800-talet, m.a. Schiøtz (1871) "Om Skovforholdene i Romsdals Amt". På slutten av 1800-talet vart det publisert fleire interessante plantefunn (Blytt 1874, 1876). Dahl (1895) utforska mange område på Sunnmørskysten botanisk, m.a. Haramsøya, Flemsøya, Lepsøya og Hildrestranda. Dette er dei første undersøkingane som har kome til nytte i denne rapporten.

Etter 1900

Simonnæs (1906) skeiv om Tennfjordelva som fiskeelv. Dette var handskrivne skildringar av ei rekkje vassdrag i fylket etter ein fast mal, og dei finst i fiskearkivet hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Kaalaas (1911) presenterte dei første resultatane av utforskinga av mosefloraen i kommunen, særleg fann han interessante kystartar ved Gamlemsveten. Hagen (1908, 1914, 1915, 1929) og Jørgensen (1919, 1934) skildra og ein del mosefunn i kommunen.

I 1911 kom A. Helland si monumentale "Topografisk-statistisk beskrivelse over Romsdals Amt" med ein del informasjon om Haram-naturen. Goksøy (1939) nemner einskilde interessante plantefunn frå kommunen. Rogne (1947) skreiv om plantelivet i Haram bygdebok.

Vold (1953) skreiv hovudfagsoppgåve i botanikk om høgdegrensene til plantene på Sunnmøre, og gjorde undersøkingar også i Haram. Lid (1955) nemner innsendte funn av havburkne frå Haram. Med Fægri (1960) sin klassiske gjennomgang av kystplantene i Noreg med utbreiingskart, vert den typiske kystfloraen i Haram betre belyst. Gjærevoll (1960) skildrar ein tur Trøndelagsavdelinga av Norsk Botanisk Forening hadde til Sunnmøre, og m.a. Vatne, i 1959. Det vart da gjort fleire interessante funn av meir sjeldne planter. Mathiesen (1961) skreiv om funn av uvanlege myrplanter som myggblom og engmarihand i Haram. Han var sorenskrivar i Ålesund ei tid, budde på Eidsvik, og var ein ivrig amatørbotanikar som gjorde mange viktige funn, særleg på myr.

Når det gjeld fuglar og pattedyr, er det lite data mellom Strøm sine skildringar og 1950-talet. Wildhagen (1949) skildrar spreinga av mink i Noreg, og nemner også Haram. Willgohs (1955) har den første faglege skildringa av sjøfugl i kommunen. Folkestad (1963) representerer den første rapporten frå det moderne, faglege orienterte amatørornitolog-miljøet som vaks fram i fylket på 1960- og 70-talet. Dette skaut fart på 1970-talet, m.a. med omfattande undersøkingar av hekkande sjøfugl (Folkestad 1972a, 1972b, 1972c, Folkestad m. fl. 1972, Johansen 1974) og overvintrande sjøfugl (Folkestad 1973a, Folkestad & Follestad 1973, 1974).

I 1969 kom Per Størmer med ei avhandling om mosar med ei kystutbreiing i Noreg, der det også var med einskilde funn frå Haram, men var i stor grad ei gjentakning av funn gjort av Kaalaas (1911).

På midten av 1970-talet kom dei første forvaltningsretta publikasjonane, som gjerne var laga med tanke på vern av natur eller statlege verneplaner. Dette hadde samband med oppretting av Miljøverndepartementet. Nakken (1975) laga rapport til Miljøverndepartementet om fuglelivet på Lepsøya, medan Røsberg (1975) undersøkte plantelivet same stad. Harald Korsmo gjorde fleire registreringar av potensielt verneverdige edellauvskogar i 1974, først og fremst eikelokalitetar på Grytastranda (Korsmo 1975). Botanikaren Asbjørn Moen starta arbeidet med kartlegging av verdifulle myrområde (1975) som vart fullført 9 år seinare (Moen 1984, Singaas 1985). I 1976 kom Alv Ottar Folkestad med kommunevise rapportar om område av interesse for friluftsliv og naturvern i fylket, såleis også ein rapport som omhandla Haram. Dette er den første samla framstillinga av verdifull natur i kommunen (Folkestad 1976a). Folkestad (1978) var den første samanstillinga av viktige våtmarksområde i fylket, og var grunnlaget for verneplanen for våtmark (Fylkesmannen 1982). Fiskeribiologiske granskingar kom i gang på 1970-talet, m.a. Hvidsten (1979, Slyngstadvatnet), Sægrov & Waatevik (1979, Vatnevatnet), Hvidsten (1981, Søvikvatnet).

Utover 1980-talet auka talet på titlar sterkt, om tema som ferskvassbiologi, botanikk, fugl osv. I 1986 kom rapporten om verdifulle strandområde i Møre og Romsdal (Holten m. fl. 1986), der også lokalitetar i Haram vart

skildra. I 1993 kom Fylkesmannen i Møre og Romsdal med forslag til verneplan for edellauvskog i fylket, med Grytahaugen og Myskjørene (Bugge 1993). I 1994 kom ein rapport om kulturlandskap av nasjonal verdi i fylket vårt, ført i pennen av Siv Aksdal ved Fylkesmannen i Møre og Romsdal, med omtale av m.a. Ullaområdet og nordre del av Skuløya/Flemsøya. I 1996 kom Fylkesmannen i Møre og Romsdal med forslag til verneplan for havstrand og elveosar i fylket, med fleire omtala lokalitetar i Haram. Av relevans for dette prosjektet er det elles at Fylkesmannen har gjeve ut ein samlerapport om registreringar av verdifulle kulturlandskap (Jordal & Gaarder 1999) og ein om raudlistearter (Gaarder & Jordal 2001). Elles har det i løpet av 80- og 90-talet kome ei rekkje publikasjonar om ferskvassfisk, geologi, marinbiologi, og slike som nemner Haram i forbifarten anten det er omtale av særskilte pattedyr, fuglar, planter, mosar m.m.

Mykje av historia omkring utforskinga av naturen i Haram kan lesast ut av dei litteraturtitlane som er refererte attast i rapporten.

Landskap m.m.

Haram er ein av kommunane i Sunnmøre fogderi, som er ein del av Møre og Romsdal fylke. Landarealet er oppgjeve til 260 km². Spennvidda i naturtypar er likevel stor, frå djupe fjordar via grunner, holmar, skjær, strandberg, strender, jordbrukslandskap, skog, myr og hei til snaufjell med eit nokså alpint preg opp til 1062 meter over havet. I ytre/vestre deler er landskapet prega av avrunda former og mindre fjell, medan indre og austlege deler dels har høge fjell og nokre meir kvasse tindar. Etter siste istida vart Haram isfri for rundt 12-13000 år sidan, sist i indre deler (Nasjonalatlas for Norge, kartblad 2.3.4). Etter den tid har landet heva seg rundt 20-40 meter, mest i indre strok (Nasjonalatlas for Norge, kartblad 2.3.3).

Tabell 4. Nokre geografiske data for Haram kommune. Kjelder: Statistisk sentralbyrå 2001, Haram kommune.

Parameter	Verdi
Areal	256,6 km ² (av dette fastland 200,9)
Del av fylket sitt areal	1,7 %
Jordbruksareal	18 km ²
Skogareal	62 km ²
Myrareal	7 km ²
Høgaste punkt	1062 m o. h. (Blåskjerdingen)
Største havdjup	259 m (Midfjorden)
Kystline	fastland: 112 km, øyar 188 km
Talet på øyar	294 (55,7 km ²)
Talet på ferskvatn (samla areal)	131 (totalt 6,6 km ²)
Areal 0-150 m o.h.	116 km ² (45,4%)
Areal 150-300 m o.h.	56 km ² (21,7%)
Areal 300-600 m o.h.	65 km ² (25,4%)
Areal 600-900 m o.h.	19 km ² (7,4%)
Areal >900 m o.h.	1 km ² (0,3%)

Klima

I det store og heile er klimaet i Haram nokså kystprega (oseanisk). Eit typisk trekk ved eit oseanisk klima er milde vintrar og relativt liten skilnad på sommar- og vintertemperatur. På verstasjonane på Hildre og i Brattvågen ligg temperaturen på nærare 2°C som gjennomsnitt for januar, og dette er faktisk om lag det same som, eller over, fleire stasjonar på ytterkysten. Gjennomsnittstemperatur for juli-august kjem ikkje over 13°C. Vidare er det relativt mykje nedbør (årsnedbør 1400-1550 mm er ganske mykje). Det er også hyppig nedbør, 220-240 dagar med nedbør >0,1 mm i løpet av året. Kjelde: Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjonen og floraen i kommunen viser da også mange oseaniske trekk, ved at ei rekkje kystplanter er vanlege over det meste av kommunen.

Tabell 5. Temperaturnormalar for Haram i perioden 1961 – 1990. Kjelde: http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal.

Nummer	Stad	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
61040	Hildre	13	2,0	1,7	2,8	4,5	8,2	10,9	12,5	12,8	10,7	8,5	4,6	3,0	6,9
61045	Haram - Brattvåg	25	1,8	1,6	2,7	4,5	8,3	11,0	12,6	12,9	10,7	8,4	4,6	2,9	6,8

Tabell 6. Nedbørnormalar for Haram i perioden 1961 – 1990. Kjelde: http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal.

Nummer	Stad	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
61040	Hildre	13	108	89	97	78	62	76	94	122	186	183	165	150	1410
61045	Haram - Brattvåg	25	119	98	107	85	68	84	103	134	205	200	182	165	1550

Geologi

Berggrunnskart i målestokk 1:250.000 finst tilgjengeleg for området (Tveten m. fl. 1998). Det finst og mellombelse geologiske kart i målestokk 1:50000 for deler av kommunen i svartkvitt (kartblad 1220 III Brattvåg: Norges geologiske undersøkelse 1989). Mesteparten av kommunen er prega av relativt sure gneis- og granittbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet. Dette er nokså harde bergartar som forvitrar seint og gjev eit sparsamt og litt surt jordsmonn. Dette jordsmonnet får ein vegetasjon av planter som er tilpassa desse litt karrige tilhøva. Utanom grunnfjellbergartane finst yngre glimmerhaldige bergartar (glimmergneis, glimmerskifer), amfibolitt m.m. som er ein utløpar frå Trondheimsfeltet. Slike bergartar finst i små striper og flekkar langs nordlege fastlandsdelen i kommunen (m.a. Hildrestranda) og på Lepsøya og Haramsøya. Kalkkrevande planter er mindre vanlege i Haram, men finst m.a. på desse bergartane. Ultramafiske, olivinliknande bergartar er ikkje funne avmerka på geologisk kart, men synest å finnast som små flekker på Skuløya og Fjørtofta.

Lausmassar

Viktigaste kjelda om lausmassane i kommunen er kvartærgeologisk kart for Møre og Romsdal i målestokk 1:250 000 (Follestad 1995). Overdekninga av lausmassar varierer sterkt innanfor kommunen. Det er mykje fjell og berg som har eit svært tynt lausmassedekke eller ikkje i det heile. Lausmassane er i stor grad morenemasse frå siste istida, og desse finst over mesteparten av kommunen. Lausmasse avsett av elvar finst m.a. oppstrøms Vatnevatnet. I hei- og myrområda har det etter istida danna seg lag med torv, som er restar av plantemateriale som ikkje er fullstendig nedbrote. Slike torvlag finst m.a. på Haramsøya, Skuløya, Fjørtofta, og ved Gamlem og Hildre. Marine strandavsetningar finst ganske utbreidd på strekninga Brattvåg-Hildrestranda-Søvika og på Nordøyane. Strandflatene er i stor grad utnytta til jordbruksland. Lausmasseforekomstane på og nær strender er påverka av kor utsett stranda er for ver og vind. På eksponerte stader er ofte alle lausmassar vaska vekk slik at ein har berre blanke berget. På meir beskytta stader kan det vera bra med finare sediment, alt frå rullestein til fin sand og leire. Sand og leire finn ein helst på dei mest beskytta strendene.

Natur- og biogeografisk plassering

Nordisk Ministerråd (1984) deler Skandinavia inn i **naturgeografiske regionar**. Ytre deler av Haram høyrer hovudsakeleg til region 38 Den vestnorske lyngheiregionen, underregion 38c Nordvestkysten til Ålesund, indre deler av kommunen til region 37 Vestlandets lauv- og furuskogsregion, underregion 37f, Nordfjord og Sunnmøres fjordstrok.

Norge sitt kulturlandskap er inndelt i **landskapsregionar** som er definert og karakterisert av NIJOS (1993). For avgrensing av regionar i vårt fylke viser vi til kartet utgjeve av Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1998b). Haram tilhøyrer i denne samanheng dels region 20 (Vestlandets kystbygder, ytre deler av kommunen), dels region 21 (Vestlandets ytre fjordbygder, søraustlege deler av kommunen). Nordaustlege deler av kommunen (ytte deler av gamle Vatne kommune) kjem såvidt inn i region 26 (Fjordbygder i Møre og Trøndelag).

Biogeografi har å gjera med geografisk utbreiing av av artar og naturtypar. Viktigaste einskildfaktor er klimaet som varierer både med avstand frå kysten og høgde over havet. Det er også visse skilnader frå sør til nord i fylket. For meir presist å beskriva naturen på staden kan ein oppgje **vegetasjonssone** og **vegetasjonsseksjon**.

Vegetasjonssonar beskriv variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå og opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Vegetasjonssonar er beskrive av Moen (1998).

Følgjande vegetasjonssonar finst i Møre og Romsdal:

Boreonemoral sone (nordleg edellauvskog- og barskogsone)

Sørboreal sone (sørleg barskogsone)

Mellomboreal sone (midtre barskogsone)

Nordboreal sone (fjellskogsone)

Alpine soner (låg-, mellom- og høgalpin sone)

Vegetasjonen i Haram fordeler seg på alle sonene. Låglandet i vestlege deler av kommunen tilhøyrer i hovudsak boreonemoral sone. Bygdene og jordbruksområda i austlege deler av kommunen tilhøyrer den sørboreale sonen. Høgareliggjande skogområde tilhøyrer mellom- og nordboreal sone. Fjellområda tilhøyrer den alpine sonen (Moen 1998 s.94).

Omgrepet **vegetasjonsseksjon** blir bruka for å beskriva variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepet oseanisk blir bruka om vegetasjon og artar knytt til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad mellom vinter og sommar og fuktig, nedbørrikt klima, medan kontinental blir bruka tilsvarende om vegetasjon og artar knytt til innlandet, med kalde vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga baserer seg på Moen (1998).

Følgjande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

O3. Sterkt oseanisk seksjon: Her er det stort innslag av mosar, planter m.m. knytt til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørmengda er stor, og talet på dagar med nedbør er høgt. Seksjonen finst i ei stripe ytst på kysten som i vårt fylke er smal på Nordmøre og brei på Søre Sunnmøre. Sonen blir delt i to underseksjonar:

O3t. Vintermild underseksjon. Her finst ein del frostømfintlege planter, med purpurlyng som viktigaste indikator. Andre er heifrytle, blankburkne og vestlandsvikke. Denne underseksjonen finst berre i låglandet på ytterkysten omlag nord til Ålesund.

O3h. Humid underseksjon. Dette er resten av O3, og manglar dei mest frostømfintlege (termisk oseaniske) artane. Den alpine sonen er artsfattig som følgje av at det vantar ei rekkje fjellplanter m.m. som krev kvile under stabile vintertilhøve (kontinentale eller austlege artar).

O2. Klart oseanisk seksjon: Område med relativt høg årsnedbør, med noko lågare vintertemperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytt til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstok i fylket vårt.

O1. Svakt oseanisk seksjon: Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rekkje svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne vantar eller finst spreidd (t. d. rome). Dekkjer eit relativt smalt område i indre fjordstrok og dalføra innafor, frå Geiranger til Trollheimen.

OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar): Årsnedbør på 500-800 mm. Nokre svakt vestlege planter førekjem, innslag av ein del austlege planter og plantesamfunn, mellom anna tørrbakkesamfunn. Til denne seksjonen høyre berre nokre mindre område i austlege deler av Sunndal, Nettet og Rauma.

Vegetasjonen i Haram tilhøyrer i hovudsak sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h), men søraustlege deler av kommunen (Tennfjord, Vatne) tilhøyrer klart oseanisk seksjon (O2, resten av kommunen) (Moen 1998, s. 126).

HOVEDNATURTYPAR

DN (1999a) opererer med 7 hovudnaturtypar: havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, rasmark, berg og kantkratt, og fjell. Innanfor desse er det så skildra 56 prioriterte naturtypar. Dei typane som er viktigast i Haram, vert omtala nedanfor.

Havstrand/kyst

Haram er ein kyst-, fjord- og fjellkommune. Kommunen består av dels av fastland med ei strandline på 112 km, og dels øyar med ei strandline på heile 188 km. Langs mesteparten av denne strandlina er terrenget nokså bratt, og lausmassar er vaska vekk, slik at ein får strandberg. Strandberg skal berre registrerast som prioritert naturtype dersom dei er kalkrike, og det har vi ikkje funne til no. Somme stader finst små sandstrender med tarevollar. Der terrenget er flatt og erosjonen frå bølger liten, kan ein få opphoping av finsediment og strandenger.

Grunne straumar

Grunne straumar i sjøen finst i Haram m.a. i innløpet til Skulstadhavet og nær fjordbotnen i Vestrefjorden. Desse har ofte ein flora og fauna som er tilpassa gode straumtilhøve, men er generelt dårleg undersøkte.

Undervassenger

Dette kan vera vegetasjon i salt eller brakt vatn av ålegras, havgras m.m. I Haram er det kjent fleire stader der det veks ålegras, men ein har ikkje prioritert å kartleggja under havoverflata, dels fordi dette høyrer inn under handbok i kartlegging av marint mangfald.

Strandenger

Strandenger og strandsumpar oppstår i flate strandområde med større avsetningar av finsediment. Dei best utvikla strandengområda finst i tilknytning til elve/bekkeutløp (t.d. Tennfjordelva). På kysten finst spreidde lokalitetar m.a. på Fjørtoftneset

Sandstrand

Sandstrender er det ikke så mykje av i Haram. Dei som er best utvikla, og med innslag av sanddyner, ligg på austsida av Fjørtofta. Elles finst sandstrender m.a. på Haramsøya (Ulla), Løvsøya (ved kapellet) og nokre få stader på fastlandet (Hildre, Bjørlykke). Ofte har sandstrendene undervassenger utanfor og tarevollar i indre del.

Tarevollar

Berre større, velutvikla tarevollar skal registrerast, helst slike som har ein biologisk viktig funksjon for vegetasjon og fugl. Den viktigaste lokaliteten ligg på nordsida av Fjørtoftneset, men elles finst typen mange stader.

Brakkvassdelta

Dette er lokalitetar der ein bekk eller ei elv renn ut i sjøen og fører med seg lausmassar og næring. Slike lokalitetar er ofte viktige både for plantelivet og for fuglelivet. I Haram er det berre mindre elveutløp. Utløpet av Tennfjordelva er kanskje best utvikla, men utløpet av Vestreelva og Synnalselva har også små deltaområde.

Brakkvasspollar

Brakkvasspollar er sjøområde med lita og avdempa utveksling av saltvatn med havet utanfor pga. ei innsnøring eller ein terskel, og i tillegg tilførsle av ferskvatn som gjer vatnet brakt (mindre salt enn havet). Skulstadhavet er eit godt eksempel. Det tronge innløpet bremsar saltvasstilførsle og medfører demping og forseinking av flo og fjøre. I slike lokalitetar kan ein finna tilpassa brakkvassartar som t. d. østers. Brakkvassplanter som t.d. skruerhavgras er ikkje påvist i Haram. Botnen av Vestrefjorden har også ein terskel som gjer at det fungerer som brakkvasspoll.

Kulturlandskap

Jordbruket i kyst- og fjordstroka har ei historie som strekkjer seg meir enn 4000 år attende. Jordbruket i Haram er sikkert også svært gammalt. Mange av gardane i fjord- og dalstroka hadde setrar. Desse er i dag nedlagt og delvis attgrodd.

Lang kontinuitet i slått og beiting gjev tilhøve for mange beiteavhengige artar, særleg av planter og sopp. Desse er likevel svært vare for teknikkar i det moderne jordbruket, som oppdyrking, pløying, gjødsling og innsåing av innkjøpt frøvare. Mykje tidlegare udyrka eller overflatedyrka natureng vart fulldyrka etter 1900. Det som i dag er mest artsrikt, er gamle beitemarker som ikkje har vore oppdyrka. Desse finst no nokså spreidd rundt i kommunen. Dessverre går husdyrhaldet attende, og mange av dei attverande lokalitetane gror no att.

Kystlynghei

Dei eldste kjende lyngheiområda på Vestlandet vart skapt av brenning for rundt 4300 år sidan (Kaland 1986). Brenning eller sviing av lynghei har vore tradisjon somme stader. Dette er ei gammal driftsform i kyststrok heilt frå Portugal til Lofoten. I våre dagar er det derimot attgroing som pregar dette landskapet. Frå Portugal til Sørvestlandet er lyngheiane i våre dagar også påverka av nitrogen-nedfall, som gjer at lyngen dels vert oppeten av lyngbladbiller, og dels utkonkurrert av grasartar som smyle og blåtopp. Det europeiske lyngheilandskapet har dermed sine siste intakte utpostar på Vestlandet og i Trøndelag/Nordland. Her opplever ein også mykje attgroing. Eit av dei siste håpa for dette landskapet synest å vera drift med utegangarsau av gammalnorsk rase. Denne sauen kan gå ute og greia seg sjølv i snøfrie periodar, og et mykje lyng i vinterhalvåret. Det vil derfor vera viktig for framtida for lyngheiene at ein finn avsetnad for produkta frå utegangarsauen, og at ein finn ein balanse mellom dyrevernomsyn og tradisjonell driftsmåte. Det vil også vera viktig å finna måtar å brenna lynghei på når dette er påkrevd, som vert akseptert av brannvernomsyn og samstundes er muleg å gjennomføra i praksis. Fremstad m. fl. (1991) skildra fleire lokalitetar i kommunen. Store lyngheiområde finst framleis i Haram, men dei fleste er i attgroing (t.d. Hildredalen, Bjørnøya, Terøya, Løvsøya, Haramsøya, Flemsøya/Skuløya, strekninga Helland-Baraldsnes, Lauvøya, Meøya og Tennøya, og rundt Vestrefjorden).

Naturbeitemark

På litt djupare jord enn i dei skinnaste lyngheiene har det ofte danna seg grasdominert vegetasjon som følgje av beiting. I utmark på udyrka eller lett overflatedyrka jord har ein i lang tid, kanskje tusenvis av år sleppt dyra på slikt beite år etter år. I periodar kan det og ha vore drive slått på slike stader. Beitemarker som er lite påverka av jordarbeiding og gjødsling, kallar ein naturbeitemark. Her finn ein ei rekkje engplanter, og da særleg om jorda er kalkrik. Her finn ein også ei rekkje artar av beitemarkssopp. Mange av desse er sterkt truga av at leveområda forsvinn i heile Europa. Anten vert jorda dyrka og drifta intensivt, eller drifta opphøyrer med attgroing som konsekvens. I Haram er det framleis noko areal som er intakt, særleg på Nordøyane, og da ofte i mosaikk med kystlynghei. Også på Synnaland finst svært viktige og kalkrike naturbeitemarker med m.a. den sjeldne planten kystblåstjerne, og desse vert i hovudsak beita av hestar som tilhører ein einaste brukar. Det vil vera ei stor utfordring å bevare kontinuiteten i husdyrhaldet slik at mangfaldet som finst i naturbeitemarkene vert teke vare på. Dette er ei komplisert oppgåve fordi det omfattar alt frå landbrukspolitik og sosiologi til naturforvaltning.

Kalkrike enger

Baserike grasmarker vert klassifisert som kalkrike enger sjølv om dei samstundes oftast er naturbeitemarker. Slike enger er ofte sers artsrike, og Haram har innslag av denne naturtypen i fleire av kystlyngheiene, t.d. på Nordøyane. Elles er det fint utvikla kalkrike enger t.d. på Vika og Djuvika på Synnaland med både den haramske spesialiteten kystblåstjerne og andre sjeldne artar.

Ferskvatn

Dei fleste ferskvatna i Haram ligg i fjellet, og er næringsfattige. I låglandet ligg m.a. Slyngstadvatnet, Vatnevatnet og Reitevatnet, som alle er næringsfattige (Vatnevatnet kan kanskje vera svakt næringsrikt i periodar). Elles har ein teke med dammar på vestsida av Løvsøya med den sjeldne og raudlista planten toppstorr. I låglandet er det elles mest berre lokalitetar med rennande vatn som er aktuelle. Fleire elvar og bekkar kunne vera aktuelle som viktige bekkedrag. M. a. er den sjeldne kongeaugestikkaren påvist i nabokommunen Skodje, og han kan også finnast langs stilleflytande låglandsbekker i Haram. Best undersøkt er Tennfjordelva, som har ein bestand av elvemusling.

Myr

Det er oppgjeve at Haram skal ha ca. 7 km² myr. Det aller meste er nedbørsmyr/fukthei og fattigmyr. Dei største områda ligg på Nordøyane og området Hildre-Gamlem på fastlandet.

Terrengdekkjande myr

I eit oseanisk klima kan det dannast terrengdekkjande myr. Dette er myrer som tekkjer landskapet som eit "teppe", og kan også kallast teppemyr. Desse myrene får i hovudsak næringa si frå nedbøren, og er derfor næringsfattige og artsfattige, men med eit karakteristisk artsinventar. Godt utvikla terrengdekkjande myrer finst på Flemsøya/Skuløya (Bakkedalen naturreservat), Haramsøya (noko oppdelt av dyrking) og delvis på Storhaugmyrane på Løvsøya og Hestemyrane på Hildrestranda.

Rikmyr

Jordvassmyrer med høg pH kallast rikmyr. Slike myrer har ein særmerkt flora av planter og mosar. Haram har berre litt småflekker av denne typen, som er sjeldan i Møre og Romsdal. På dei fleste lokalitetane inngår rikmyr som småmosaikk i større myr- og lyngheikompleks.

Skog

Tidlegare har nok skogen stadvis vore utnytta hardare enn i dag. Det er i dag ikkje så lite skog i kommunen, oppgjeve til 62 km² av Statistisk sentralbyrå (på internett). Mykje av dette er lauvskog. Elles førekjem ein del furuskog særleg i stroka ved Slyngstad, Eidsvik og Vatne. Litt av denne skogen verkar i dag noko gammal med innslag av gadd og einskilde læger. Innslag av edellauvskog, særleg med mykje hassel, men og med innslag av svartor, eik og alm, finst og i kommunen. Dette er nærare omtala nedanfor.

Rik edellauvskog

Edellauvskog er skog med vesentleg innslag av edellauvtre som eik, hassel, alm og svartor. Alm er varmekrevande og finst mest oppunder bratte hamrar, ofte sør- til vestvendt. I Haram er det ikkje mykje almeskog, men det finst m.a. noko i Grøsurene ved Vatne og under Hagefjellet i Søvika. Hassel er det meir av, særleg langs sørhellingane i Grytafjorden og på Nordøyane. Dahl (1895) skriv om hassel at han på Haramsøya og Flemsøya fann "kun smaa skud", og at "i urenne og paa fjeldsiderne fortæres de unge skud af gjed og sau". Det er grunn til å tru at hasselen har utbreidd seg noko meir sidan den tid, for i dag finn ein her godt utvikla hasselkratt, det gjeld også Rønstadområdet på Løvsøya. I hasselskogane er det funne ein del raudlista soppartar som dels er sørlege og varmekrevande. Haram er ein av dei få kommunane i fylket som har noko særleg sommareik, som ein må tru er naturleg. Eika finst spreidd langs Grytastranda, særleg ved Gryta (Grytahatlen naturreservat) og strekinga Engeset-Hamnsund. I tillegg finst nokre småtre i berga ved Søvika. Tilknytt eika er det funne fleire raudlista soppartar og også andre soppar som er sørlege og varmekrevande. Fleire av desse har nordgrense på Grytastranda.

Gammal barskog/kystfurusog/gammal lauvskog

Naturleg barskog i området finst som furuskog i områda ved Tannfjord, Vatne og Slyngstad. Noko av dette er eldre naturskog, som har einskilde kvalitetar tilknytt slik skog, som bestand av storfugl og einskilde andre artar. I dei same områda kan ein og finna gammal lauvskog. Ein har avgrensa området aust for Syngstadvatnet som inneheld fleire gammelskogelement av både lav, sopp og fugl. Truleg kan det finnast meir, t.d. på Eidsvikheia og i Slyngstad si utmark. Eit interessant innslag i slik skog er barlind. Ein har funne barlind både aust for Slyngstadvatnet og i Vatnedalen mot Kroksetra. Det er viktig at denne ikkje vert hogd, og at han ikkje vert utkonkurrert av planta gran. Men det største trugsmålet er nok hjorten som beiter på barlind om vinteren.

Rasmark, berg og kantkratt

Naturtypen oppstår der terrenget er bratt, og det ikkje så lett veks opp skog pga. topografi og raspåverknad. Haram kommune har ein god del fjell, og dermed også ein del berg og rasmark. Den prioriterte naturtypen sørvende berg og rasmarker finst i mosaikk med hasselskog i lågareliggjande sør- til vestvendte fjellsider, og som større rasenger, berg og steinur i og opp mot fjellet. Det er ikkje prioritert å få med alle dei lokalitetane som kunne ha vore aktuelle.

Nordvendte kystberg

Nordvendte kystberg er ein viktig naturtype for spesialiserte (frostsveke og lite tørketolande) artar av mose, lav og planter på kysten. Naturtypen er skildra av Gaarder m. fl. (2001), men inngår ikkje i DN (1999a). Ein av dei viktigaste lokalitetane i fylket ligg på nordaustsida av Flemsøya/Skuløya frå Saksehammaren til Nogva. Her har ein i prosjektet hatt med ein mosespesialist (dr. scient. Kristian Hassel frå NTNU) som har bestemt ei rekkje dels sjeldne oseaniske moseartar. I tillegg finst den raudlista gullprikklaven fleire slike stader på Nordøyane, og Saksehammaren har norsk nordgrense for kystblåfildlav. Plantene hinnebregne og kystmaigull inngår også i dette samfunnet, og den største bestanden av hinnebregne på Nordvestlandet finst truleg på utsida av Flemsøya/Skuløya. I deler av fjellsida her veks hinnebregna i mengder mellom steinane og under røsslyngen, og kan dekkja mosen i berget i store flak. Andre viktige lokalitetar med nordvendte berg er under Ullahornet på Haramsøya og Svarthammaren på Løvsøya. Havburkne har nordgrensa si på vestsida av Løvsøya. I prosjektet har ein fått fram god dokumentasjon på at Haram er ein svært viktig kommune for dette "oseaniske mangfaldet".

Fjell

Haram har ganske mykje fjell, særleg på fastlandet. Det einaste som skal reknast som prioritert naturtype er kalkrike område i fjellet. Det er ikkje prioritert å leita etter denne typen, sidan han er lite truga, og det er grunn til å tru at det er lite av han.

NATURTYPELOKALITETAR

Generelt

Databasen over verdifulle naturområde i Haram kommune omfattar ved slutføring av dette prosjektet 84 lokalitetar. Rundt 25 av desse fanst i Naturbasen hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dei andre har kome fram gjennom dette prosjektet. For fleire av dei "nye" lokalitetane fanst det også eldre data, medan ein del lokalitetar har vore heilt ukjente fram til no. Lokalitetane er ordna etter stigande nummer. Nummer er prøvd tildelt på ein måte som gjer at nærliggjande lokalitetar har nærliggjande nummer.

Nedanfor er alle lokalitetane lista opp på ein standardisert måte. Følgjande forkortingar er nytta: AAF=Arne A. Frisvoll, AM=Asbjørn Moen, DH=Dag Holtan, GGa=Geir Gaarder, JBJ=John Bjarne Jordal, KJG= Karl Johan Grimstad, PL=Perry Gunnar Larsen.

1 Haramsøya: Myskjeurdene (hasselkratt, ur)

Lokalitetsnummer:	1534-01 (naturbasen 153403503)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 590 484
Høgd over havet:	60-120 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Deler er verna som naturreservat, treslagskifte, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Dahl (1895), 27.07.1988, JBJ (Bugge 1993), 13.12.1998, DH, KJG, Fylkesmannen (1996a), Sandnes (2000), Fjeldstad (2004)

Områdeskildring

Generelt: Hasselkratt i SV-vendt li. Her har ein velt å avgrensa eit område som er litt større enn reservatet (som omfattar ca. 63 dekar), i samsvar med avgrensingsforslaget til Sandnes (2000). Reservatet vart verna 27.06.2003. Fjeldstad (2004) skriv: "Hoveddelen av reservatet består av småsteinet til storsteinete ur og rasmark. Stedvis er det en god del finkornete masser som gir opphav til en rikere flora. I overkant av ura kommer det inn enkelte naturengplanter."

Vegetasjon: Rike hasselkratt, kystutforming.

Kulturpåverknad: Fjeldstad (2004) skriv om innførte treslag: "I vest vokser det buskfuru som nå er opptil 5-6m høye, delvis innenfor reservatet. Helt i sørvest samt i nordvest står det to mindre teiger med sitkagran der trærne stod ganske tett og var opptil 8m høye. Sentralt i reservatet var det plantet til en teig med bergfuru. Skogen var her var tett med få andre arter. I overkant av furubestandet stod det noen grove hasselbusker som var i ferd med å bli skygget ut. Helt i sørøst og i nedkant av reservatet mot sentrale deler av området, vokste det stor sitkagranskog. Denne var i spredning og det ble registrert mange spirer og mindre busker og trær." Same kjelder skriv om brukshistoria: "Når det gjelder brukshistorie, så opplyste grunneier Agil Arne Verpeidet (pers. medd 03.06.2004) at områdene med furu og gran ble planta til på 1950-60 tallet. På denne tiden sluttet også utmarksbeitet med sau. Det har vært plukket nøtter i området til eget bruk, og tatt ut stein fra massetaket i vest (utenfor reservatet). Ved har også vært tatt til eget bruk."

Artsfunn: Feltsjiktet er typisk for varmekjære hasselkratt ved kysten. Typiske artar i så måte er sanikel, myske, jordnøtt, svarterteknapp, vivendel, kusymre, hengeaks, krattmjølke, lundrapp, gaukesyre, kvitsymre og krattlodnegras. Fleire planteartar er nemnt av Dahl (1895), m.a. vill-lauk, småborre, hårsvæve, myske, kransmynte, lintorskemunn og bergmjølke. Lav: berre typiske artar som t.d. kystvrenge, lungenever og vanleg blåfiltlav.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein hassellokalitet med eit middels godt artsutval for distriktet. Slike kysthasselkratt har liten arealmessig utstrekning og lokaliteten er den einaste representanten for naturtypen i verneplan for edellauvskog i Møre og Romsdal.

Skjøtsel og omsyn

I reservatet gjeld verneforskriftene. Det er no laga ein skjøtelsesplan for området (Fjeldstad 2004). Denne understrekar at det er viktig at innplanta bartre vert fjerna, og ein bør ikkje planta nye, heller ikkje i nærleiken av reservatet. Elles bør ein unngå hogstflater og fysiske inngrep utanfor reservatet.

2 Haramsøya: Åkre (hasselkratt)

Lokalitetsnummer:	1534-02 (naturbasen 153403505)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 584-586, 492-495
Høgd over havet:	40-80 m
Hovudnaturtype:	Skog, rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	Rik edellauvskog, sørvende berg og rasmarker
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	27.07.1988, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Hasselkratt i lia under Tverrfjellet, stabil, tørr ur med hasselbuskar på 1-2 meter. Avgrensinga er noko grov.

Vegetasjon: Rike hasselkratt, kystutforming (truga vegetasjonstype).

Kulturpåverknad: Relativt liten.

Artsfunn: Noterte artar: blankburkne, vivendel, hengeaks, skogburkne, gauksyre, englodnegras, krattmjølke, sanikel, kusymre, lundrapp, kratthumleblom.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein mindre lokalitet med eit typisk artsutval for distriktet. Slike kysthasselkratt har ofte lita arealmessig utstrekning og har forvaltningsmessig verdi særleg fordi vegetasjonstypen er vurdert som truga (Fremstad & Moen 2001).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og innplantning av framande treslag.

3 Haramsøya: Haram (rasmark)

Lokalitetsnummer:	1534-03
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 564-574, 504-505
Høgd over havet:	60-120 m
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt, skog
Naturtype:	Sørvende berg og rasmarker, rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Masseuttak i nedkant, spreiring av innførte treslag
Undersøkt/kjelder:	19.07.1934, Harald Goksøyr (herbariebelegg), Sandnes (2000, berre avgrensing), avstandsbetrakta 01.07.2002, JBJ & DH

Områdeskildring

Generelt: Sør- og sørvestvendte rasmarker med litt hasselkratt heilt frå Fjellsenden til Sæberget. Sjøve Sæberget er nokså påverka av innplanta treslag, men er likevel teke med fordi det står nokre almetre her.

Vegetasjon: Lokaliteten er dominert av rasmark, men med innslag av rike hasselkratt, kystutforming.

Kulturpåverknad: Det er planta noko sitkagran i nedkant av lokaliteten somme stader.

Artsfunn: Det er funne rognasal, alm (Sæberget), blankburkne og murburkne. Data er dårlege og området skulle vore betre undersøkt.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit relativt stort område med hasselkratt (truga vegetasjonstype), rasmarker og nokre interessante artar. Lokaliteten bør undersøkast grundigare.

Skjøtsel og omsyn

Rasmerkene er lite påverka av inngrep. I framtida kan det tenkjast spreiring av m. a. sitkagran i hasselkratta. Dette bør ein prøva å unngå.

4 Haramsøya: Vestanvika (havstrand)

Lokalitetsnummer:	1534-04 (naturbasen 153401602)
Kartblad:	1120 II Vigra
UTM (EUREF 89):	LQ 54-55 51
Høgd over havet:	0-5 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Strandeng og strandsump, tangvollar
Prioritet:	A (svært viktig)

Mulege truslar: Verna hausten 2002
Undersøkt/kjelder: 10.07.1984, AAF, Holten m. fl. (1986), Oterhals (1996), 01.07.2002, JBJ & DH

Områdeskildring

Generelt: Svært eksponert grus- og rullesteinstrand i Vestanvika. Lenger nord er det strandberg i ei veksling med stranddammar og strandeng. Strandområdet er og ein del av eit større samanhengande beiteområde for sjøfugl og sjøpattedyr (oter, steinkobbe). Indre del av reservatet mot fjellfoten er og klassifisert som naturbeitemark (sjå lokalitet nr. 5). Sandstranda i sørlege del av Kvalvika er ikkje med i reservatet, og skildra som eigen lokalitet (nr. 16). Det som her er avgrensa, er berre sjølve stranda i reservatet, sjøområda er ikkje tatt med (viltområde).

Vegetasjon: Vestanvika dekker ei fleire hundre meter lang strandlinje med m.a. østersurt-steinstrand og urakattsteinstrand på grov solvarm rullesteinstrand. Andre typar: tusenblad-dam, raudsvingeleng, strandstjerne-steinstrand, balderbråvoll, gåsemurevoll, krushøymolevoll, klengjemauresteinstrand og strandberg. Typane er ikkje i samsvar med inndelinga hos Fremstad (1997). Sjå også lokalitet nr. 5.

Kulturpåverknad: Lokaliteten grensar til beite og veg. I 2002 beita storfe i området, men ein såg ikkje teikn til overbeiting.

Artsfunn: Botanisk sett eit artsrikt område med 86 registrerte artar. Fleire av desse er sjeldne eller interessante, m.a. østersurt, dikesvineblom, stankstorkenebb, knortestorr (sjeldan art), heistorr og bogestorr. I 2002 vart dei fleste av desse attfunne. Sjå også skildring av lokalitet 05 og 16.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit større, artsrikt område med mange ulike vegetasjonstypar, fine soneringar, og ein viktig lokalitet for fleire regionalt sjeldne strandplanter (østersurt, knortestorr).

Skjøtsel og omsyn

Området er verna i verneplan for havstrand og elveos i fylket (hausten 2002). Formålet med dette er å sikre ei artsrikt, lang grus- og rullesteinstrand m. a. som eit spesialområde for plantesamfunna østersurtsteinstrand og urakattsteinstrand. Moderat beitetrykk er ikkje i konflikt med verneformålet.

5 Haramsøya: Vestanvika (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1534-05
Kartblad: 1120 II Vigra
UTM (EUREF 89): LQ 54-55 51
Høgd over havet: 5-20 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark, fuktenger
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing
Undersøkt/kjelder: 01.07.2002, JBJ & DH

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er beitemarker nordvest for busetnaden på Haram, på strandflatene i Vestanvika nordover til Stavneset. Ein har velt å avgrensa beitemarka som ein eigen lokalitet innanfor havstrand-reservatet (vest for Legarden), sidan naturbeitemarka krev aktiv skjøtsel.

Vegetasjon: Mest kystutformingar av frisk fattigeng (G4), noko baserike fuktenger, overgangar mot tørr kystlynghei og mot driftvollar m.m. ved stranda.

Kulturpåverknad: Beita av storfe, godt beitetrykk. Driftsveg, steingjerde m.m. Deler av beita er truleg gjødsla.

Artsfunn: Botanisk sett eit artsrikt område. Her kan nemnast loppestorr, dikesvineblom, heistorr, smalkjempe, blåklokke, kjeldeurt, bitterbergknapp, kystbergknapp, dvergsmyle, fjellsmelle, jåblom, knegras, engstorr, myrsauløk, småvasshår, engfiol, kusymre, kattedfot, enghumleblom, myrmaure og vivendel, altså ei blanding av fuktikrevande og tørketolande artar. Andemat vart funne i ein pytt i posisjon LQ 5472 5149. Ein bloddråpesvermar (truleg *Zygaena filipendulae*) vart også observert.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større område med mange ulike vegetasjonstypar, fine soneringar, og eit godt utval planteartar m.m.

Skjøtsel og omsyn

For å ta vare på kvalitetane i beitelandskapet, er det viktig med beiting også i framtida. Dei magre (og mest artsrike) beita bør gjødslast minst muleg, og ein bør her også unngå fysiske inngrep ut over sjølve beitinga.

6 Haramsøya: vestsida, Lia (berg/rasmark, kystlynghei)

Lokalitetsnummer: 1534-06 (naturbasen 153401603)

Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 546-553, 518-532
Høgde over havet: 0-250 m
Hovudnaturtype: Rasmark, berg og kantkratt, kulturlandskap
Naturtype: Nordvendte kystberg, sørvende berg og rasmarker, kystlynghei, fuktenger
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Forstyrning, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: Naturbasen, Folkestad & Loen (1998), 01.07.2002, JBJ & DH

Områdeskildring

Generelt: Området ligg på vestsida av Haramsøya, og strekkjer seg frå Stavneset i sør til Kjøvesundsskjæret i nord. Det er stort sett bratte fjellsider mot havet, men med litt strandflater ned mot sjøen. Hekkeområde for sjøfugl. Har tidlegare hatt ein større bestand av sjøfugl. Er enno ein god potensiell lokalitet. Området har og store botaniske verdiar med oseaniske planter, lav og mosar. Strandflata er teke med i lokaliteten fordi den har viltfunksjon (ærfugl, teist), og botanisk verdi (m. a. gode bestandar av knortestorr i berga)

Vegetasjon: Ein del ur og rasmark, vesentlege parti er berghamrar. Noko grasdominert vegetasjon som er restar av tidlegare sterkare beitepress, tørr kystlynghei i hellingane, fuktigare heiparti på flatene, somme stader litt oppslag av lauvkratt. Stranda er berglendt og grovsteinut og sterkt påverka av brenningar, med lite lausmassar.

Kulturpåverknad: Fjellsidene og strandflatene er praktisk tala utan inngrep bortsett frå tidlegare beitepåverknad. Fjellplatået ovanfor er delvis oppdyrka.

Artsfunn: Mest interessant er dei vestvendte berga med beskytta kløfter der det veks ei rekkje oseaniske, sterkt fuktkevande og frostvare artar av lav og mose: den raudlista gullprikklaven *Pseudocypbellaria crocata* (V=sårbar, 10 thalli), sølvnever, lungenever, kystvrenge, vanleg blåfiltlav, grynvrenge, dronningmose *Hookeria lucens*, gullhårrose *Breuthelia chrysocoma*, og skålfiltlav. Av interessante planteartar i berg, rasmark og fuktige, bratte sig kan nemnast fjellsmelle, heistorr, fagerperikum, kusymre, jordnøtt, smalkjempe, gulskolm, fjellsyre, loppestorr, svartopp, raudsildre, storblåfjør, skogvikke, kvitmaure, gulsildre, knegras, kattedot, jåblom, fjelltistel, lundrapp, brunrot, blankburkne, vårmarihand, dvergjamne, jonsokkoll, hengjeaks, geittelg, skogsvinerot, bitterbergknapp og vivendel. På flatene og ved stranda fanst kysttjønnaks, bekkeblom, gøftesoleie, og bra bestandar av den regionalt uvanlege knortestorr. Sjøfugl: Fram til ca. 1970 300-400 par toppskarv (90-talet ca. 15 par), 20-30 par havhest (få par 90-talet) og ein del gråmåse (borte), samt gravespor i bakken som kunne tyde på ein tidlegare lundekoloni (raudlisteart). Elles hekkar ærfugl (spreidde par), teist (raudlisteart, einskilde par) og tidlegare også svartbak og hegrekoloni.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av godt utvikla utforming av nordvendte kystberg (her eigentleg meir nordvestvendt) i blanding med sørvende berg og rasmarker og kulturlandskap med mange krevande artar, ein raudlista av lavart i høgare kategori m.m.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå alle typar fysiske inngrep. Ein bør ikkje forstyrre fuglane. Beiting vil truleg ta vare på kvalitetar knytt til tradisjonell drift. Det er ønskjeleg med beiting i framtida.

7 Haramsøya: Kvamen (vest for Mannen) (kystlynghei)

Lokalitetsnummer: 1534-07
Kartblad: 1120 II Vigra
UTM (EUREF 89): LQ 563-569, 505-508
Høgde over havet: 175-325 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Kystlynghei
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Oppdyrking, attgroing
Undersøkt/kjelder: 14.09.1978, AM (Moen 1984), Sandnes (2000), avstandsbetrakta 01.07.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er nemnt av Moen (1984), og avgrensinga er gjort dels av Sandnes (2000), dels av understeikna.

Vegetasjon: Ulike utformingar av røsslynghei.

Kulturpåverknad: Tidlegare torvtekt. Det som er oppdyrka er halde utanfor avgrensingane. Tidlegare beitepåverka av sau, no lite beiting.

Artsfunn: Det er ikkje kjent spesielle artsfunn.

Verdsetting: Lokaliteten vert verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er eit mindre område av kystlynghei i sakte attgroing.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør ikkje dyrka opp meir i området. Det er ønskeleg med tradisjonell drift i form av beiting.

8 Haramsøya: Trollkleppen-Mannen (terrengdekkjande myr)

Lokalitetsnummer:	1534-08
Kartblad:	1120 II Vigra
UTM (EUREF 89):	LQ 559-574, 505-516
Høgd over havet:	200-347 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Terrengdekkjande myr
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Oppdyrking
Undersøkt/kjelder:	14.09.1978, AM, Moen (1984), Sandnes (2000, berre avgrensing), avstandsbetrakta 01.07.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringane er henta frå Moen (1984), og stammar dels frå ein rapport laga av Jan Erik Koefoed og Asbjørn Moen til Miljøverndepartementet i 1978. Terrengdekkjande myrer dominerte tidlegare heile landskapet på fjellet på Haramsøya. Dette er idag ein sjeldan naturtype på Vestlandet på grunn av oppdyrking. Frå slutten av 1970-talet vart deler av området på Haramsøya også dyrka. Det som vert avgrensa i denne rapporten er myr/fukthei som framleis er intakt. Myrene sør for vegen nord og sør for Fjellvatnet nordvestover frå Mannen ligg mellom 220 og 347 m.

Vegetasjon: Terrengdekkjande nedbørsmyr (oseanisk type av nedbørsmyr, Moen 1984) med overgangar mot sivevassmyr, med røsslyng, krekling, rypebær, molte, bjønnskjegg, duskull, heisiv og stivstorr.

Kulturpåverknad: Tidlegare torvtekt. Veg i nordkant av lokaliteten, og ein veg til toppen av Mannen, der det er litt fleire inngrep. Det som er oppdyrka er halde utanfor avgrensingane. Tidlegare beitepåverka av sau, no lite beiting.

Artsfunn: Få spesielle artsfunn.

Verdsetting: Opprinneleg vart heile platået på Haramsøya sett til internasjonal verdi (Moen 1984). Denne lokaliteten vert no verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er mindre restar av terrengdekkjande myr fragmentert av dyrking.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør ikkje dyrka meir av denne sjeldne vegetasjonstypen.

9 Haramsøya: Vestsida av Ullahornet (kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1534-09
Kartblad:	1120 II Vigra
UTM (EUREF 89):	LQ 560-563, 518-525
Høgd over havet:	180-320 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Oppdyrking, attgroing
Undersøkt/kjelder:	14.09.1978, AM (Moen 1984), Sandnes (2000, berre avgrensing), avstandsbetrakta 01.07.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er nemnt av Moen (1984), og avgrensingane er gjort dels av Sandnes (2000), dels av underteikna.

Vegetasjon: Ulike utformingar av røsslynghei, men også rike sig.

Kulturpåverknad: Tidlegare torvtekt. Veg i dalbotnen. Det som er oppdyrka etter 1978 er halde utanfor avgrensingane. Tidlegare beitepåverka av sau, no lite beiting.

Artsfunn: Vestsida av Ullahornet har små rike parti med bjønbrodd, hårstorr og engstorr.

Verdsetting: Lokaliteten vert verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er eit mindre område av kystlynghei i sakte attgroing.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør ikkje dyrka opp meir i området. Det er ønskjeleg med tradisjonell drift i form av beiting.

10 Haramsøya: Vest for Ullahornet (terrengdekkjande myr)

Lokalitetsnummer:	1534-10
Kartblad:	1120 II Vigra
UTM (EUREF 89):	LQ 556-562, 517-525
Høgd over havet:	160-260 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Terrengdekkjande myr, rikmyr
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Oppdyrking
Undersøkt/kjelder:	14.09.1978, AM, Moen (1984), Sandnes (2000, berre avgrensing), avstandsbetrakta 01.07.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringane er henta frå Moen (1984), og stammar dels frå ein rapport laga av Jan Erik Koefoed og Asbjørn Moen til Miljøverndepartementet i 1978. Terrengdekkjande myrer dominerte tidlegare heile landskapet på fjellet på Haramsøya. Dette er idag ein sjeldan naturtype på Vestlandet på grunn av oppdyrking. Frå slutten av 1970-talet vart deler av området på Haramsøya også dyrka. Det som vert avgrensa i denne rapporten er myr/fukthei som framleis er intakt. Myrene i dalbotnen mellom Ullahornet og Liabruna ligg mellom 160 og 260 m.

Vegetasjon: Terrengdekkjande nedbørsmyr (oseanisk type av nedbørsmyr, Moen 1984) med røsslyng og torvull som dominerande artar. Feltskikt med lite mosar. Flekkvis store innslag av lys reinlav. Ein god del rusttorvmose *Sphagnum fuscum*. I mindre produktive deler er heigråmose *Racomitrium lanuginosum* vanleg. Glidande overgangar mot minerotrof bakkemyr, og fuktig kystlynghei.

Kulturpåverknad: Tidlegare torvtekt. Veg i vestkant av lokaliteten. Det som er oppdyrkaer halde utanfor avgrensingane. Tidlegare beitepåverka av sau, no lite beiting.

Artsfunn: I liabruna mot Ulla var det rike, fuktige sig med heistorr, loppestorr og blåstorr, raudsildre og fjellsmelle. Gode bestandar av kysttorvmose *Sphagnum austini*. Vestsida av Ullahornet har små rike parti med bjønnbrodd, hårstorr og engstorr.

Verdsetting: Opprinneleg vart plataet på Haramsøya sett til internasjonal verdi (Moen 1984). Denne lokaliteten vert no verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er mindre restar av terrengdekkjande myr fragmentert av dyrking.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør ikkje dyrka meir av denne sjeldne vegetasjonstypen.

11 Haramsøya: Sør for Hestevollane (terrengdekkjande myr, lynghei)

Lokalitetsnummer:	1534-11
Kartblad:	1120 II Vigra
UTM (EUREF 89):	LQ 550-556, 515-519
Høgd over havet:	180-260 m
Hovudnaturtype:	Myr, kulturlandskap
Naturtype:	Terrengdekkjande myr, kystlynghei
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Oppdyrking
Undersøkt/kjelder:	14.09.1978, AM, Moen (1984), Sandnes (2000, berre avgrensing), avstandsbetrakta 01.07.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringane er henta frå Moen (1984), og stammar dels frå ein rapport laga av Jan Erik Koefoed og Asbjørn Moen til Miljøverndepartementet i 1978. Terrengdekkjande myrer dominerte tidlegare heile landskapet på fjellet på Haramsøya. Dette er idag ein sjeldan naturtype på Vestlandet på grunn av oppdyrking. Frå slutten av 1970-talet vart deler av området på Haramsøya også dyrka. Det som vert avgrensa i denne rapporten er myr/fukthei som framleis er intakt. Myrene sør for Hestevollane ligg mellom 180 og 260 m, og går i nedre deler over i lyng- og grashei.

Vegetasjon: Terrengdekkjande nedbørsmyr (oseanisk type av nedbørsmyr, Moen 1984) dekkjer øvre deler av lokaliteten. Bestandar av raudtorvmose *Sphagnum rubellum*. Glidande overgangar mot minerotrof bakkemyr, og fuktig kystlynghei/grashei.

Kulturpåverknad: Tidlegare torvtekt. Det som er oppdyrka er halde utanfor avgrensingane. Tidlegare beitepåverka av sau, no lite beiting.

Artsfunn: Somme stader kysttorvmose *Sphagnum austini*.

Verdsetting: Opprinneleg vart plataet på Haramsøya sett til internasjonal verdi (Moen 1984). Denne lokaliteten vert no verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er mindre restar av terrengdekkjande myr fragmentert av dyrking.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør ikkje dyrka meir av denne sjeldne vegetasjonstypen.

12 Haramsøya: Ulla fyr (Kvernholmen) (havstrand)

Lokalitetsnummer:	1534-12 (naturbasen 153401101)
Kartblad:	1120 II Vigra
UTM (EUREF 89):	LQ 551 539
Høgd over havet:	0-ca. 6 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Tangvollar, andre viktige førekomstar
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	04.10.1993, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1999), 01.07.2002, JBJ & DH

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ein forholdsvis liten holme med Ulla fyr på nordsida av Haramsøya. Kupert og berglendt. Eldre administrativ fredning på Ulla fyr (dyrelivsfredning, artsvern). Fyret vart bygd i 1873-74 og oppattbygd etter krigen i 1949. Det vart automatisert i 1975 (www.ullahavsportsenter.no). På austsida er der sandrik fjøre og tang- og tarevollar. Elles er det knausar og bergskorter med gode bestandar av knortestorr over store deler av holmen. Vidare er deler av holmen gammel beitemark der det beita sauer på 1990-talet, men der det no gror att. Ein har rekna alt utanom tangvollane som "andre viktige førekomstar" (botanisk viktige område med knortestorr). Ved besøket i 1993 var holmen beita og hadde da i tillegg verdiar som naturbeitemark.

Vegetasjon: Lokaliteten har eittårig melde-tangvoll, tangmelde-utforming (V1c) med strandreddik, og fleirårig gras/urte-tangvoll (V2). I tilgrensande strandberg (X1, knausar og bergsprekker) fanst store mengder knortestorr. I tilgrensande område ligg litt dyrka mark, no attgroande med hestehavreenger. I desse vaks forutan hestehavre også hundegras, timotei, markrapp, hundekjeks, krypsoleie, høymole, amerikamjølke og skvallerkål.

Kulturpåverknad: Fyr, gammel fyrstasjon, bru over til holmen (bygd 1965) og gangvegar. Få sauer beita her i 1993, i 2002 var det heilt attgrodd med høgt gras.

Artsfunn: Strandreddik er regionalt sett ikkje særleg vanleg. Ved strendene vart den sjeldne strandbergplanten knortestorr funnen i store mengder, av dei største bestandane i fylket. Strandberg skal likevel ikkje kartleggast som type utan det er baserikt (DN 1999).

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) særleg på grunn av tangvollane på austsida, og vidare er førekomstane av knortestorr, som er regionalt sjeldan, verdifulle. Lokaliteten har også viltfunksjon (sjøfugl), og hadde tidlegare truleg også ein verdi som naturbeitemark.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Det er positivt om beitinga kan takast opp att.

13 Haramsøya: Ulla: Hornhammaren (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1534-13
Kartblad:	1120 II Vigra
UTM (EUREF 89):	LQ 55 53
Høgd over havet:	0-100 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark, kalkrike enger, kystlynghei
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing

Undersøkt/kjelder: 18.07.1934, H. Goksøyr, 18.07.1967 & 12.07.1968, M & R. Nordhagen, 04.10.1993, 29.09.1994, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1993, 1995, 1999), 30.05.2001, JBJ, 01.07.2002, JBJ & DH

Områdeskildring

Generelt: Kupert og berglendt, trelaust landskap (beita av kalvar i 1994) ut mot Kvernholmsundet (innanfor Ulla fyr) på nordsida av Haramsøya. Søraust for lokaliteten, vest og sør for Ulla, har det tidlegare truleg vore artsrike naturbeitemarker, men desse er no heilt attgrodd og forbuska.

Vegetasjon: Ulike utformingar av kystlynghei, frisk fattigeng (G4), kalkrik eng m.m.

Kulturpåverknad: Beitetrykket var lågt i 1994, i 2002 vart det ikkje observert beitedyr. Attgroinga er urovekkande.

Artsfunn: Raudlistearten kvitkurle vart funnen i 1967-68. Funn av bakkesøte (1934, 1967, 1994), fjellsmelle, stortviblad, brudespore, raudsildre, gulsildre, blåstorr, engstorr, svartknoppurt, vill-lin, fjelltistel, grønkurle og raudlistearten mjølraudskivesopp *Entoloma prunuloides* tyder på kalkhaldig jordsmonn. Fleire av desse er i tillegg beiteindikatorer. Talet på beitemarkssopp var 16 artar og talet på artspoeng 23. Dei hensynskrevande beitemarkssoppene brunsvart jordtunge og lutvokssopp vart funne i 1994.

Verdsetting: Kalkhaldige beite på kysten er sjeldne i vårt fylke. Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at ein her har innslag av kalkrike beite med eit spesielt rikt artsmangfald, og fleire raudlisteartar. Verdien kan snart verta reedusert på grunn av attgroing.

Skjøtsel og omsyn

Beitinga bør halda fram og området bør ikkje gjødslast. Utviklinga i beitebruken i området er urovekkande. Store biologiske verdiar står i fare for å gå tapt dersom ein ikkje får fleire dyr ut hit.

14 Haramsøya: Ulla: Råvika (havstrand)

Lokalitetsnummer: 1534-14
Kartblad: 1120 II Vigra
UTM (EUREF 89): LQ 55 53
Høgd over havet: 0-1 m
Hovudnaturtype: Havstrand/kyst
Naturtype: Sandstrand, tangvollar
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 10.07.1984, AAF (Holten m. fl. 1986), 01.07.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Større vik med veksling mellom små sandbukter og strandberg med dyrka mark og fuktengområde ovanfor. Holten m. fl. (1986) viser ikkje avgrensing av lokaliteten, men UTM tyder på at lokaliteten deira strekte seg lenger austover enn den sandstranda i Råvika som er avgrensa her.

Vegetasjon: Raudsvingeleng, pøylestorrpøl, mjuksivakspøl, våtområde m. hanekam & soleihov, tangmeldevoll, hundekjeksvoll, strandarveforydne, strandrugdyne, etablert dyne og strandberg.

Kulturpåverknad: Grensar til dyrka mark. I 1984 beiting, bålplassar og litt forsøpling. I 2002 attgroing, litt bading.

Artsfunn: Svært artsrikt (92 artar), m. a. pølstorr, bogestorr, blåstorr, saltstorr x slåtestorr og dikesvineblom. I 2002 vart det notert store mengder strandreddik, elles gåsemure, strandrug, raud jonsokblom, tangmelde, strandkvann, raudsvingel, strandarve, løvetann og klengjemaure.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit artsrikt sandstrandområde med ein del kvalitetar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

15 Haramsøya: Ulla: Ullanausta-Ullahammaren (havstrand)

Lokalitetsnummer: 1534-15
Kartblad: 1120 II Vigra
UTM (EUREF 89): LQ 562-564, 531-532
Høgd over havet: 0-1 m
Hovudnaturtype: Havstrand/kyst
Naturtype: Sandstrand, tangvollar

Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 24.09.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ei vik med sandstrand og strandberg med dyrka mark og attgroande fuktengområde ovanfor.

Vegetasjon: Raudsvingeleng, tangmeldevoll, strandarvefordyne, strandrugdyne, etablert dyne og strandberg. I driftvollane fanst tangmelde, hestehavre, hundegras, kveke, strandrøyr, vassarve, englodnegras, burot, krushøymole og amerikamjølke.

Kulturpåverknad: Grensar til dyrka mark. På undersøkingstidspunktet relativt liten påverknad.

Artsfunn: Av interessante artar i sanden kan nemnast strandarve, strandrug, gjeldkarve, raudknapp og i bergknauser raudsildre, kystbergknapp og bergskrinneblom.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit mindre sandstrandområde med ein del kvalitetar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

16 Haramsøya: Kvalvika (havstrand)

Lokalitetsnummer: 1534-16
Kartblad: 1120 II Vigra
UTM (EUREF 89): LQ 556 506
Høgd over havet: 0-5 m
Hovudnaturtype: Havstrand/kyst
Naturtype: Sandstrand, tangvollar
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Ingen kjende
Undersøkt/kjelder: 10.07.1984, AAF, Holten m. fl. (1986), Sandnes (2000)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten består av ei sandstrand i Kvalvika like austafor naturreservatet i Vestanvika. Strandområdet er og ein del av eit større samanhengande beiteområde for sjøfugl og sjøpattedyr (oter, steinkobbe).

Vegetasjon: Balderbråvoll, gåsemurevoll, krushøymolevoll. Typane er ikkje i samsvar med inndelinga hos Fremstad (1997). Sjå også lokalitet nr. 04-05.

Kulturpåverknad: Lokaliteten grensar til beite. I 2002 beita storfe i området.

Artsfunn: Fleire interessante artar, m.a. bogestorr. Sjå også skildring av lokalitet 05 og 16.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei mindre sandstrand med nokre interessante artar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Moderat beitetrykk er ikkje i konflikt med verneformålet.

17 Haramsøya: Ullahornet, nordaustsida (nordvendte kystberg)

Lokalitetsnummer: 1534-17 (naturbasen 153401503)
Kartblad: 1120 II Vigra
UTM (EUREF 89): LQ 564-585, 527-506
Høgd over havet: 40-300 m
Hovudnaturtype: Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype: Nordvendte kystberg
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Ingen kjende
Undersøkt/kjelder: Dahl (1895), 27.06.1988, I. Røsberg, 09.05.1993, GGa, 13.12.1998, KJG & DH, 01.07.2002, JBJ & DH, 16.10.2003, Kristian Hassel & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten består av nord- og nordaustvende berg, sig og rasmarker på nord- og austsida av Ulla hornet. Lokaliteten er går i nord eit stykke oppover på øversida av vegen til Haramsfjellet. Har tidlegare hatt ein

større bestand av sjøfugl. Er framleis ein god potensiell sjøfugllokalitet. Vi undersøkte vegetasjon m.m. søraustover til LQ 566 522, men det er noko skjønsmessig kor langt ein avgrensar lokaliteten. Dei interessante kløftene der dei fuktkevande, oseaniske mose- og lavartane særleg finst, har lokalnamn som Horngjølet, Vålskredgjølet og Hallsteingjølet (kart utarbeidd av Knut Hallvard Ulla).

Vegetasjon: Bergflate/bergsprekk av hinnebregne-utforming, baserike sig, og baserike fuktenger.

Kulturpåverknad: Liten. Lokaliteten grensar i nordvest til Haramsfjellvegen, og har vore beita tidlegare i nedre deler.

Artsfunn: Den raudlista gullprikkklaven *Pseudocypbellaria crocata* (V=sårbar) har her ein av dei få veksestadene sine på kystberg i fuktig lokalklima. Funnt av raudlistearten hinnebregne i ur på overgang fjell-strandflata, ca 500-700 m søraust for Ulla. Dessutan fann vi følgjande artar frå lungeneversamfunnet på berg: lungenever, skrubbenever, kystvrenge, rund porelav (LQ 5660 5243), vanleg blåfiltlav og skålfiltlav. Av planter er det grunn til å nemna blåstorr (gode førekomstar), stortvblad, rosenrot, heistorr, sumphaukeskjegg, loppestorr, fjelltistel, enghumbleblom, kusymre, jordnøtt, kranskonvall, lundrapp, ramslauk, turt, hengjeaks, geittelg, skogvikke, gulsildre, svarttopp, fjellsyre, raudsildre, dvergjamne, kystmaigull (LQ 5656 5229) og raggtelg. Murburkne og blankburkne vart funne alt av Dahl (1895), som også nemner eit merkeleg funn av tysbast under Ullahornet, "et lidet goldt skud med langhaarede blade", dette er langt utanfor det området der ein ville venta å finna denne arten (kalkskog i indre dalstrok). Det vart funne 15 oseaniske eller suboseaniske mosar, og området har potensiale for fleire (bestemt av Kristian Hassel 2003): heimose *Anastrepta orcadensis*, ryemose *Antitrichia curtispindula*, storstylte *Bazzania trilobata*, gullhårnase *Breutelia chrysocoma*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, stripefoldmose *Diplophyllum albicans*, kystlommemose *Fissidens dubius*, kystband *Metzgeria conjugata*, kysttornemose *Mnium hornum*, krusfagermose *Plagiomnium undulatum*, kystjamnemose *Plagiothecium undulatum*, buttgråmose *Racomitrium aciculare*, kystkransmose *Rhytidiadelphus loreus*, kysttvbladmose *Scapania gracilis* og stortujamose *Thuidium tamariscinum*. Hekkeplass for m.a. toppskarv og gråmåse. Heilo og liryte på toppen.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av førekomstar av fleire kravfulle artar, m. a. den raudlista gullprikkklaven (kategori V=sårbar), som her har ein av sine få kjente førekomstar på Vestlandskysten. Lokaliteten er dessutan ein tidlegare og potensiell hekkestad for fleire sjøfuglartar, m. a. toppskarv.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør ikkje planta bartre i lifoten inntil berget. Ein bør ikkje forstyrre fuglane i hekketida.

19 Haramsøya: Ullaholmen: austsida (havstrand)

Lokalitetsnummer:	1534-19
Kartblad:	1120 II Vigra
UTM (EUREF 89):	LQ 56, 53-54
Høgd over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Sandstrand, tangvollar, strandeng og strandsump
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Inngår i våtmarksreservat
Undersøkt/kjelder:	11.07.1984, AAF (Holten m. fl. 1986)

Områdeskildring

Generelt: Blokk/steinstrand med stor fjøre og fleire små vikar og dammar. Vegetasjonen er prega av store driftvoll-område og mindre strandenger.

Vegetasjon: Saltbendel-forstrand, fjøresaltgraseng, ishavsstorreng, saltsiveng, raudsvingeleng, strandstjernesteinstrand med strandkjempe, taresaltgras og strandkryp, havbendel-grus/steinstrand, tangmeldevoll, balderbråvrangdå-voll, gåsemurevoll og høgurt-fleirårsvoll dominert av høymole.

Kulturpåverknad: Grensar til dyrka mark, beite og restar av opprinneleg hei/myrvegetasjon. På undersøkingstidspunktet (1984) beiting, små inngrep (grøft).

Artsfunn: Nokså artsfattig (46 artar), m. a. tiggarsoleie og dikesvineblom.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit strandengområde med nokre uvanlege artar og andre kvalitetar.

Skjøtsel og omsyn

Inngår i våtmarksreservat. Ingen spesielle omsyn ut over det som følgjer av verneforskriftene. Beiting er positivt for naturverdiane.

20 Haramsøya: Ullaholmen: Sjursøya-Mækjevika (havstrand)

Lokalitetsnummer:	1534-20
--------------------------	---------

Kartblad: 1120 II Vigra
UTM (EUREF 89): LQ 562-567 536-543
Høgd over havet: 0-1 m
Hovudnaturtype: Havstrand/kyst
Naturtype: Strandeng og strandsump
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Ingen kjende
Undersøkt/kjelder: 29.09.1994, 24.09.2002, JBJ, sept. 2001, DH & Solveig Fløde

Områdeskildring

Generelt: Blokk/steinstrand, strandenger og ei større vik med strandsumpar. Vegetasjonen er prega av tangvollar, strandsumpar og noko større, beita strandeng og strandsumpar på sørsida. Mest interessant er ei stor førekomst av sverdlilje i Mækjevika. Namnet "Mækje" kjem av gamalnorsk "mækir" som tyder sverd, og tyder på at staden har hatt bestandar av sverdlilje heilt frå vikingtida. Dette namnet er kjent ein stad til i fylket: Mækjå ved Vårsetra i Innfjorden (Rauma).

Vegetasjon: Sverdlilje-førekomsten kan karakteriserast som ei sjeldan utforming av sumpstrand (U9). Elles er havsivaks knytt til brakkvassump, havsivaksutforming (U8). Begge desse er sjeldne typar i Møre og Romsdal. Knortestorr høyrer til strandberg, fattig utforming (X1a). Ulike strandengtypar er representerte.

Kulturpåverknad: Grensar til beite og restar av opprinneleg hei/myrvegetasjon. På undersøkingstidspunktet var området beita av utgangarsau.

Artsfunn: M. a. sverdlilje og dikesvineblom. I 2001 vart det funne havsivaks og knortestorr, to sjeldne strandplanter. Arne Frisvoll fann ishavsstorr ved Sjursøya i 1984 (TRH).

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit større, variert strandeng- og strandsump-område med fleire sjeldne vegetasjonstypar og artar. Beita strandeng av denne typen er på veg til å bli sjeldan i dag.

Skjøtsel og omsyn

Inngår i våtmarksreservat. Ingen spesielle omsyn ut over det som følgjer av verneforskriftene. Beiting er positivt for naturverdiane.

23 Flemsøya/Skuløya: Bakkedalen (myr, kystlynghei)

Lokalitetsnummer: 1534-23 (naturbasen 153401703)
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 60-61, 51-53
Høgd over havet: 175-475 m, myrer mest 200-260 m
Hovudnaturtype: Myr, kulturlandskap
Naturtype: Terrengdekkjande myr, rikmyr, kjelde og kjeldebekk, kystlynghei, kalkrike enger
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Verna som naturreservat (myr)
Undersøkt/kjelder: 13.09.1978 AM (Moen 1984), Fylkesmannen (1988), Fremstad m. fl. (1991)

Områdeskildring

Generelt: Store, hellande myrområde oppe på platået av Skuløya/Flemsøya. Lokaliteten ligg vest for Skulen (492 m). Lia i nordvest er rasmarkprega og bratt, elles skrånar terrenget jamnt sørover mot Longvadalen. Der flatar det ut og beitedrift og mange bekkar og dammar set sitt preg på området. Heile området er kraftig vindeksponert. Terrengdekkjande myrtypar dominerer med innslag av bakkemyr og flatmyr. Det finns fleire kjelder og erosjonskompleks. Det er registrert nærare 100 planteartar i vegetasjonstypane lynghei og myr. Floraen er i hovudsak artsfattig og lite næringskrevjande. Området er verna som myrreservat. Det er målt opp og koordinatfesta. Lokalitetsavgrensinga følgjer reservatgrensene.

Vegetasjon: Nedbørsmyr med tuver dominerer (J2), med røsslyng, klokkelyng og dvergbjørk. Store areal har fattig fastmattevegetasjon med rome og småbjønnskjegg (K3). Nord for Bakkedemma er det innslag av rikkjeldevegetasjon (N2) og rikmyrvegetasjon (M2). Deler av området har og noko kystlynghei (H1, H3).

Fukteng med blåstorr og engstorr (G11) er også rekna som ein truga kulturbetinga engvegetasjon (Fremstad & Moen 2001).

Kulturpåverknad: Tradisjonelt beiteområde. I 2003 berre svakt beitetrykk med sau. Vasskjelde til fellesfjøs i lia i vest.

Artsfunn: Nord for Bakkedemma er det funne svarttopp, skavgras, jåblom, gulsildre, bjønnbrodd og breiull. Brunmosar er vanlege. I myrene er det registrert m.a. heiblåfjør, kysttjønnaks, grøftesoleie, heistorr, blåstorr, engstorr, loppestorr, grønstorr, knegras. Ein interessant art er den varmekjære sør-vestlege knollerteknapp som finst spreidd på Sunnmøre, men er borte frå lyngheiane i Sogn og Fjordane.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit stort og velutvikla område med terrengdekkjande myr, som er ein sjeldan myrtype, og som har vore sterkt redusert pga. dyrking tidlegare. Etter at deler av myrene på Haramsøya vart dyrka, er dette den mest verdfulle lokaliteten i Møre og Romsdal av denne typen ifølgje Moen (1984). Elles finst andre verdfulle element som rikmyr, kystlynghei, kjeldevegetasjon og blåstorr-engstorreng m.m.

Skjøtsel og omsyn

Området er verna. Behovet for skjøtsel er ikkje vurdert i samband med vernet. Tradisjonelt har området vore beita. Det vil vera ein fordel med ei beiting også i framtida.

24 Flemsøya/Skuløya: Skulen, sørsida (myr, kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1534-24 (naturbasen 153401706)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 610-632, 515-525
Høgde over havet:	200-460 m
Hovudnaturtype:	Myr kulturlandskap,
Naturtype:	Terrengdekkjande myr, kystlynghei
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Fremstad m. fl. (1991)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten består av terrengdekkjande myrer sør og aust for fjellet Skulen på Skuløya/Flemsøya, utanfor reservatet i Bakkedalen. Bergarten er granittisk augegneis med førekomstar av eklogitt. Jordsmonnet er sumpjord og torv med 2-4 m torvdjupne. Små areal kystlynghei i myra. Området er relativt artsfattig med vel 100 karplantar fordelt på vegetasjonstypene lynghei, myr, fjellhei og grashei. Dei hellande terrengdekkjande myrene er utsette for erosjon. Området grensar til Bakkedalen naturreservat (lok. 23, naturbasenummer 1534-17-3). Lokaliteten er avgrensa mot skoggrensa i sør, mot Bakkedalen i vest og mot terrengdekkjande myrer i nord. Avgrensinga støttar seg på Fremstad m. fl. (1991) og avgrensingar av H. Sandnes (manuskart).

Vegetasjon: Vegetasjonen endrar seg i ein gradient frå terrengdekkjande myrer med flekkvise lyngheier på dei nedre, flate områda, gjennom røsslyngdominerte kystlyngheiar i meir skrånande terreng til fjellheiar og grassnøleie på Skulen. Dvergbjørk er svært vanleg på myr og gråmose-dominert lynghei opp til ca. 300 m. Tørr røsslynghei (H1a) dekkjer ca. 30 % av arealet, røsslyng-gråmose-type (H1d) <2%, fuktig hei av røsslyng-duskull-heisiv-type 10% og røsslyng-bjønnekamhei (H4) ca. 5%. Resten er myr, grashei og fjellhei. I den tørre lyngheia dekkjer røsslyngen 60-80% og høgda er 30 cm. Einer dekkjer 1-5% av arealet. Attgroing med tre er svært liten. Fattig tuvemyr (K2a, K2b) dekkjer 15-20% av arealet. Terrengdekkjande myr (J2) 10-15%. Fjellheiane (H5) dekkjer ca. 20%.

Kulturpåverknad: Terrengdekkjande myr mot Bergedalen er under oppdyrking (skrive 1990). Litt granplantefelt i den sørvende skråninga under Skulen. Spor etter torvuttak. Restar etter steingjerde og murar. Veg opp til Bergedalen.

Artsfunn: Av interessante artar kan nemnast fjellplantar som musøre, greplyng, svarttopp, bjønnebrodd og tranestorr. Sistnemnde er tidlegare ikkje funne så langt vest på Sunnmøre.

Verdsetting: Dei terrengdekkjande myrane er verdifulle av di denne særmerkte vegetasjonstypen utgjer svært små areal på Sunnmøre, og dessutan har vore redusert som følgje av dyrking. Kystlyngheia vert framleis beita, og har dermed også verdi. Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av førekomstar av terrengdekkjande myr og skjøtta kystlynghei.

Skjøtsel og omsyn

Lynghieipartia er modne og treng skjøtsel (skrive 1990). Heile området kunne med fordel ha vore beita meir.

25 Flemsøya/Skuløya: Sakshammaren (nordvendte kystberg)

Lokalitetsnummer:	1534-25
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 593-594 537-539
Høgde over havet:	40-140 m
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt, skog
Naturtype:	Nordvendte kystberg, rik edellauvskog, kantkratt
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende

Undersøkt/kjelder: Dahl (1895), 08.06.1983, I. Røsberg, 13.12.1998, KJG & DH, 02.07.2002, DH, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Saksehammaren er ein fjellrygg som går sør-nord, og som deler strandflata mellom Husfjellet og Sandvika i to. Det er særleg dei nordaustvende berga og bergerota på austsida som er interessante med ein særmerkt mose- lav- og karplanteflora. Men t. d. hinnebregne førekjem og på vestsida av hammaren, da særleg i blokkmarka ned mot strandflata. Dei store steinblokkene ned mot vegen på austsida er også interessante. Nordvendte kystberg finst ikkje som naturtype i DN (1999a), men er skildra av Gaarder m. fl. (2001). Berggrunnen er god med fleire artar som er svakt kalkkrevande.

Vegetasjon: Bergsprekk/bergvegg (F2), hinnebregneutforming, rasmark (F1), rike kysthasselkratt (D2c).

Kulturpåverknad: Liten når ein kjem opp frå strandflata. Tidlegare beita på tilgjengelege stader.

Artsfunn: Funn av raudlisteartane hinnebregne (V), gullprikklav (*Pseudocyphellaria crocata*) (V) (7 thalli, posisjon LQ 5931 5370) og kystblåfilitlav (*Degelia atlantica*) (DC). Sistnemnde har her si norske nordgrense med to kjente veksestader i berget. Steinblokker ved LQ 5947 5388 med lungenever, sølvnever, kystvrenge, skrubbenever og hinnebregne. I og oppunder berga vart det elles funne blankburkne (også funnen av Dahl 1895), kusymre, murburkne, dunhavre, gjeldkarve, fjellsmelle, svensk asal, hundekveke, kratthumleblom, raudsildre, rosenrot, skogkarse, vivindel, strandkjempe. Lavartar i berget elles: lungenever, vanleg blåfilitlav, skrubbenever, grynporelav, sølvnever.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av førekomst av fleire oseaniske, spesialtilpassa raudlisteartar, m.a. kystblåfilitlaven (V-art) som her er på nordgrensa si.

Skjøtsel og omsyn

Det bør ikkje plantast barskog i lokaliteten, og særleg ikkje inntil berget.

26 Flemsøya/Skuløya: Sandvika (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1534-26
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 599 539
Høgd over havet:	0-20 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark, kalkrike enger
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	18.07.1968, M. & N. Nordhagen, 04.10.1993, 29.09.1994 GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1993, 1995, 1999), 24.09.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Ligg som den førre lokaliteten på nordaustsida av Flemsøya. Kupert og steinet utmarksbeite med fuktig grashei. Godt beitetrykk av sau og storfe. Spor av naturgjødsl på større grasflekker. Nærast ned mot havet var det mye skjelsand i jordsmonnet.

Vegetasjon: Vegetasjonen på skjelsanden har preg av kalkrike engar (nærast G11) med overgangar mot meir basefattede typar (G1, G4, G3) og lynghei (H1, H3).

Kulturpåverknad: Området er eit gammalt beiteområde, og vert framleis beita (2003).

Artsfunn: På skjelsanden fanst kalkindikatorane vill-lin, fjellsmelle, raudsildre og gulsildre. Det vart også funne marinøkkel. Av sopp kan nemnast brun engvokssopp *Hygrocybe colemanniana*, brunøygd vokssopp *Hygrocybe virginea* var. *fuscescens*, russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea*, spissvokssopp *Hygrocybe persistens*, gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata* og svartlodnetunge *Trichoglossum hirsutum*. Ellers vart den sjeldne jordtungearten dynetunge *Geoglossum cookeianum* funnen i dyneprega sand. R. Nordhagen fann blåstorr i 1968 (jfr. egne funn på Halseberga i nærleiken).

Verdsetting: Beita skjelsandeng på kysten er ein vegetasjonstype som det berre finst små areal av (Moen, Norderhaug & Skogen 1993:22, Fremstad & Moen 2001). Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at lokaliteten har ein sjeldan og svært truga vegetasjonstype med mange raudlisteartar.

Skjøtsel og omsyn

Den store konsentrasjonen av kalkkrevande beitemarkssopp og fjell- og engplanter gjer denne lokaliteten nokså eineståande i fylket så langt vi kjenner til i dag. Beitebruken bør halda fram som før og området bør ikkje gjødslast. Særleg gjeld dette dei sandrike, kortbeita partia ned mot sjøen.

27 Flemsøya/Skuløya: Halseberga (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1534-27

Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 605 538
Høgd over havet: 0-20 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark, kalkrike enger, fuktenger
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Attgroing
Undersøkt/kjelder: 04.10.1993, 29.09.1994 GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1993, 1995, 1999), 02.07.2002, JBJ & DH, 24.09.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Del av trefattig utmark på nordaustsida av Flemsøya, det vil seia heilt ut mot havet. Kupert og steinet utmarksbeite med fuktig grashei. Det er truleg noko skjelsand i jordsmonnet på deler av lokaliteten.

Vegetasjon: Overgangar mellom fuktig fattigeng (G1), fuktenger, fattigmyr (K3), frisk fattigeng (G4), baserik eng (m.a. G11 blåstorr-engstorr-eng som er ein truga vegetasjonstype, Fremstad & Moen 2001) og ulike typar røsslynghei (H1, H3).

Kulturpåverknad: Tradisjonelt beiteområde. Ei viss beiting også i 2003. Spor av gjødsling på større grasflekker, men også beita grasflekker utan gjødselpreg. Vegen til Ura går gjennom lokaliteten

Artsfunn: Av planter kan nemnast tusenfryd, dikesvineblom (sparsam), blåkoll, kjeldeurt, jåblom, bogestorr, loppestorr, raudsildre, dvergjamne, rosenrot, svarttopp, bitterbergknapp, bekkeblom, kusymre, engstorr og blåstorr. Lokaliteten har etter to besøk 21 kjente artar av beitemarkssopp og 42 artspoeng. Mellom desse var kalkindikatorane spissvokssopp og russelærvokssopp. Mest interessant var funnet av den raudlista gul slimvokssopp *Hygrocybe vitellina* (V=sårbar), som er ein sjeldan beitemarkssopp som berre er funnen i magre grasheiar med lang kontinuitet ute på kysten (Jordal & Gaarder 2002). Vidare fann ein dei omsynskrevande artane svartdogga vokssopp *Hygrocybe phaeococcinea* og raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta*. Enda eit interessant funn var raudlistearten gulgrønnette (*Mycena chlorantha*), som tidlegare berre synest å vera kjent frå sanddyner på Lista, altså norsk nordgrense her. Arten vert rekna som typisk sanddyneart i Danmark (Elborne 1989). Det vart vidare funne tre jordtungeartar.

Verdsetting: Dette er en del av et større område med betydelig kalkinnslag og mange sjeldne beitemarkssopp, og bør få høg verdi. Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av forekomst av mange raudlistearter, dels i kategori sårbar.

Skjøtsel og omsyn

Det er viktig at beitinga held fram. Det er ønskeleg at området ikkje blir gjødsla.

28 Flemsøya/Skuløya: Ura-Nogva (kystlynghei)

Lokalitetsnummer: 1534-28
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 61 53
Høgd over havet: 0-30 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Kystlynghei, naturbeitemark
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Attgroing
Undersøkt/kjelder: Dahl (1895), 18.07.1968, M. & N. Nordhagen, 29.09.1994 GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1999), 02.07.2002, JBJ & DH, 24.09.2002, JBJ, 15.10.2003, K. Hassel & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Området er ei nordaustvendt strandflate og fjellskråning ned mot havet aust for dei nedlagte bruka på Ura, med lynghei som dominerande vegetasjon. Mindre område med grasdominert vegetasjon finst. Dette er delvis gamle enger som truleg har vore både gjødsla og somme stader pløgd til åker. Det finst litt gammal natureng somme stader ved strandflatene. Området grensar mot ein annan omtala lokalitet, Halseberga, som vidare går over i Sandvika. I aust har ein velt å trekkja lokaliteten til Nogva, sjølv om deler av Nogva-utmarka er noko meir attgrodd med høg røsslyng.

Vegetasjon: Mest tørre til fuktige kystlyngheier (H1, H3), litt frisk fattigeng (G4), fuktig fattigeng (G1) og overgangar til fattig og intermediær myr (K3, L2). I engvegetasjonen dominerer mange stader engkvein, gulaks, raudsvingel, englodnegras og sølvbunke.

Kulturpåverknad: Området i vest er i sakte attgroing, med svakt beitetrykk, men er i vesentleg betre hevd enn Nogva-sida, som har grodd at meir og gjennom lengre tid. Nær Nogva var det framleis beita i 2003.

Artsfunn: Av beitemarkssopp kan nemnast lutvokssopp og grå vokssopp, ialt vart det funne 11 vokssoppartar, 6 raudskivesoppar og 2 køllesoppar, men ingen raudlisteartar. Av planteartar kan nemnast kornstorr, rosenrot, myrsaulauk, raudlistearten hinnebregne (V=sårbar, mange stader mellom grove steinblokker), stjernesildre, heistorr, smalkjempe, småengkall, loppestorr, svarttopp, bekkeblom, dikesvineblom (sparsam), jordnøtt, kystgrisøyre, bitterbergknapp og dvergsmyle. I pyttar nær sjøen vart det funne sumpsivaks og tusenblad. Dunhavre (funne ved Ura av Dahl 1895). Rolf Nordhagen fann blåstorr i området i 1968 (jf eigne funn i nordvendte berg). Det vart observert piggsvin i 2003.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit lynghei- og beiteområde som framleis er litt i bruk, og muleg å ta vare på, og med eit visst mangfald knytt til beitebruken. Potensialet for fleire artar av beitemarkssopp er heilt klart til stades, noko som kan endra verdsettinga for området.

Skjøtsel og omsyn

Beitetrykket bør bli sterkare, elles vil området gro heilt att. Ein bør unngå større fysiske inngrep.

29 Flemsøya/Skuløya: Ura-Nogva (nordvendte kystberg)

Lokalitetsnummer:	1534-29
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 612-617, 530-533
Høgd over havet:	50-250 m
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt, kulturlandskap
Naturtype:	Nordvendte kystberg, ultrabasisisk og tungmetallrik mark i låglandet, kystlynghei
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	Dahl (1895), 02.07.2002, JBJ & DH, 16.10.2003, Kristian Hassel & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Området er ei nordaustvendt fjellskråning med store steinblokker nedst, rasmark og berg med interessante kløfter lenger opp. Området har omlag same karakter heilt frå Ura til busetnaden på Nogva. Lokaliteten har dei største førekomstane som er kjent av dei kravfulle artane hinnebregne (raudlista plante) og gullprikkklav (raudlista lav) i fylket, og har dessutan store bestandar av ei rekkje oseaniske artar generelt, da særleg av mosar. Lokaliteten er ein av dei best velutvikla døma på nordvendte kystberg i fylket, ein naturtype som ikkje er med i DN (1999a), men er skildra av Gaarder m.fl. (2001). I Nogvadalen er det observert olivin, men førekomsten er vanskeleg tilgjengeleg og er ikkje undersøkt. Mosar er bestemt av dr. scient Kristian Hassel. Lokaliteten er best undersøkt i Stødalsområdet ved Ura, dessutan ved toppen av berget ovafor Uraneset der vi gjekk ned ei kløft frå dyrkingsfeltet ved toppen av berget, og på Nogvasida der vi undersøkte ei kløft opp for Skarveneset.

Vegetasjon: Bergsprekk/bergvegg (F2), hinnebregneutforming, rasmark (F1), rike sig (N3), tørr røsslynghei (H1).

Kulturpåverknad: Liten, tidlegare beita på tilgjengelege stader.

Artsfunn: Mest interessant er 2. funn i Noreg av ein kystbunden mose, *Pohlia myldermansii*, som tidlegare berre er funnen i Hordaland, og elles i Europa er kjend frå dei britiske øyane, Nederland og Belgia. Svært interessant var også to gode lokalitetar av raudlistearten gullprikkklav *Pseudocypbellaria crocata*, ein stad med 6 thalli (LQ 6134 5310) og ein med ca. 30 thalli (LQ 6125 5320). Denne sjeldne lavarten er svært fuktkravande og har få lokalitetar på berg langs Vestlandskysten (hovudutbreiing i kystgranskogen i Trøndelag). Andre interessante lavartar: lungenever, skrubbenever, rund porelav, grynfiltlav, kystnever. Interessante planteartar typiske for nordvendte kystberg: hinnebregne (raudlistearter, kategori V=sårbar, mange lokalitetar og store mengder heilt opp til toppen av berget), kystmaigull (4 lokalitetar, den eine ved toppen av berget), blåstorr, sumphaukeskjegg, trollurt, skjørlok, svarttopp, fjelltistel, rabbesiv, fjellsmelle og gulsildre. Dahl (1895) nemner skogsvinerot. Heile 28 oseaniske eller suboseaniske moseartar vart påvist (av totalt ca. 100 slike artar i fylket): heimose *Anastrepta orcadensis*, ryemose *Antitrichia curtispindula*, småstylte *Bazzania tricrenata*, storstylte *Bazzania trilobata*, gullhårmose *Breutelia chrysocoma*, kopparvrangmose *Bryum alpinum*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, glanssåtemose *Campylopus schwarzii*, stripefoldmose *Diplophyllum albicans*, vengemose *Douinia ovata*, skjørblæremose *Frullania fragilifolia*, skogåmemose *Gymnomitrium obtusum*, dronningmose *Hookeria lucens*, musehalemose *Isoetecium myosuroides*, grannkrekemose *Lepidozia pearsonii*, kystband *Metzgeria conjugata*, kysttornemose *Mnium hornum*, krusfagermose *Plagiomnium undulatum*, kystjammemose *Plagiothecium undulatum*, *Pohlia myldermansii*, skimmermose *Pseudotaxiphyllum elegans*, buttgråmose *Racomitrium aciculare*, bekkegråmose *Racomitrium aquaticum*, kysturnemose *Rhabdoweisia crispata*, kystkransmose *Rhytidadelphus loreus*, kysttvebladmose *Scapania gracilis*, fjordtvebladmose *Scapania nemorea* og stortujamose *Thuidium tamariscinum*. Området har og ein viktig viltfunksjon.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av forekomst av fleire kravfulle raudlisteartar, og generelt eit uvanleg stort mangfald av kystartar.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg at særleg berga og bergerota vert spara for større fysiske inngrep. Blokkmarka på strandflata er også viktig for fuktkrevande mosar og hinnebregne. Ein bør ikkje planta bartre i lokaliteten, og særleg ikkje i lifoten inntil berget, for dette vil skugga ut fleire sjeldne artar. Nokre av dei kravfulle artane kan vera i tilbakegang som følgje av attgroing (høg røsslyng og einer som skuggar ut t.d. hinnebregne og lyskrevande mosar, særleg på Nogva-sida). Ein skulle derfor ha fått igang att beiting av sau, elles vil området gro att.

30 Flemsøya/Skuløya: Rogne: Hallingen (hasselkratt)

Lokalitetsnummer:	1534-30
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 614-625, 512-515
Høgd over havet:	60-200 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	28.07.1988, JBJ, 03.02.2003, DH

Områdeskildring

Generelt: Hasselkratt og ur i sørhellinga av Skulen.

Vegetasjon: Rike hasselkratt, kystutforming (D2c, truga vegetasjonstype). Godt utvikla lågurtsamfunn i dei konkave partia.

Kulturpåverknad: Nedste delen av lia er planta til med gran, sitka, furu og anna. Ein del hogst i same området.

Artsfunn: Det vart funne mellom anna kusymre, sanikel, skogfredlaus, orkidéen fuglereir to stader, myske og vivendel. Det vart òg funne ein del lungenever. Elles nokre få almetre. I Storgjølet i nærleiken har også I. Røsberg funne skogfredlaus. Området har eit heilt klart potensial for funn av sjeldne og raudlista soppar knytte til hassel.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av det er eit uvanleg godt utvikla hasselkratt på ytterkysten. Ingen andre stader på Nordøyane kan vise til så velutvikla hasselkratt. Bete undersøkingar kan gje grunnlag for høgare verdi.

Skjøtsel og omsyn

Beitinga bør halda fram. Det beste for dei biologiske verdiane er om ein ikkje hogg eller skiftar treslag meir enn det som allereie er gjort. Best ville det vore om ein kunne heldt heile sørhellinga fri for bartre.

31 Flemsøya/Skuløya: Rogneneset-Storøyra (havstrand)

Lokalitetsnummer:	1534-31
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 62-63, 49
Høgd over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Strandeng og strandsump, tangvollar
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende, inngår i reservat
Undersøkt/kjelder:	11.07.1984, AAF (Holten m. fl. 1986)

Områdeskildring

Generelt: Blokk/steinstrand med fimateriale, som går over i variert strandeng med mange pølar og panner.

Vegetasjon: Typane er henta frå Holten m. fl. (1986) og samsvarar ikkje heilt med Fremstad (1997). Saltbendelpanne, fjøresaltgraseng, saltsiveng, raudsvingeleng, strandstjerne-steinstrand, hanekameng, krypkveineng, rustsivakseng, fjørestorreg, havstorreg, tangmeldevoll, kvekevull, strandrørvoll og høgurt-fleirårsvoll dominert av mjøduart og dels med strandkvann.

Kulturpåverknad: Grensar til dyrka mark og beite. På undersøkingstidspunktet (1984) beiting, steinutgardar, naust.

Artsfunn: Middels artsrikt (63 artar), m. a. dikesvineblom og krysningen slåttestorr x ishavsstorr.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit strandengområde med nokre uvanlege artar og andre kvalitetar.

Skjøtsel og omsyn

Inngår i våtmarksreservatet Rogneholmen. Ingen spesielle omsyn ut over det som følgjer av verneforskriftene.

32 Flemsøya/Skuløya: Rogneholmen (naturbeitemark, sandstrand)

Lokalitetsnummer:	1534-32 (naturbasen 153401300)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 64 48
Høgd over havet:	0-7 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst, kulturlandskap
Naturtype:	Tangvollar, sandstrand, strandeng og strandsump, naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Forstyring av vilt, opphøyr av beite (inngår i reservat)
Undersøkt/kjelder:	Folkestad (1978), Fylkesmannen (1982), Nils Sanden

Områdeskildring

Generelt: Dette er ein holme søraust for Flemsøya/Skuløya, ein del av eit verna areal på ca. 2 km².

Verneområdet omfattar litt av stranda på Flemsøya, Rogneholmen og gruntvassområda mellom. Her er avgrensa berre Rogneholmen er ein liten låg holme som består av rullestein, sand og morenemateriale. Det skal og finnast flygesand på austsida. Det finst tarevollar i buktene. Lokaliteten er hekkeplass, fjørfellingsplass, trekk og overvintringsområde for fugl. Lokaliteten burde vore betre undersøkt, men dette er ikkje prioritert i prosjektet.

Vegetasjon: Sandstrender på austsida. Strandenger, myr og grasdominert beitemark. Store tidevassoner med tarevollar.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er lite påverka av inngrep. Eit sommarfjøs på Rogneholmen, tradisjonelt beiteområde, litt beiting også siste somrane.

Artsfunn: Floraen er dårleg kjent. Hekkande gravand, grågås (4-5 par), ærfugl, tjeld, vipe, steinvendar og myrsnipe, koloniar av tjuvjo, fiskemåse (inntil 100 par), raudnebbterne (inntil 150 par). Dei fleste data er frå 70-talet. I gruntvassområda rundt overvintrande smålom, islom, gulnebbblom, gråstrupedykkar, horndykkar, sjøender og alkefugl (inntil 100 sjøorre, over 100 alke og 100-200 teist).

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av sannsynlege verdiar knytt til strand og beitemark.

Skjøtsel og omsyn

Området er verna. Beiting på Rogneholmen er ønskjeleg. Strendene og beitemarkene burde ha vore betre undersøkt.

33 Flemsøya/Skuløya: ved Husfjellet (naturbeitemark, kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1534-33
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 587-593, 539-544
Høgd over havet:	0-20 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark, kystlynghei
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	04.10.1993, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1993, 1999), 24.09.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Ligg på nordaustsida av Flemsøya nord for Husfjellet og Saksehammaren, det vil seia heilt ut mot det opne havet. Kupert og steinet utmarksbeite med fuktig grasmark og kysthei. Lokaliteten er for dårleg undersøkt, og avgrensinga er usikker.

Vegetasjon: Vegetasjonen er dels frisk fattigeng (G4), dels gammel dyrka eng som no er i utmagring mot naturbeitemark, dels fuktig kystlynghei/fattigmyr (H3/K3) og noko tørrare røsslynghei (H1).

Kulturpåverknad: Området vert framleis noko beita (2003). Vegar, masseuttak.

Artsfunn: Det vart funne mellom anna gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata* og skjeljordtunge *Geoglossum fallax*.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit variert, mosaikkprega kystbeitelandskap med kvalitetar knytt til langvarig bruk. Området er ikkje godt nok undersøkt, og har potensiale for meir enn det som er funne.

Skjøtsel og omsyn

Beitinga bør halda fram.

34 Løvsøya: Svarthammaren (nordvendte kystberg)

Lokalitetsnummer:	1534-34
Kartblad:	1120 II Vigra
UTM (EUREF 89):	LQ 564-567 465
Høgde over havet:	ca. 70-200 m
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	Nordvendte kystberg
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	09.09.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ei nordvendt li med steinur, berg og brattheng ved Svarthammaren på nordaustsida av Løvsøya (ved Kjerstad).

Vegetasjon: Rasmarker (F1), bergsprekk og bergvegg (F2), rike sig (N3). Vegetasjonen er dels noko baserik.

Kulturpåverknad: Sitkagranplantingar i nedre del, ellers liten kulturpåverknad.

Artsfunn: Av planter vart m.a. notert blåstorr, dvergjamne, enghumleblom, fjellsyre, fjellistel, grønstorr, gulsildre, hestehavre, krattlodnegras, kusymre, kystgrisøyre, loppestorr, raudsildre, rosenrot, skogvikke, stankstorkenebb, sumphaukeskjegg, svarttopp og taggbregne. Av mosar vart det notert: gullhårrose, dronningmose, kammose, pelssåtemose, krokodillemose, stripefoldmose, storstylte, kystjammemose, kystkransmose og raudmuslingmose. Særleg gullhårrose og dronningmose er kravfulle kystartar. Lokaliteten har også viktig viltfunksjon.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit relativt variert og artsrikt område med nordvendte kystberg.

Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle utanom å unngå fysiske inngrep. Hekkande viltartar bør ikkje forstyrast.

35 Løvsøya: prestegarden-Storneset (havstrand)

Lokalitetsnummer:	1534-35
Kartblad:	1120 II Vigra
UTM (EUREF 89):	LQ 565 471
Høgde over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Sandstrand, tangvollar, undervassenger
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	09.09.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ei nordvendt sandstrand ved gravplassen mellom prestegarden og Storneset på nordaustsida av Løvsøya.

Vegetasjon: Litt driftvollsamfunn med tangmelde m.m. (V1, V2), utanfor ålegrasenger (U1).

Kulturpåverknad: Litt utfylling frå dyrka mark, bruka som bade plass.

Artsfunn: Det vart m.a. notert hestehavre, strandarve, strandrug og ilanddrive ålegras.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit relativt artsfattig strandområde.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

36 Løvsøya: Sætnakken (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1534-36
Kartblad:	1120 II Vigra
UTM (EUREF 89):	LQ 559-560, 475
Høgd over havet:	ca. 40-80 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark, kystlynghei
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	09.09.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ei naturbeitemark i ei nordaustvendt helling ovanfor vegen ved Sæt.

Vegetasjon: Dels frisk fattigeng (G4) med ein del einer i øvre del, dels ulike utformingar av kystlynghei.

Kulturpåverknad: Lokaliteten vart beita av sau i 2003.

Artsfunn: Av planter vart m.a. notert blåkoll, geitsvingel, heisiv, jordnøtt, knegras, kornstorr og smalkjempe. Av sopp vart det funne ein raudlista beitemarkssopp: gulfovokssopp *Hygrocybe flavipes* (DC-omsynskrevande).

Elles vart det funne eit par andre beitemarkssoppar.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark som er relativt typisk for regionen, med ein raudlista beitemarkssopp i lågare kategori.

Skjøtsel og omsyn

Viktigast er at beitinga held fram. Ein bør unngå fysiske inngrep.

37 Løvsøya: Rønstad/Måsehamrane (edellauvskog, sørvendt berg/rasmark)

Lokalitetsnummer:	1534-37 (naturbasen 153400105)
Kartblad:	1120 II Vigra
UTM (EUREF 89):	LQ 538-552, 455-460
Høgd over havet:	60-200 m
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt, skog
Naturtype:	Sørvende berg og rasmarker, rik edellauvskog (+viltområde)
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Forstyring
Undersøkt/kjelder:	Dahl (1895), 25.07.1933 & 25.07.1935, Harald Goksøyr (1939), 07.1975, I. Røsberg, april 1999 & juli 2000, DH, 09.09.2003, JBJ, Naturbasen, Folkestad & Loen (1998, vilt)

Områdeskildring

Generelt: Vest til sørvestvendt, bratt li, uret terreng med hassel og alm somme stader. Området er ei blanding av hamrar og stup, skredmark og steinurd, fleire skard, og har dels frodig gras- og urtevegetasjon. I den sørvestvende fjellsida bak Rønstad på Løvsøya, omlag 150 m høg, har det tradisjonelt vore sjøfuglkoloniar av tilnærma fuglefjellsform. Under registreringane 1994-95 var det framleis ein sjøfuglkoloni i dette området, men bestandane har gått sterkt attende dei siste 20-25 åra.

Vegetasjon: Her er det dels opne, grasrike berg og rasmarker, dels skog av varmekjær type, med m.a. alm, hassel og hagtorn, med grasdominert (tidlegare beita) undervegetasjon.

Kulturpåverknad: Ved Rønstad er det teke ut masse frå ei ur. Tidlegare beiting, gjerde og utmarksfjøs. Lite beiting i dag, og området gror att.

Artsfunn: Viktig botanisk lokalitet. Funn av sandarve, småborre, engtjæreblom, skogsvinerot, lintorskemunn, bergmjølke og rundskolm (Dahl 1895), begerhagtorn, blåstorr, engtjæreblom og bergasal (H. Goksøyr 1933-35), falkbregne, lodnerubloom og rundskolm (I. Røsberg 1975-83). I 2003 vart det funne blankburkne, brunrot, dunhavre, gjeldkarve, gulmaure, hengjeaks, hestehavre, kransmynte, kratthumleblom, krattlodnegras, krossved, kusymre, kvitblattistel, kystbergknapp, lundgrønaks, lundrapp, mørkkongslis, rosenrot, stankstorkenebb, storfrytle, svarterteknapp, svartknoppurt og vivendel. Stein og berg hadde velutvikla lungeneversamfunn i hasselskogen, med lungenever, skrubbenever, glattvrenge, lodnevrenge og vanleg blåfiltlav. Av sopp vart det i hasselskogen funne: lundslørsopp *Cortinarius largus*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, sølvhette *Mycena polygramma*, grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* (DC – hensynskrevande), marsipankremle *Russula grata* (R – sjeldan), smørkremle *Russula lutea*, skjeggfrynse-sopp *Thelephora penicillata* (R – sjeldan), broket musserong *Tricholoma luridum* og svovelmusserong *Tricholoma sulphureum*. Rundt 1970 hekka det 7-800 par

gråmåse i Måsehamrane (90-talet 300). På 1970-talet var det ein periode rik hekkebestand på omlag 50 par sildemåse (no borte) og 50-100 par fiskemåse (borte) i myrområda på platået bak hamrane. På det meste hekka det rundt 70 par havhest (no 10-15 par) og 90-100 par toppskarv (no 5-10). Det var såleis ein sjøfuglkoloni med minst 1000 par i dette området på 70-talet, medan det i 1994-95 var ca. 330 par. I 2003 få par havhest, gråmåse og toppskarv (kjelde: Magne Kjerstad). Hausten 2003 vart det i lokaliteten observert spettmeis, ramn, ringtrast, bergirisk, gjerdesmett og flaggspett.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) som naturtype på grunn av velutvikla og artsrik edellauvskog og sørvendt rasmark/berg av oseanisk utforming. Verdien som viltområde kjem i tillegg.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå innplanting av framande treslag. Sjøfuglane bør ikkje forstyrast. Det er ønskeleg med beiting igjen i rasmarkene, som no gror att.

38 Løvsøya: Rønstadheia-Graslia-Storhaugmyrane (kystlynghei, terrengdekkjande myr)

Lokalitetsnummer:	1534-38 (naturbasen 153400102)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 528-550, 460-480
Høgde over havet:	0-300 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap, myr
Naturtype:	Kystlynghei, kalkrike enger, terrengdekkjande myr, rikmyr
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Fremstad m. fl. (1991), 15.07.2003, DH & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Området ligg på Løvsøya og omfattar omtrent heile dei indre slake fjellpartia, ikkje berre høgdedraga vest for Goaldet slik som avgrensa hos Fremstad m. fl. (1991). Lokaliteten er ein mosaikk mellom lynghei/grashei og myr. Berggrunnen er granodiorittisk gneis med finkornig biotitt- og hornblende, grå gneisar, samt granittisk augegneis. I vest og nord grensar lokaliteten til bratte rasmakar og fjellskråningar ned mot havet (eigne lokalitetar). Elles er topografien hellande med flatare parti over høgdedraget. Det er registrert 136 karplantar innanfor området, fordelt på vegetasjonstypene lynghei, myr og kulturpåverka engvegetasjon (Fremstad m.fl. 1991).

Vegetasjon: Torr røsslynghei (H1), fuktig hei av røsslyng-duskull-heisivtype, røsslyng-blåtopp-type er lite utbreidd (H3g). Oppe på Storhaugen kjem det inn alpine artar som rypebær og stivstorr. I nordskråninga ned mot Hellevik er det mest fuktig lynghei. På flater rundt Storhaugen finst terrengdekkjande myr (J2, J3). Elles er middelsrike fastmattemyrer (M2) vanleg i sørskråninga nordvest for Rønstad, med overgangar mot G11 vekselfuktig baserik eng (med blåstarr-engstorr-eng, som er ein sterkt truga vegetasjonstype) og H2b rik grashei. Fattig grashei H2a utgjer vesentlege areal, særleg i sørhellingane av Goaldet (Graslia).

Kulturpåverknad: Lyngen i heiane nærast Rønstad er gammal og høgvaksten (1990), og er i attgroing med einer. Lyngheiane på nordsida er mindre attgrodd. Ingen teikn til attgroing med tre. Tidlegare sterk beiting, men grasheiane gror no til med røsslyng. Svak beiting av sau. Nokre steingjerde. Traktorveg opp frå Hellevik. Torvtekt. Mindre granplantefelt på nordsida. Eit problem for framtidig skjøtsel er det omfattande gjerdehaldet (kjelde: Magne Kjerstad).

Artsfunn: I området på fjellet bak Nosa (nordvest for Rønstad) fann Ingvald Røsberg 30.06.1975 purpurlyng, noko som er nordgrense i Noreg. Arten vart ikkje attfunnen i 2003 av to mann med kikkert i blomstringstida, så det er truleg lite av han. Noterte artar, dels 2003: blåstorr, dvergjamne, gulsildre, svarttopp, loppstorr, særbustorr, bjønnbrodd, kusymre, jordnøtt, fagerperikum, kvitsymre, skogfiol, heiblåfjør, tiriltunge, stivstorr, rypebær, vill-lin, myrsaulauk, gulmaure. Mange av desse artane er kalkkrevande, og det er t.d. ikkje særleg vanleg å finna vill-lin i kystlynghei. Deler av området er leveområde for lirype.

Verdsetting: Bevaringsverdien er stor på fylkes- og landsplan. Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ei større område med mange kvalitetar, m. a. kalkrik hei og eng, terrengdekkjande myr og nordgrense for purpurlyng - ein viktig merkeplante i kystlynghei.

Skjøtsel og omsyn

Gammel lyng bør brennast og beitetrykket må aukast monaleg. Området skulle vera lett å driva med unntak av gjerdehald. Sjølv om deler av lyngheia er gamal, vil ein effektiv skjøtsel skapa eit særst representativt lyngområde for ytre Sunnmøre. Ein bør unngå større fysiske inngrep.

39 Løvsøya: vestsida: Nosa-Hestedalsnakken (berg/rasmark, grotter)

Lokalitetsnummer:	1534-39
Kartblad:	1120 II Vigra
UTM (EUREF 89):	LQ 527-539, 460-480,
Høgd over havet:	0-200 m
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt, skog, kulturlandskap
Naturtype:	Sørvende berg og rasmarker, nordvendte kystberg, rik edellauvskog, kystlynghei, kalkrike enger
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	Dahl (1895), 26.07.1933 & 01.08.1934, Harald Goksøyr, 14.11.2002 TCM, 08.07.2000, 09.02.2003, DH, 15.07.2003, DH & JBJ

Områdeskildring

Generelt: På vestsida av Løvsøya er det ei lang strekning med vestvendte berg og fleire grotter på strekninga Nosa-Karihola. Denne lokaliteten omfattar dei bratte partia på denne strekninga. Strandflata på vestsida er skildra som eigen lokalitet, det same gjeld kystheia på fjellet ovanfor. Biologiske kvalitetar er knytt til både varme, soleksponerte rasmarker og berg, meir fuktige, skuggefulle parti med oseaniske artar, lyngheiparti og rike sig med kalkkrevande artar. Hellarar: Øvre Sjøhellaren LQ 537 462, Duehellaren LQ 538 463, Kyrahellaren LQ 529 475, Rønsthellaren LQ 539 465. Ein hellar ved LQ 530 475 var muleg å koma inn i første gong i 2002 pga. låg vasstand (Magne Kjerstad).

Vegetasjon: Bergflate, hinnebregneutforming og havburkneutforming (omsynskrevande vegetasjonstypar, Fremstad & Moen 2001), rasmarker (F1), små flekker av rik edellauvskog med innslag av alm og hassel. Eit ospenholt med mykje hestehavre, krattmjølke, tågebær og einer har førekomst av gullprikkklav.

Kulturpåverknad: Tidlegare beiting av husdyr på tilgjengelege stader. Den kjende Kyrahellaren er vorten planert utover i botnen av hellaren heilt inn til bergrota. Fronten er murt opp med blokker, og helleren vert brukt av sauer om sommeren.

Artsfunn: Interessant funn av raudlistearten gullprikkklav (V – sårbar). Han veks blant mose på berg og einer mellom Rønsthellaren og Kyrahellaren, rett aust for Rådet i det nordlegste av to ospenholt som er synleg lang veg (LQ 537 469). Funn av raudlistearten havburkne (R – sjeldan, norsk nordgrense) i Kyrahellaren (Harald Goksøyr: 1933-34, DH/JBJ 2003: svært sparsam, fann berre tre klasar med få bladplater på kvar). Hinnebregne (V – sårbar) ved Øvre Sjøhellaren LQ 462 537 og murburkne ved Duehellaren LQ 538 463, 14.11.2002, Tore C. Michaelsen. Bergrota frå Kyrahellaren og sørover mot Rønsthellaren er undersøkt av DH i 2003. Der var måteleg utvikla lungeneversamfunn med så vidt lungenever og sølvnever, noko meir skrubbenever. Blankburkne fanst heile vegen. Interessante planter elles: alm, bergasal, bergfrue, blankburkne, blåstorr, dunhavre, enghumbleblom, engsmelle, fagerperikum, gjeldkarve, gulmaure, gulsildre, gulskolm, hassel, havburkne, hengjeaks, hestehavre, hinnebregne, jonsokkoll, knegras, knollerteknapp, krattlodnegras, kusymre, lundrapp, murburkne (funne alt av Dahl 1895), mørkkongslis, ramslauk, raud jonsokblom, raudsildre, revebjelle, rosenrot, sanikel, skogkarse, skogvikke, smalkjempe, småbergknapp, storblåfjør, storfrytle, vill-lauk, vivendel. Dahl (1895) nemner og vårskrinneblom ved Rønsthellaren. Observerte fuglearter i 2003: steinskvett, ringtrast, ramn, svarttrast, bergirisk, gjerdesmett, kråke, gransongar. Området har truleg potensiale for oseaniske moseartar (ikkje undersøkt).

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av førekomst av fleire krevande raudlisteartar (dels i høg raudlistekategori), nordgrense for havburkne, og fordi det generelt er eit svært variert og artsrikt område.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

40 Løvsøya: strandflata på vestsida (strand, naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1534-40
Kartblad:	1120 II Vigra
UTM (EUREF 89):	LQ 53, 46-47
Høgd over havet:	0-40 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst, kulturlandskap, ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Tangvollar, naturbeitemark, kalkrike enger, fuktenger, kystlynghei, dammar
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende

Undersøkt/kjelder: 01.08.1934, H. Goksøyr, 02.08.1969, M. & R. Nordhagen, 28.06.1982, I. Røsberg, 15.07.2003, DH & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Kystutmark med spor etter gammal busetnad på strandflate ned mot havet langs heile vestsida av lepsøya frå Stølsvika til Litje-Raet. Berga, rasmarkene og grottene bakom er skildra som eigen lokalitet.

Vegetasjon: Gammal naturbeitemark (G1, G3, G4), kystlynghei (H1, H3), fuktenger, dels kalkrike (G11 med engstorr, hårstorr og blåstorr som er ein sterkt truga vegetasjonstype, G12a), bergknaus og bergflate av kystbergknapp-dvergsmyle-utforming (F3d, klassifisert som omsynskrevande vegetasjonstype), rikstorrsump med toppstorr (O4, sterkt truga vegetasjonstype), dammar med langskot- og flytebladvegetasjon (P1, P2) med m.a. småtjønnaks, strandberg (X1) med m.a. knortestorr og knopparve, driftvollar (V2) og øvre saltenger (U5a).

Kulturpåverknad: Mange spor etter gammal busetnad (Litj-Rået, Rået, Færvollane med ca. 30 gravrøyser, steingjerde, sommarfjøs murar m.m.). Det er oppsett fleire informasjonsskilt. Tidlegare beiteområde, i dag i attgroing, men svakt beitetrykk, 8 sauer vart observerte i 2003.

Artsfunn: Funnt av raudlisteartane toppstorr (DC – omsynskrevande, først funnen i 1934 av Harald Goksøyr, atfunnen i 1982 av I. Røsberg og av DH/JBJ i 2003) og kystengkall *Rhinanthus minor ssp. monticola* (DM – bør overvakast, 02.-03.08.1969, M. & R. Nordhagen). Toppstorr fanst i fleire pyttar ned mot stranda ved Kyrahellaren og Litje-Rået. Av planter kan elles nemnast: bekkeblom, bekkestjerneblom, bitterbergknapp, bjønnebrodd, blåstorr, bogestorr, dikeminneblom, dunhavre, dvergsjamne, dvergsmyle (mange stader, dels gode bestandar), dysiv, engstorr, fagerperikum, gulmaure, gulsildre, heifrytle, heisiv, heistorr, hårstorr, hårsvæve, jåblom, kattedot, knegras, knopparve, knortestorr (dels gode bestandar), kusymre, kystbergknapp, kystgrisyre, kysttjønnaks, loppestorr, myrsaulauk, skjoldberar, småtjønnaks, strandbalderbrå, strandkjeks, strandstjerne, sumphaukeskjegg, sumpmaure, særbustorr, tusenblad, vill-lin og åkerdylle. Det er også observert padde (A.O. Folkestad) og hoggorm (DH/JBJ). Oterstigar fleire stader. Bloddråpesvermaren *Zygaena filipendulae* vart observert fleire stader i 2003. Området har truleg potensiale for beitemarkssopp (ikkje undersøkt). Observerte fuglearter 15.07.2003: heipiplerke, steinskvett, tjeld, strandsnipe, fiskemåse, kråke.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit variert og svært artsrikt område med fleire raudlisteartar som er sjeldne i fylket, og fleire truga vegetasjonstypar, dels i høg kategori (sterkt truga).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Det er ønskeleg med meir beiting, elles vil området gro att og endra karakter.

41 Løvsøya: Kjedalsnakken-Hellevik (nordvendte kystberg m.m.)

Lokalitetsnummer: 1534-41
Kartblad: 1120 II Vigra
UTM (EUREF 89): LQ 528-547, 478-484
Høgd over havet: 0-200 m
Hovudnaturtype: Rasmark, berg og kantkratt, kulturlandskap
Naturtype: Nordvendte kystberg, kystlynghei
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Ingen kjende
Undersøkt/kjelder: 16.02.2002, 15.07.2003, DH

Områdeskildring

Generelt: Bratt nordvendt fjellside med mykje rognetre vest for Hellevika. Lokaliteten har eit svært oseanisk klima og potensiale for t.d. oseaniske moseartar (ikkje undersøkt). I fjellsida hekkar sjøfugl som toppskarv, måse og havhest. Bestanden har tidlegare vore mykje større. I avgrensinga kunne ein og ha tatt med strandflatene (kystlynghei), men desse er ikkje undersøkte.

Vegetasjon: Open kysthei, nordvendte berg og ”rognskog”.

Kulturpåverknad: Ved Omnen har det vore gammal busetnad, dessutan spor av rydningsrøyser i bakkane. Tidlegare beiteområde.

Artsfunn: Fleire funn av raudlistearten hinnebregne. Ho står sparsamt i kløfter og nordberg. Elles vart det funne blankburkne og kusymre. Noko lungeneversamfunn med lungenever og skrubbenever i høgda 80-150 m. Lokaliteten kan og ha potensiale for gullprikklav og andre kravfulle oseaniske lav og mosar, og burde vore betre undersøkt.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er nordvendte kystberg og hei med nokre kravfulle artar. Kvalitetar for vilt er ikkje teke med i verdsettinga (jfr. viltområde med eiga vurdering).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Hekkefugl må ikkje forstyrrast. Kystlyngheia burde ha vore sterkare beita.

42 Løvsøya: myr ved skulen (myr)

Lokalitetsnummer:	1534-42
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 563 448
Høgd over havet:	ca. 10 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Intakt låglandsmyr
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Dyrking, andre fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	09.09.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på like sør for skulen på Lausund. Temmeleg flatlendt intakt låglandsmyr som også er hekkeområde for fugl.

Vegetasjon: Blanding av nedbørsmyr og fattigmyr.

Kulturpåverknad: Litt fysiske inngrep, m.a. i kanten.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. heifrytle, myrsnelle, kystmyrlegg og heisiv. Lokaliteten har viltfunksjon, med måsekoloniar og hekking av grågås (kjelde: Magne Kjerstad).

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at han truleg ikkje fyller krava til B. Praktisk undervisningslokalitet for skulen like ved.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå drenering og andre fysiske inngrep. Hekkande fugl bør ikkje forstyrrast.

43 Fjørtofta: Dysvikmyra (myr)

Lokalitetsnummer:	1534-43 (naturbasen 153401400)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 67 54
Høgd over havet:	10-40 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Intakt låglandsmyr
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Dyrking, andre fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Naturbasen

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på søraustsida av Fjørtofta og er eit temmeleg flatlendt område med intakt låglandsmyr. I tillegg til Søgardsmyrene (Fjørtofneset) er dette eit av dei største myrområda på øya.

Vegetasjon: Ombrotrof og fattig fastmattemyr.

Kulturpåverknad: Tidlegare torvtect, beiting, liten påverknad i dag.

Artsfunn: Plantelivet er artsfattig som elles på denne typen myr. Lokaliteten har viltfunksjon, tidlegare var her måsekoloniar og hekking av vadefugl.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at han truleg ikkje tilfredsstiller kriteria for B i metoden.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten kan vera eksempel på større myrer i området. Dersom ein ønskjer å ta vare på denne myra bør ein unngå drenering og andre fysiske inngrep.

44 Fjørtofta: Ramsberget (hasselkratt)

Lokalitetsnummer:	1534-44
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 675-676 552-553
Høgd over havet:	25-60 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog

Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Ingen kjende
Undersøkt/kjelder: 31.07.1934, Harald Goksøyr, 18.06.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten består av hasselkratt, berg og ur i sørhelling på austsida av Ramsberget.

Vegetasjon: Rike hasselkratt, kystutforming (D2c, truga vegetasjonstype). Treslaga er bjørk, selje, hassel, osp og rogn.

Kulturpåverknad: Liten.

Artsfunn: Det vart funne mellom anna blankburkne, hengjeaks, krattlodnegras, kusymre, mjølbær og vivendel.

Harald Goksøyr fann m.a. bergasal. Det vart og observert gauk, lauvsongar, gjerdesmett og ringtrast.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av det er kystutforming av rike hasselkratt (D2c, rekna som sterkt truga – EN).

Skjøtsel og omsyn

Det beste for dei biologiske verdiane er om ein ikkje høgg eller plantar inn framande treslag.

45 Fjørtofta: Nyheim-Malen (sandstrand, sanddyner)

Lokalitetsnummer: 1534-45
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 682-685, 545-554
Høgd over havet: 0-2 m
Hovudnaturtype: Havstrand/kyst
Naturtype: Sandstrand, sanddyner, undervassenger
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, sitkagran
Undersøkt/kjelder: 18.06.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten består av ei lengre strandstrekning på austsida av Fjørtofta, frå eit stykke sør for hamna (nord for Nyheim) til eit par naust ein stad som heiter Malen på økonomisk kart (sør for Nordfarneset). Her finst ganske mykje sandstrender som vekslar litt med rullesteinstrand. Fleire stader er det tendensar til flygesand (m.a. aktive dyner ved LQ 6833-6839 5509-5520, og litt stagnerte dyner i den største bukta søraust for Nyheim og ved LQ 6853 5485). Nokre av sandbuktene har ilanddrive ålegras, noko som tyder på spreidde undervassenger i området.

Vegetasjon: Eittårig meldetangvoll (V1), fleirårig gras/urtetangvoll (V2), sanddyner av strandrugutforming (V6/V7), ålegras/alge-undervasseng (U1, noko truga-VU), dynehei av lyngutforming (W2d, noko truga – VU).

Kulturpåverknad: Noko utfylling/ryddingsstein einskilde stader der det er dyrka ovanfor, sitkagran er dels planta heilt ned til stranda, litt ilanddrive søppel, litt uttak av sand.

Artsfunn: Det vart funne mellom anna havstorr, heisiv, hestehavre, kystgrisøyre, skjorbuksurt, strandarve, strandrug og ilanddrive ålegras. Det vart og observert raudstilk, kråke (hekka i sitkagran), sandlo (hekkeåtfærd), tjeld, fiskemåse, storspove, strandsnipe, skjerpipplerke, tjuvjo, linerle og grågå.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av det er eit større system med relativt artsfattig sandstrand, men med innslag av sanddyner og dynelynghei, som er ein sjeldan vegetasjonstype i fylket.

Skjøtsel og omsyn

Det beste for dei biologiske verdiane er om ein kan unngå meir fysiske inngrep, og sitkagrana burde vore fjerna.

46 Fjørtofta: Skinnbrekka-Øyra (nordsida av Fjørtoftneset) (havstrand)

Lokalitetsnummer: 1534-46
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 632-646, 556-558
Høgd over havet: 0-1 m
Hovudnaturtype: Havstrand/kyst, kulturlandskap
Naturtype: Strandeng og strandsump, tangvollar
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Inngår i naturreservat
Undersøkt/kjelder: 12.07.1984, AAF (Holten m. fl. 1986), 11.10.2004, Odd Einar Fjørtoft & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Det avgrensa området omfattar to lokalitetar (sør for Øyra og Skinnbrekka), begge skildra av Holten m. fl. (1986). Lokaliteten inngår i Fjørtoftneset våtmarksreservat. Eksponert stein/grus-strand med mange små vikar, og med store og breie tangvollar. Grensar til hei, bergknausar og myr. Stor tilgang på grågås-møkk og tang/tare. Smale naturbeitemarker mellom strandengene og heia.

Vegetasjon: Salturt-saftmelde-steinstrand, saltbendel-forstrand, fjøresaltgraseng, fjøresivakseng, saltsiveng, raudsvingeleng, slåttestorr-samfunn, strandstjerne-steinstrand, dels med havbendel, tangmeldevoll, balderbrå-voll, strandrøyrvoll, kvekevoll, gåsemurevoll og kvannvoll med strandkjeks og tangmelde, høgurt-fleirårvoll dominert av stornesle,. I øvre del frisk fattigeng (G4) som utgjer små areal.

Kulturpåverknad: På undersøkingstidspunktet (1984) ingen registrerte inngrep. I 2004 beita av utegangarsau, vegetasjonen har endra karakter frå høgvaksten og ugjennomtrengelig til relativt kort, men med mykje lyssiv (kjelde: Odd Einar Fjørtoft).

Artsfunn: Artsfattig (55 artar), men med store førekomstar av salturt, havbendel, saftmelde, dikesvineblom, heifrytle og saftstjerneblom. I kantane mellom strandengene og myra vart det funne nokre beitemarkssoppar: skarlagenvokssopp, grå vokssopp, skjervokssopp, honningvokssopp, kritt vokssopp, vanleg jordtunge, men ingen raudlisteartar.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit godt utvikla strandområde med fleire sjeldne artar og vegetasjonstypar.

Skjøtsel og omsyn

Inngår i våtmarksreservatet Fjørtoftneset. Ingen spesielle omsyn ut over det som følgjer av verneforskriftene.

47 Fjørtofta: Fjørtoftneset: Søgardsmyrane (myr m.m.)

Lokalitetsnummer:	1534-47 (naturbasen 153400202)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 62-64, 55
Høgd over havet:	0-15 m
Hovudnaturtype:	Myr, kulturlandskap, rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	Intakt låglandsmyr, kystlynghei, naturbeitemark, ultrabasisisk og tungmetallrik mark i låglandet (Grønholen)
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Vestlege deler er verna som naturreservat
Undersøkt/kjelder:	Folkestad (1978), Moen (1984), Fylkesmannen (1988), 11.10.2004, Odd Einar Fjørtoft & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på vestsida av Fjørtofta, heilt i havgapet. Fjørtoftneset består av nedbørsmyr og litt lyngmark som grensar til strandenger, tarevollar og langgrunne strender med fleire holmar utanfor (jf. tilgrensande lokalitetar). Søgardsmyra er samansett av planmyr, øyblandingsmyr og flatmyr. Markerte erosjonsfurer er karakteristisk. 736 daa landareal er verna som naturreservat. Dette omfattar også strandengene og gruntvassområda utanfor (inngår ikkje i den avgrensa lokaliteten). Området er sterkt oseanisk.

Havstrandområda er skildra som eigne del-lokalitetar (Skinnbrekka i nord og Krokane i sør). Avgrensinga av myrlokaliteten følgjer Sandnes (2000) og omfattar meir enn reservatet. Ved Grønholen finst olivinholdige bergartar og gras/urtedominert vegetasjon.

Vegetasjon: Nedbørsmyr dominerer med heigråmose, torvull og småbjønnskjegg, meir spreidd med røsslyng. I dei små naturbeitemarkene fanst frisk fattigeng (G4), dessutan ultrabasisisk og tungmetallhaldig mark (Grønholen, truleg olivin/serpentin).

Kulturpåverknad: Det finst grøfter, leplantingar (sitkagran) og nokre dyrka felt. Spor etter sommarfjøs. Eldre torvstikk har sett preg på myrene somme stader. Myrene vert i dag beita av utegangarsau. Dette har m.a. ført til mindre rome (kjelde: Odd Einar Fjørtoft).

Artsfunn: Det er på myrene notert t. d. kystmyrklegg, heiblåfjør og dvergbjørk. I nokre parti med beita grasmark i vestre del av myra vart det funne nokre beitemarkssoppar: seig vokssopp, mønjevokssopp, kjeglevokssopp og vorteraudskivesopp, men ingen raudlisteartar. Hekkefugl på 1970-talet (inkluderer heile reservatet som er større enn det avgrensa myrområdet, omfattar m.a. lokaliteten Skinnbrekka og gruntområda utanfor): minst 6 par grågås, minst 10 par gravand, nokre par stokkand, 1-2 par krikand, 35-40 par ærfugl, nokre par siland, tidvis fleire par åkerrikse, ca. 50 par tjeld, ca. 6 par sandlo, talrik vipebestand, 10-12 par steinvendar, minst 1 par myrsnipe, ca. 50 par raudstilk, minst 30 par storspove, 1-2 par småspove, stor bestand av enkeltbekkasin, 10 par tjuvo (tidlegare 50-100 par), 30 par sildemåse, 300 par gråmåse, 30-40 par svartbak, ca. 1000 par fiskemåse, 30 par krykkje, 20-30 par makrellterne, inntil 250 par raudnebbterne, ca. 10 par teist. Maksimalt for rastande og

overvintrande fugl på 70-talet i gruntområda: >100 grågås, 50 krikkender, 130 ærfugl, 135 sjøorre og 4000 brushøns. Vidare diverse vadefugl i mindre tal, og ukjente mengder storskarv, toppskarv og havelle.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at her finst velutvikla oseanisk nedbørsmyr, innslag av naturbeitemark med beitemarkssopp. Vilt er ikkje teke omsyn til i verdsettinga.

Skjøtsel og omsyn

Vestlege deler av området er verna som naturreservat, og her trengst ingen spesielle omsyn ut over det som følgjer av verneforskriftene. I austlege deler som ikkje ligg i reservatet er det også ønskjeleg å avgrensa fysiske inngrep som kan påverka naturverdiane. Beiting er truleg positivt for naturverdiane.

48 Fjørtofta: Krokane (sørsida av Fjørtoftneset) (havstrand)

Lokalitetsnummer:	1534-48
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 632-647, 547-552
Høgd over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Strandeng og strandsump
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Inngår delvis i naturreservat
Undersøkt/kjelder:	12.07.1984, AAF (Holtén m. fl. 1986), 11.10.2004, Odd Einar Fjørtoft & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Ujamm steinstrand med mange vikar, grensar til hei og myr.

Vegetasjon: Saltbendel-forstrand, fjøresaltgraseng, saltsiveng, raudsvingeleng, strandstjerne-steinstrand med og utan gåsemure, tangmeldevoll, kvekevoll, strandrøyrvoll og høgurt-fleirårsvoll dominert av hundekjeks eller strandkvann.

Kulturpåverknad: Grensar dels til dyrka mark. I 1984 "få inngrep". I 2004 vart deler av områder beita av utegangarsau.

Artsfunn: Middels artsrikt (59 artar), m. a. dikesvineblom og bogestorr. Små og spreidde førekomstar av naturbeitemark med beitemarkssopp, m.a. mønjevokssopp og skjeljordtunge.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit strandengområde med nokre uvanlege artar og andre kvalitetar.

Skjøtsel og omsyn

Inngår delvis i naturreservatet Fjørtoftneset. Ingen spesielle omsyn ut over det som følgjer av verneforskriftene. Beiting vil vera positivt.

49 Harøyfjorden: Rødholmane (fuglegjødsla vegetasjon, viltområde)

Lokalitetsnummer:	1534-49 (naturbasen 153400800+153400003)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 670 480
Høgd over havet:	0-5 m
Hovudnaturtype:	Andre viktige førekomstar
Naturtype:	(fuglegjødsla vegetasjon, viltområde-sjøfugl)
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Forstyrning
Undersøkt/kjelder:	Naturbasen, Folkestad & Loen (1998), 23.06.2003, JBJ & Torbjørn Sønderland

Områdeskildring

Generelt: Dette er 3-4 holmar som ligg midtjords mellom Flemsøya og Dryna. Den største er 250 x 125 m. Holmane har svaberg langs stranda, dels rullestein og lausmassstrand på innsida av holmane, og med relativt store areal med grasmark på den største holmen. Her er det dyrelivsfreding. Dette er ein tradisjonell hekkeplass for sjøfugl og med relativt breitt artsutvalg. Av spesiell interesse er ein relativt stor teistekoloni, samanlikna med det meste av hekkeplassane for denne arten i fylket elles. I gode terneår har dette også vore ein viktig ternekoloni. Tidlegare hekka det betydeleg meir fiskemåse, og periodevis har krykkje gjort hekkforsøk her. I vinterhalvåret er dette overnattingsplass for skarv, måsar og kråke.

Vegetasjon: Fuglegjødsla vegetasjon (VU - noko truga), elles ulike utformingar av attgroande engar med m.a. hundekjeks opptil 2 meter høg, mjøduart og stornesle. Det finst og strandberg med kystbergknapp, litt storfrytlevegetasjon og magrare engar med jordnøtt, i tillegg til litt driftvollprega vegetasjon.

Kulturpåverknad: Det er ei fyrlykt på den vestlegaste holmen (Rødholmen, Naturbasenummer 153400003), og murar etter tidlegare fyrhus som vart fråflytt på 1950-talet. På Storholmen (den største holmen) er det restar av fjøsmurar. Fyrhus- og fjøsmurane er viktige hekkeplassar for teist. Tidlegare var denne holmen intensivt utnytta med m.a. kaninar og ei ku, seinare beite for sauer inntil ca. 1980 (kjelde: Torbjørn Sønderland). Noko forstyrning frå båtutferd.

Artsfunn: Tidlegare funnstad for kystblåstjerne på Storholmen (kjelder: Malvin Alvestad, Torbjørn Sønderland). Arten vart ikkje attfunnen i 2003, og det verkar usannsynleg at han veks her pga. attgroinga. Andre planter: fjørekoll, gulskoll, gåsemure, jordnøtt, klengjemaure, krattlodnegras, kystbergknapp, raud jonsokblom, storfrytle, strandbalderbrå, strandkjeks, strandkvann, strandrug, strandstjerne. Hekkefuglearter (tala gjeld for perioden 1969-1995): ærfugl (fleire par), fiskemåse (opptil nokre titals par), svartbak (>50 par på 90-talet), makrellterne (10-20 par), raudnebbterne (30-50 par) og teist (20-30 par). Av andre fuglearter hekkar tjeld, skjerpipierke og kråke. Krykkje har hekkas sporadisk. Grågås beitar og hekkar kanskje på holmane. Viktig overnattingsplass for skarv og kråker i vinterhalvåret. Mink opptre sporadisk, dette betyr mest for terner og teist. 23.06.2003 vart det observert ca. 30 gråmåse, ca. 30 svartbak, ca. 9 teist på sjøen, 2-3 terner, nokre tjeld, skjerpipierke og eit ærfugleir.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av fuglegjødsla vegetasjon (noko truga vegetasjonstype). Det har elles ikkje minst verdi som hekkeområde for sjøfugl (viltområde).

Skjøtsel og omsyn

Viktigast er å unngå forstyrning av fugl i hekketida. Blåstjerna ser ut til å vera utgått, og restaurering av kulturlandskapet synest derfor mindre aktuelt av den grunn.

50 Terøya: vestsida av Terøya (kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1534-50 (naturbasen 153430100)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 583-594 384-402
Høgde over havet:	0-149 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Fremstad m. fl. (1991)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på vestsida av Terøya ved Gamlem. Arealet er omlag 0,7 km². Bergarten er gneis, og landskapet skrå opp mot Terøyfjellet. Jordsmonnet er humusrikt og næringsfattig. Avgrensing sjekka 07.08.2003, JBJ.

Vegetasjon: Tørr røsslynghei (H1b) dekkjer 30-40 % av arealet. Viktige artar er mjølbær, rypebær, kornstorr, heiflette og heigråmose. Fuktig lynghei med mykje heisiv og bjønnskjegg (H2) utgjer 20-30 % av arealet. Omlag 10 % av arealet er dekt av einer. Elles finst myr- og havstrand-vegetasjon.

Kulturpåverknad: Liten. Beitinga tok truleg slutt på 1960-talet (kjelde: Nils Sanden). Lokaliteten grensar til nytt bustadfelt i sør.

Artsfunn: Det er etter måten få artar, omlag 100 karplantar i lynghei og på myr.

Verdsetting: Bevaringsverdien som kystlynghei er stor på fylkesplan, middels på landsplan. Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større lyngheiområde som er i tidleg attgroing og ikkje lenger vert nytta på tradisjonelt vis.

Skjøtsel og omsyn

Det meste av området har gamal og til dels høgvaksten lyng. Lyngheiane burde ideelt sett vore skjotta på tradisjonelt vis med avsviing og sauebeite.

51 Bjørnøya: Tangane (kystlynghei, strand)

Lokalitetsnummer:	1534-51 (naturbasen 153401004)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 588 412
Høgde over havet:	0-15 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap, havstrand/kyst

Naturtype:	Kystlynghei, strandeng og strandsump
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Fremstad m. fl. (1991), 16.07.1984, AAF (Holten m. fl. 1986), Sandnes (2000)

Områdeskildring

Generelt: Tangane ligg nordaust på Bjørnøya nordvest for Syvik og omfattar lynghei og strandkantar. Grynnevågen er ei trong vik med smale strandkantar, grensar til røsslynghei (Holten m. fl. 1986). Bergarten er gneis. Området består av svakt kuperte flater frå havnivå opp til omlag 20 m.o.h. Lausmassane i området er morenar og torvavsetningar. Jordsmonnet er prega av tjukke humuspakkar anten rett på fjell eller med mineraljord undantil. Det er registrert nærare 100 artar i vegetasjonstypene lynghei og myr. Floraen er artsfattig og lite næringskrevjande. Lyngheiane på Tangane er lågvaksne og har innslag av urte- og grasrike pionerstadiar etter nyleg brenning (1990). Lokaliteten er eit godt lyngheiområde og representativt for fattige, middels sterkt eksponerte kystlyngheier på Sunnmøre (Fremstad m. fl. 1991). Avgrensing/tilstand sjekka 07.08.2003, JBJ.

Vegetasjon: Mykje fuktig lynghei i mosaikk med myr. Røsslyng er dominerande art. Heisiv og småbjønnskjegg er viktige artar, medan klokkeleng ikkje er så vanleg som lenger sør. Deler av lokaliteten var brent ca.1990. Grynnevågen har fjøresaltgraseng, saltsiveng, raudsvingeleng, rustsivakseng, fjørestorring.

Kulturpåverknad: Spor etter lyngbrenning (1990). Elles veg og litt inngrep langs vegen.

Artsfunn: Ein interessant art er den varmekjære sør-sørvestlege knollerteknapp som finst spreidd på Sunnmøre, men er borte frå lyngheiane i Sogn og Fjordane. Strendene var artsfattige (38 artar), med m. a. bogestorr (Holten m. fl. 1986).

Verdsetting: Bevaringsverdien er stor på fylkesplan, middels på landsplan (Fremstad m. fl. 1991). Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit lyngheiområde i tidleg attgroing.

Skjøtsel og omsyn

Lyngheiane burde ideelt sett vore skjøtta på tradisjonelt vis med avsviing og sauebeite.

52 Bjørnøya: vestsida (kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1534-52 (naturbasen 153401003)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 571-591, 386-415
Høgd over havet:	0-125 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	19.04.1984, I. Røsberg, Fremstad m. fl. (1991), 07.08.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten omfattar vestlege del av Bjørnøya ved Gamlem. Området er registrert saman med Tangane på nordsida av øya. Bergarten er gneis. Vestsida av øya har eksponert kystlandskap med hellande og til dels bratte skrånningar opp mot Bjørnøyfjellet og Bjørnøyvarden. Lausmassane i området er morene, rasmark og organiske sediment, det siste som tjukk humus anten rett på fjell eller med mineraljord under. Floraen er artsfattig og lite næringskrevjande med omlag 100 artar karplanter i ulike lynghei- og myrtypar. I urer og rasmarker finnes noko varmekrevjande vegetasjon. Lokaliteten er representativ for fattige, middels sterkt eksponerte kystlyngheiar på Sunnmøre.

Vegetasjon: Mykje fuktig lynghei i mosaikk med myr. Røsslyng er dominerande art, med mykje duskull, torvmosar, tettegras, molte, dvergbjørk og kortvaksen einer. Heisiv og småbjønnskjegg er viktige artar, medan klokkeleng ikkje er så vanleg som lenger sør på Vestlandet.

Kulturpåverknad: Eit granplantefelt på sørsida av Bjørnevarden. Spor etter lyngheibrenning på Store Skarveneset (1990). Litt småbjørk og smårogn observert i 2003. Nordlege delen har ruinar av bunkerar og skytestillingar frå krigen og her vert det beita av storfe (2004, ifølgje Nils Sanden).

Artsfunn: Ein interessant art er den varmekjære sør-sørvestlege knollerteknapp som finnes spreidd på Sunnmøre, men er borte frå lyngheiane i Sogn og Fjordane. Det vart elles sett heistorr, heisiv, heiblåfjør og småtviblad. Ingvald Røsberg har samla hinnebregne på vestsida av Bjørnøyfjellet.

Verdsetting: Bevaringsverdien er stor på fylkesplan, middels på landsplan (Fremstad m. fl. 1991). Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større lyngheiområde som for det meste er i tidleg attgroing og ikkje lenger vert nytta på tradisjonelt vis (med unntak av fortet).

Skjøtsel og omsyn

Behovet for skjøtsel er stort. Tre og buskar må ryddast og gammel lyng brennast. Det er behov for auka beitepress av sau.

53 Gamlem: Søvik: Hagane (edellauvskog)

Lokalitetsnummer: 1534-53
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 60 38
Høgd over havet: 40-200 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Rik edellauvskog
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Treslagskifte, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 09.08.1976, I. Røsberg, 24.04.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Vestvendt, steinet lauvskogsli med hassel, alm (sparsam, høgt i berget), svartor og sommareik (sparsam i berget), elles bjørk, hegg og rogn, noko osp, litt planta gran.

Vegetasjon: Kysthasselkratt med jordnøtt, krattlodnegras og kusymre, svartorsumpskog, blåbæreikeskog, blåbærbjørkeskog, litt open steinur.

Kulturpåverknad: Tidlegare beita, steingjerde og nettinggjerde observert. Truleg vedhogst.

Artsfunn: Funnt av raudflangre i 1976 (herbariebelegg). I 2003 notert kusymre, jordnøtt, vivindel, myske, knollerteknapp, sanikel, hengjeaks, krossved, ramslauk. Av lav vart det notert lungenever og kystfiltlav. Av mose vart det funne dronningmose *Hookeria lucens* oppunder eit berg. Noterte fugleartar i hekketida: spettmeis, blåmeis, svarttrast, gransongar, bokfink og grønfinke.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit artsrikt og velutvikla edellauvskogsområde med nokre regionalt sjeldne artar, ikkje minst sommareik og svartor. Kysthasselkratt reknast som ein truga vegetasjonstype.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg at lokaliteten får halda fram med å liggja tilnerma urørt.

54 Gamlem: Gamlemsmyrene (myr)

Lokalitetsnummer: 1534-54
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 414-423, 595-605
Høgd over havet: 20-40 m
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Intakt låglandsmyr
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 14.07.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Større myrområde på strandflata nord for Gamlem. Dels svakt kvelva høgmyr, inn mot lifoten meir planmyr.

Vegetasjon: Stort sett ombrotroft myrområde (nedbørsmyr) med store tuver med eroderte furer mellom, til dels store lausbotn-flater. På tuvane dominerer røsslyng, torvull, heigråmose, klokkelyng, krekling og dvergbjørk. Spreidd småbjørk. I lausbotn dominerer duskull og rundsoldogg. Det finst fleire pyttar med elvesnelle.

Kulturpåverknad: Vegar m.m. i indre del mot lifoten og eit par stader elles. Fleire plantefelt med sitkagran, lerk og furu inn mot lifoten.

Artsfunn: Ingen spesielle. Av fugl vart det berre observert heipiplerke.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit område med intakt låglandsmyr som ikkje fyller kriteriana til B, og relativt få inngrep.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med minst muleg fysiske inngrep.

55 Gamlem: Kjerringjølet, V-sida av Gamlemsveten (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1534-55
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 604-606, 410-415
Høgd over havet:	ca. 70-150 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	11.10.2004, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Vestvendt, bratt, steinet og uret lauvskogsli og hamrar med hassel, elles bjørk, furu, hegg, rogn, osp og selje. Klimaet er svært oseanisk.

Vegetasjon: Lauvskog med innslag av kysthasselkratt (D2c, truga vegetasjonstype) med storfrytle og kusymre, blåbærbjørkeskog, litt open steinur og bergflater.

Kulturpåverknad: Tidlegare truleg beita på tilgjengelege stader, tidlegare fleire gangstigar opp på fjellet (informasjonstavler), i dag liten synleg påverknad. Grensar mot plantefelt i nedre del.

Artsfunn: Funnt av brunrot, bustnype, fagerperikum, kusymre, lundrapp, myske, raggtelg, skogsvinerot, stankstorkenebb, storfrytle, vivindel (2004). Av lav vart det funne rund porelav (over mose på berg LQ 6054 4125), sølvnever (på ei gammal selje med stammediameter ca. 90 cm), lungenever, skrubbenever og vanleg blåfylltav. Dahl (1895) nemner og skogkarse, kystmaigull og trollurt frå "Gamlemsveten", men funnstaden er usikker. Truleg potensiale for oseaniske mosar (jf. Kaalaas 1911, dårleg stadfesta).

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein måteleg utvikla edellauvskog med nokre regionalt uvanlege lavartar, og oseaniske artar av planter. Kysthasselkratt er ein truga vegetasjonstype.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg at lokaliteten får halda fram med å liggja tilnærma urørt.

56 Grytastranda: Hamnsund: sørsida av Uføra (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1534-56
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 600-602 364
Høgd over havet:	ca. 40-120 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	07.08.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten består av sørvendt lauvskog med hassel, berg og ur i sørhelling under fjellet Uføra aust for Hamnsund.

Vegetasjon: Rike hasselkratt, kystutforming (D2c). Treslaga er bjørk, hegg, selje, hassel, svartor, osp og rogn. Einskilde grove seljer vart funne. Innslag av sumpskog med svartor opp til 30 cm i stammediameter i nedre del.

Kulturpåverknad: Liten, kraftline i nedre kant.

Artsfunn: Det vart funne mellom anna breiflangre, brunrot, enghumleblom, hengjeaks, knollerteknapp, kratthumleblom, krossved, kusymre, lundrapp, myske, skogsvinerot, skogvikke, stankstorkenebb, sumphaukeskjegg og svartburkne. Av sopp vart det notert hasselskrubb (raudlistear) og ospeskrubb. Av lav fanst m.a. lungenever.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av det er kystutforming av rike hasselkratt (D2c, rekna som sterkt truga – EN) med einskilde interessante artar.

Skjøtsel og omsyn

Det beste for dei biologiske verdiane er om ein ikkje hogg hassel eller svartor, og ikkje plantar inn framande treslag.

57 Grytastranda: Fiskeberga-Langeneset (eikehage)

Lokalitetsnummer:	1534-57
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 607-611 363-364
Høgd over havet:	0-25 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Hagemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	31.03.2002, DH, 07.09.2002, DH & PL, 23.09.2003, PL & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg mellom riksvegen og sjøen vel 1 km aust for Hamnsund i vestre del av Grytastranda. Dette er eit kulturlandskap med nokre store eiketre og hassel i eit landskap som kan karakteriserast som hagemark i mosaikk med gamle engstykke og flekkar av naturbeitemark.

Vegetasjon: Lågurt-eikeskog (D2a) og rike kyst-hasselkratt (D2c). Litt beitemark av typen frisk fattigeng (G4).

Kulturpåverknad: Det har vore hogd i området. Tidlegare beiting, men lite i dag.

Artsfunn: Av planter vart det notert knollerteknapp, krattlodnegras, kusymre og sanikel. Raudlista soppantar: dvergstanksopp *Mutinus caninus* (DC - omsynskrevande), grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* (DC - omsynskrevande). Andre interessante soppantar var: raudskjelslørsopp *Cortinarius bolaris*, purpurslørsopp *Cortinarius purpurascens* var. *largusoides*, rustskjela slørsopp *Cortinarius spilomeus*, nektarslørsopp *Cortinarius talus*, svart trompetsopp *Craterellus cornucopioides*, gul eikeriske *Lactarius chrysorrheus*, loden kvitriske *Lactarius vellereus*, bleikgul kremle *Russula raoultii*, *Russula velutipes*, nøttekremle *Russula vesca*, *Russula violaceoincarnata*, silkemusserong *Tricholoma columbetta*, bleik falsk kantarell *Hygrophoropsis pallida*.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er hagemarksskog med nokre interessante artar og raudlisteartar i lågare kategori knytt til eik og hassel.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med beiting. Ein bør unngå å planta inn framande treslag. Eik og hassel bør ikkje hoggast.

58 Grytastranda: Grovagjølet (eikeskog)

Lokalitetsnummer:	1534-58 (naturbasen 153402405)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 610-621 364-366
Høgd over havet:	ca. 60-150 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Hogst/treslagskifte, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	21.08.1974, H. Korsmo (1975 s. 200), 31.03.2002, DH, 18.09.2003, Wenche Eli Johansen & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ei lengre strekning på vel 1 kilometer ovanfor vegen under Uggedalshornet (aust og vest for idrettsplassen i vestre del av Grytastranda), der det finst spreidd sommareik og elles ein del hassel.

Vegetasjon: Lågurt-eikeskog med hassel på svært grunt jordsmonn, elles variert lauvskog og innslag av furu.

Kulturpåverknad: Det har vore hogd og beita i området. Beitetrykket er no svært svakt.

Artsfunn: Av planter vart det m.a. notert fagerperikum, hengejaks, knollerteknapp, mjølbær, stankstorkenebb og vivendel. Korsmo fann i tillegg liljekonvall og svarterteknapp. Raudlista soppantar: silkesnyltehatt *Asterophora parasitica* (R - sjeldan), raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (V – sårbar, beitemarkssopp i grasmark i hasselskog), grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* (DC – omsynskrevande, tilknytt hassel og eik), beisk storpigg *Sarcodon scabrosus* (V – sårbar, truleg tilknytt eik her). Ein annan interessant soppart var *Cortinarius tofaceus*, ein eiketilknytt slørsopp med få funnstader i Noreg, dette er ny nordgrense, og arten er ny for Vestlandet. Elles: raudskjelslørsopp *Cortinarius bolaris*, *Cortinarius casimiri*, fibra slørsopp *Cortinarius glaucopus*, lundslørsopp *Cortinarius largus*, purpurslørsopp *Cortinarius purpurascens* var. *largusoides*, reddikslørsopp *Cortinarius raphanoides*, gulnande slørsopp *Cortinarius rubicundulus*, blåbrun slørsopp *Cortinarius saturnus*, rustskjela slørsopp *Cortinarius spilomeus*, *Cortinarius tabularis*, nektarslørsopp *Cortinarius talus*, bøkeringslørsopp *Cortinarius torvus*, blåkantslørsopp *Cortinarius variecolor*, mørkfiolett

slørsopp *Cortinarius violaceus*, svart trompetsopp *Craterellus cornucopioides*, eikeriske *Lactarius quietus*, *Russula velutipes*, silkemusserong *Tricholoma columbetta*. Slørsoppene er bestemt av Tor Erik Brandrud. *Verdsetting*: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av forekomst av flere raudlisteartar i høg kategori. Elles er dette eit artsrikt og variert område med eikeskog nær nordgrensa i Noreg, og fleire nordgrenser for sjeldne soppantar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå innplanting av framande treslag. Eik og hassel bør ikkje hoggast. Beiting er truleg positivt for naturverdiane.

59 Grytastranda: Hasselvika (Nybø) (eikehage)

Lokalitetsnummer:	1534-59
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 621-622 363
Høgd over havet:	0-25 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap, skog
Naturtype:	Hagemark, rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Bartreplanting, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	07.09.2002, DH & PL, 11.10.2004, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg mellom riksvegen og sjøen ved Nybø på vestre del av Grytastranda. Dette er eit kulturlandskap med nokre store eiketre og hassel i eit landskap som kan karakteriserast som hagemark eller rik edellauvskog.

Vegetasjon: Kulturpåverka lågurt-eikeskog (D2a) og rike kyst-hasselkratt (D2c). Litt beitemark av typen frisk fattigeng (G4). Av treslag finst hassel, sommareik, gran (planta), bjørk, furu, osp, rogn og selje.

Kulturpåverknad: Vestre del av lokaliteten er tilplanta med gran med einskilde store eiker innimellom. Beiting, gjerde, driftsvegar.

Artsfunn: Det vart funne m.a. jordnøtt, kusymre, kvitbladtistel, raud jonsokblom, vivendel. Det vart funne ein raudlista soppart: dvergstanksopp *Mutinus caninus* (DC - omsynskrevande). Av andre sopp vart det funne, eseløre *Otidea onotica*, brunt kvistbeger *Rutstroemia firma*, stor mørkprikka potettrøysopp *Scleroderma verrucosum*, beisk lærhatt *Panellus stipticus* og ametystsopp.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit område med eikeskog nær nordgrensa i Noreg med ein raudlisteart i lågare kategori.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå ytterlegare innplanting av framande treslag, og grana bør ved hogst ikkje erstattast med ny gran. Eik og hassel bør ikkje hoggast. Beiting er truleg positivt for naturverdiane.

60 Grytastranda: Sundheim (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1534-60
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 638 366
Høgd over havet:	60-100 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	08.05.2002, DH

Områdeskildring

Generelt: Området ligg sentralt på Sundheim, nord for bedehuset, og er ei sørvendt edellauvskogsli med ein del varmekjær vegetasjon.

Vegetasjon: Rik edellauvskogsvegetasjon med hassel og svartor som viktige treslag, men med innslag av bjørk, morell og osp. I undervegetasjonen kulturpåverka lågurtsamfunn med ein del naken jord.

Kulturpåverknad: Tidlegare har her truleg vore beita (mykje sølvbunke og krattlodnegras i undervegetasjonen). Elles ei kraftline. Grenser til busetnad i sør.

Artsfunn: Rukkebjønnebær er ein plantegeografisk interessant art (nordgrense i Molde). Elles m.a. blåklokke, fagerperikum, jordnøtt, kristtorn (truleg hagespreidd), kusymre, kystgrisøyre, liljekonvall, lækjeveronika, myske, rukkebjørnebær, sanikel, skogbjørnebær og vivendel.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av det er ein etter måten godt utvikla edellauvskog med ein del interessante artar.

Skjøtsel og omsyn

Av omsyn til dei biologiske verdiane er det ein føremon om lokaliteten får ligga mest muleg i fred. Platanlønna er på frammarsj, og ein kan vente at ho invaderer lokaliteten på lang sikt dersom ein ikkje set inn tiltak for å dempe spreinga.

61 Grytastranda: Grytahatlen (eikeskog)

Lokalitetsnummer:	1534-61 (naturbasen 153402500)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 655 366
Høgd over havet:	40-150 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Planta gran (området er reservat)
Undersøkt/kjelder:	05.07.1973, H. Korsmo (1975 s. 200), 27.07.1988, JBJ, Bugge (1993), 31.03.2002, DH, 23.09.2003, PL & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Sørvendt bratt berg med eikeskog under Skoranakken ved Gryta på Grytastranda. Eika har nordgrense i Møre og Romsdal, og denne lokaliteten er ein av fleire lokalitetar på Grytastranda. Det står ein del mindre eik i berget, særleg austover til bekken frå Torvsæterhaugane. Hassel er det også ein del av, og denne er viktig som partnar for fleire meir uvanlege marklevande soppantar. Området er verna som edellauvskogsreservat.

Vegetasjon: Plantesosiologisk står denne lokaliteten mellom kusymre-almeskog og lågurt-eikeskog. I tresjiktet er hassel og svartor av interesse.

Kulturpåverknad: Lokaliteten grenser mot kraftlinje i nedkanten. Sidan registreringane på 1970- og 80-talet har det kome opp ein del planta gran i lokaliteten.

Artsfunn: Av planter kan nemnast myske, sanikel, svarterteknapp, vivendel, liljekonvall, hengjeaks, lundgrønaks, krossved, kusymre, knollerteknapp og jordnøtt. Av sopp er besk storpigg *Sarcodon scabrosum* mest interessant, ein raudlisteart (V – sårbar, truleg tilknytt eik her), og som her har nordgrense i Noreg. Elles er også gul eikeriske *Lactarius chrysorrheus* ein sjeldan art, som også har nordgrense her. Andre interessante soppantar, dei fleste tilknytt edellauvskog: silkesnyltehatt *Asterophora parasitica* (R - sjeldan), purpurslørsopp *Cortinarius purpurascens* var. *largusoides*, lundslørsopp *Cortinarius largus*, gulnande slørsopp *Cortinarius rubicundulus*, hasselriske *Lactarius pyrogalus*, silkemusserong *Tricholoma columbetta*, svovelmusserong *Tricholoma sulphureum*, kameleonkremle *Russula risigallina*, *Russula velutipes*.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av førekomst av fleire raudlisteartar, av desse ein i høg kategori. Elles er dette eit artsrikt og variert område med eikeskog nær nordgrensa i Noreg, og fleire nordgrenser for sjeldne soppantar.

Skjøtsel og omsyn

Det er ganske mykje gran som bør fjernast så snart som råd. Viss ikkje vil m.a. truleg ein del av hasselen bli fortrent, noko som er uheldig for artsmangfaldet. Forynginga av eik vil også kunne bli påverka av grana. Skjøtelsplan vert laga i 2004 (kjelde: G. Gaarder, Miljøfagleg utredning).

62 Grytastranda: Hamnsund: Skutevika (eikeskog)

Lokalitetsnummer:	1534-62
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 590-594, 364
Høgd over havet:	0-20 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Hogst/treslagskifte, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	13.08.2002, DH & PL

Områdeskildring

Generelt: Eikeskog med innslag av hassel, ca. 40 tre på vestsida av Skutevika, til dels stor eik opp til 80 cm i stammediameter. I austlege delen er det mest småtre som er 1-2 m høge.

Vegetasjon: Lågurteikeskog. Innslag av hasselkratt.

Kulturpåverknad: Dårlig kjent.

Artsfunn: Dårlige data.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit mindre område med innslag av vill sommareik og hasselkratt. Eika er nær nordgrensa si.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med beiting. Ein bør unngå å planta inn framande treslag. Eik og hassel bør ikkje hoggast.

63 Grytastranda: ved Kroksethagen (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1534-63
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 7065-7108 3669
Høgd over havet:	60-120 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog, rikare sumpskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	09.09.2001, PL, 04.09.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skogparti med svartor og hassel på øversida av riksvegen, vel 50 meter brei stripe langs vegen, blanda med bjørk og furu.

Vegetasjon: Ulike utformingar av edellauvskog. Treslag: furu, bjørk, hassel, svartor, platanlønn, selje, rogn, einer, krossved.

Kulturpåverknad: Spor etter hogst, kraftlinje går gjennom området. Stort sett ung skog.

Artsfunn: Av planter kan nemnast vivendel, hengjeaks og liljekonvall. Av sopp vart det funne hasselriske.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein mindre lokalitet med kysthasselkratt (truga vegetasjonstype) og litt svartorsumpskog.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå å hogga hassel og svartor. Ein bør ikkje planta framande treslag.

64 Grytastranda: Gjersetsetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1534-64
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 677 377
Høgd over havet:	150-180 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark, fuktenger
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	Sandnes (2000), 04.09.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er eit seterområde som ligg på SV-sida av Gjersetvatnet. Det avgrensa området omfattar dei mest interessante naturbeitemarkene/fuktengene.

Vegetasjon: Vegetasjonen er for det meste ein mosaikk av finnskjeggeng, fuktig sølvbunkeeng med ein del krypsoleie, frisk fattigeng (G5, G4, G3) og ulike utformingar av fukteng/myr med bekkeblom, myrtistel og enghumleblom.

Kulturpåverknad: Framleis beita av storfe. Veg heilt fram, nokre hytter.

Artsfunn: Artsutvalet var relativt trivielt. Ein kan nemna heisiv, heistorr, bråtestorr, engfiol, heiblåfjør, loppestorr, kornstorr, beitesvæver, fjellaugnetrøst, kystmyrklegg og skogfredlaus (sistnemnde langs eit bekkesig i ope terreng).

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med visse kvalitetar.

Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også i framtida.

65 Hildrestranda: Hildredalen (kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1534-65
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 616-657 422-441
Høgd over havet:	70-350 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Attgroing, oppdyrking o.a. fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Fremstad m. fl. (1991)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på begge sidene av Hildreelva i Hildredalen. Han omfattar både kollen Rambjøra og lia ned til Alvestad. Han er avgrensa mot skog og større myrareal. Berggrunnen er granittisk augegneis med ei stripe av glimmergneis nedst ved Hildre. Lausmassane er morene og rasmark, og verkar noko næringsfattig. Det vart registrert nærare 100 planteartar. Tilstand og avgrensing er sjekka 07.08.2003, JBJ.

Vegetasjon: Tørr røsslynghei (H1) dekkjer 20-30 %. Det finst også røsslyng-gråmose-type på knausane, og fuktige heitypar (H3) med røsslyng-duskull-heisiv-type på overgang til myr. Reinlav-artar og heigråmose er viktige, men ikkje dominerande. Den nordvende lia ovanfor Alvestad har sers godt utvikla røsslyng-bjønnekamhei (H4) med jamnt innslag av bjønnekam og smørtelg. Innslag av fattig fastmattemyr (K3).

Kulturpåverknad: Attgroing med einer, bjørk, furu, osp og gråor. Einer dekkjer 20-30% av arealet. Tre og busker dekkjer opp til 20%. Lyngen er for det meste gammal og høgvaksten. Fleire granplantefelt av eldre og nyare dato. Veg gjennom Hildredalen. Skytebane. Nydyrkingsfelt. Litt beiting av sau på deler av arealet.

Artsfunn: Ingen spesielle artsfunn.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei kystlynghei i attgroing, der verdiane er i ferd med å gå tapt.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med omfattande rydding av tre og buskar, og heiane må brennast. I tillegg må beitetrykket verta mykje større.

66 Hildrestranda: Hestemyrane (myr, kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1534-66
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 645-663, 420-431
Høgd over havet:	260-399 m
Hovudnaturtype:	Myr, kulturlandskap
Naturtype:	Terrengdekkjande myr, kystlynghei
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing, oppdyrking o.a. fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Sandnes (2000)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg nord for Hildrehesten, i svak austhellende terreng frå Eggene mot Store Hestevatnet.

Vegetasjon: Noko dårlege data, men Sandnes (2000) skriv at her er mykje ombrotrof tuvemyr (J2) og at lokaliteten dels kan reknast som terrengdekkjande myr. Truleg og innslag av fattig fastmattemyr (K3). Det er mykje røsslyng, og ein del av lokaliteten må truleg reknast som kystlynghei (kystfjellhei). Noko kratt av bjørk og vier. Viktige artar skulle vera bjønnskjeugg, duskull, torvull, røsslyng, molte, torvmoseartar, krekling, flekkmariland, tettegras, dvergbjørk, einer, og dessutan gråmose og bjørnemose.

Kulturpåverknad: Tidlegare truleg beita, uviss status i dag, men truleg attgroing.

Artsfunn: Ingen spesielle artsfunn.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er oppgjeve å vera eit område med m.a. terrengdekkjande myr.

Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle ut over å unngå fysiske inngrep (truleg lite aktuelt). I tillegg er det ønskjeleg med beiting.

67 Synnaland: Vika (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1534-67
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 675-677, 448
Høgd over havet:	0-10 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark, fuktenger, kalkrike enger
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Trakkskader, forbusking
Undersøkt/kjelder:	08.07.1967, M. & R. Nordhagen, 22.05.2003, 05.06.2003 og 23.06.2003, JBJ & Torbjørn Sønderland

Områdeskildring

Generelt: Intakt kystblåstjerne-lokalitet med mange andre interessante planter. Lokaliteten består m. a. av fleire haugar ned mot sjøen og sjøbua på garden Vika på Synnaland. Berggrunnen er skifrige kambrosiluriske bergartar som lagar eit middels baserikt jordsmonn.

Vegetasjon: Dels frisk fattigeng av jordnøtt-type (G4b), dels trakkpåverka fuktenger med bekkeblom og mykje kjeldeurt (G12a), pluss ein mosaikk med element frå F3 Bergknaus og bergflate (med kystbergknapp, F3d) og vekselfuktig, baserik eng (G11). Elles spreidd bjørkeskog/hagemark og kantkratt av rose-artar og einer (F5d).
Kulturpåverknad: Dei seinare åra har lokaliteten vore beita av hest heile året. Dette har gjeve stadvis noko trakkskader.

Artsfunn: Viktig lokalitet for kystblåstjerne (V=sårbar). Arten vart funnen mange stader med tilsaman ca. 100 planter (tidlegare veksestad ved LQ 6764 4484 vart førevist av grunneigar Torbjørn Sønderland (belegg O 1964), her vart ingen planter funne). Av andre interessante artar kan nemnast fleire bestandar av bakkeseite og marinøkkel, funn av irsk kystmyrklegg (raudlisteart, DM=bør overvakast) og elles hårsvæve, jordnøtt, kattefot, kjeldeurt, kusymre, kystbergknapp, kystblåstjerne, nyresoleie, raudknapp, rosenrot, storblåfjør, stortviblad, svartknoppurt, tuvesildre (i bergsprekk, sjeldan art på kysten), vill-lauk, vill-lin og vårmarihand. Området har truleg potensiale for beitemarkssopp (ikkje undersøkt).

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av ein velutvikla flora av eng- og beiteplanter, med to viktige raudlisteartar og dels kravfulle og basekrevande artar. Særleg viktig er den gode bestanden av raudlistearten kystblåstjerne, som her har ein av sine siste intakte veksestader i Møre og Romsdal.

Skjøtsel og omsyn

Grunneigar har vore med på befaring. Det er sterkt ønskjeleg med fortsatt beiting. Ein bør prøva å unngå for mykje trakkskader. Like eins bør ein unngå fysiske inngrep i dei viktige veksestadene for blåstjerne, irsk kystmyrklegg m.m. Ein bør ikkje plukka blåstjerne eller grava opp laukar.

68 Synnaland: Djuvika (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1534-68
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 680 450
Høgd over havet:	5-15 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark, fuktenger, hagemark
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Trakkskader, forbusking, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	05.06.2003, Frida Sønderland, Hans Skår, JBJ, DH, 23.09.2003 og 11.10.2004, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Intakt kystblåstjerne-lokalitet med mange andre interessante planter. Lokaliteten består m. a. av fleire haugar og dumper ned mot sjøen ved Djuvika på Synnaland. Berggrunnen er skifrige kambrosiluriske bergartar som lagar eit middels baserikt jordsmonn.

Vegetasjon: Dels frisk fattigeng av jordnøtt-type (G4b), dels trakkpåverka fuktenger med bekkeblom (G12a), pluss ein mosaikk med element frå F3 Bergknaus og bergflate (med kystbergknapp, F3d), vekselfuktig, baserik

eng (G11) og middelsrik fastmattemyr (M2), spreidd bjørkeskog/hagemark, hasselkratt (D2c) og kantkratt av rose-arter og einer (F5d).

Kulturpåverknad: Dei seinare åra har lokaliteten vore beita av hest heile året. Dette har gjeve stadvis noko trakkaskader.

Artsfunn: Lokalitet for kystblåstjerne (V=sårbar). Det vart funne til saman ca. 180 planter, noko som gjer lokaliteten til den viktigaste for kystblåstjerna i Møre og Romsdal. Av andre planteartar kan nemnast bekkeblom, blåstorr, enghumbleblom, engkarse, englodnegras, fjelltistel, gulsildre, harerug, heiblåfjør, heisiv, heistorr, jordnøtt, kornstorr, kusymre, kvitbladtistel, loppestorr, nyresoleie, rosenrot, sanikel, skogkarse, stortviblad, sumphaukeskjegg, svartknoppurt, svartopp og særbustorr. Av raudlista beitemarkssoppartar er det funne *Entoloma caesiocinctum* og *Geoglossum umbratile*. I alt er det funne 13 beitemarkssopp, av desse 8 vokssoppartar.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av ein velutvikla flora av eng- og beiteplanter, ein god bestand av raudlistearten kystblåstjerne og dels kravfulle og basekrevande planteartar. Dessutan har lokaliteten eit par raudlista beitemarkssopp.

Skjøtsel og omsyn

Det er sterkt ønskeleg med fortsatt beiting, men ein bør unngå trakkaskader. Like eins bør ein unngå fysiske inngrep i dei viktige veksestadene for blåstjerne. Ein bør ikkje plukka blåstjerne eller grava opp laukar.

69 Synnaland: Nausthaugen (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1534-69
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 6864 4475
Høgd over havet:	ca. 20 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing, forbusking
Undersøkt/kjelder:	05.06.2003, Frida Sønderland, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Intakt kystblåstjerne-lokalitet. Lokaliteten består av ein haug ned mot sjøen ved Knutgarden på Synnaland.

Vegetasjon: Frisk fattigeng av jordnøtt-type i attgroing.

Kulturpåverknad: Lokaliteten har vore beita til 1990-talet. Sidan området rundt er utlagt til bustadfelt, vegar m.m. vert området ikkje lenger beita.

Artsfunn: Lokalitet for kystblåstjerne (V=sårbar). Arten vart attfunnen med til saman ca. 100 planter, noko som gjer lokaliteten til ein av dei viktigaste for kystblåstjerna i Møre og Romsdal. Av andre interessante artar kan nemnast enghumbleblom, jordnøtt og kusymre.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av ein velutvikla flora av eng- og beiteplanter, dels den sjeldne raudlistearten kystblåstjerne.

Skjøtsel og omsyn

Det er sterkt ønskeleg med fortsatt beiting eller slått. Like eins bør ein unngå fysiske inngrep i dei viktige veksestadene for blåstjerne. Ein bør ikkje plukka blåstjerne eller grava opp laukar.

70 Synnaland: Berget (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1534-70
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 6870 4474
Høgd over havet:	ca. 5 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing, forbusking
Undersøkt/kjelder:	05.06.2003, Frida Sønderland, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Intakt kystblåstjerne-lokalitet. Lokaliteten er ei attgroande gammal slåtteeing ned mot sjøen ved nausta nedanfor Knutgarden på Synnaland.

Vegetasjon: Frisk fattigeng av jordnøtt-type i attgroing.

Kulturpåverknad: Lokaliteten har vore beita til ut på 1980-talet. Sidan har området ikkje lenger vore beita.

Artsfunn: Lokalitet for kystblåstjerne (V=sårbar). Arten vart attfunnen med til saman ca. 10 planter, og arten er truga av mangel på skjøtsel. Plantene er lange og tynne. Av andre interessante artar kan nemnast svartknoppurt.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av førekomstane av den sjeldne raudlistearten kystblåstjerne.

Skjøtsel og omsyn

Det er sterkt ønskeleg med fortsatt beiting eller slått. Like eins bør ein unngå fysiske inngrep i dei viktige veksestadene for blåstjerne. Ein bør ikkje plukka blåstjerne eller grava opp laukar.

71 Synnaland: Floet (hasselskog)

Lokalitetsnummer:	1534-71
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 687 447
Høgd over havet:	5-20 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	05.06.2003, Frida Sønderland, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i ein austvendt skrent ned mot sjøen ved Knutgarden på Synnaland.

Vegetasjon: Rike hasselkratt av kystutforming (D2c, reknast som EN – sterkt truga).

Kulturpåverknad: Lokaliteten har vore beita tidlegare.

Artsfunn: Av interessante artar kan nemnast jordnøtt, ramslauk, kusymre og vårkål.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit mindre område med rike kysthasselkratt med eit typisk artsutval for regionen.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og treslagskifte.

72 Brattvåg: utløpet av Synnalandselva (havstrand)

Lokalitetsnummer:	1534-72 (naturbasen 153430500)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 687 444
Høgd over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvassdelta
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Naturbasen, 22.05.2003, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Synnalandselva dannar eit stilleflytande delta, med relativt små inngrep og intakt kantvegetasjon. Det er her nokre små strandenger, grusflater, og attgroande naturbeitemark. Elveområdet er prioritert i fylkesdelplanen for elveoslandskap i Møre og Romsdal (godkjend 10.06.94 i Miljøverndept.).

Vegetasjon: Små areal med grusstrand (U6) og øvre salteng (U5), attgroande sølvbunkeeng (G3) med tjukt strølag og attgroingsenger (G12). Kantvegetasjonen til elva består dels av bjørk, rogn og selje.

Kulturpåverknad: Litt forbygging ved utløpet, litt søppel, attgroing som følgje av opphøyrte beite.

Artsfunn: Dette er ein gammal lokalitet for kystblåstjerne *Scilla verna* (Brauta ved utløpet av Synnalandselva), men denne er ikkje attfunnen (belegg 1964-1967, Tor Ryste, R. Nordhagen). Arten er truleg utgått som følgje av opphøyrte beite og attgroing. Av planter på strand vart det i 2003 notert strandarve, skjorbuksurt, strandrug og strandstjerne. Svak viltfunksjon for måsefugl m.m. I attgroande enger vart det notert jordnøtt og vårkål.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit lite deltaområde med få interessante artar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Beiting er berre ein fordel for naturverdiane.

73 Skulstadhavet (brakkvasspoll)

Lokalitetsnummer:	1534-73 (naturbasen 153430200)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 693-698 376-395
Høgd over havet:	0 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvasspoll, grunne straumar, strandeng og strandsump, undervassenger
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, forureining
Undersøkt/kjelder:	Stiftelsen Norsk Hav, 04.09.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Pollsamfunn av marinbiologisk interesse. Vatnet smaka lengst inne svakt salt.

Vegetasjon: Rundt strendene ligg fleire stader strandengsamfunn i dei flataste partia. Inst i pollen er det undervassenger med ålegras, resten av pollen er ikkje undersøkt.

Kulturpåverknad: Rundt Skulstadhavet ligg fleire gardar med dyrka mark, nokre er fråflytta. Fleire naust. Straumen mellom pollen og fjorden er påverka av gammel og ny riksvegbru og eit grustak med steinmur mot straumen.

Artsfunn: Ålegras finst i heile inste bukta. Ifølgje kommunen har pollen ein eigen sildestamme. Elles skal det vera funne levande østers. I strandengene vart det notert strandstjerne, saltsiv, strandkryp, fjøresauløk, strandkjempe, ubestemt saltgras, gåsemure, fjøresivaks, krypkvein, skjoldberar, strandsmelle, fjørekoll, fjørestorr og havstorr.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein større brakkvasspoll med nokre typiske artar.

Skjøtsel og omsyn

Viktigast er å oppretthalda tilførsle av saltvatn og ferskvatn omlag slik det har vore, fordi saltinnhaldet er viktig.

74 Remmevollen (høgstaudebjørkeskog)

Lokalitetsnummer:	1534-74
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 688 447
Høgd over havet:	60-100 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Bjørkeskog med høgstauder
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	08.05.2002, DH

Områdeskildring

Generelt: Vestvendt lauvskogsli og berg utafør den nordlegaste av tunnellane ved Remmevollen. Kvalitetane er knytt til eit stabilt fuktig, oseanisk skogklima med interessante kryptogamar og einskilde interessante høgstauder og bregner.

Vegetasjon: Lauvskog dominert av bjørk, osp og rogn med ein frodig undervegetasjon av bregnar og høgstaudar. Spreidd noko hassel.

Kulturpåverknad: Gamlevegen ligg i nedkant av lokaliteten, elles inga nyare påverknad.

Artsfunn: Raudlistearten kastanjelav (*Pannaria sampaiana*) (DC) var det mest interessante funnet. Av lav elles m.a. grynfiltlav, lungenever og sølvnever. Planteartar: jordnøtt, myske, raggtelg, stankstorkenebb, tannrot og turt.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av førekomsten av kastanjelav, og elles m.a. tannrot og raggtelg.

Skjøtsel og omsyn

Det beste for dei biologiske verdiane er om lokaliteten får ligga mest muleg i fred. Flatehogst vil påverka fukttilhøva slik at dei sjeldne lavartane kan forsvinna.

75 Samfjorden: Bjørlykke (havstrand)

Lokalitetsnummer:	1534-75
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 697 408
Høgd over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Strandeng og strandsump, tangvollar
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	13.08.1984, AAF (Holten m. fl. 1986), Sandnes (2000)

Områdeskildring

Generelt: Smale strandkantar og fine soneringar med m.a. ein pøl, grensar til røsslynghei og bjørkeskog.

Vegetasjon: Fjøresaltgraseng, ishavsstorreg, saltsiveng, raudsvingeleng, strandstjerne-steinstrand, rustsivakseng, fjørestorreg, taresaltgraseng, strandrøyrbestand, høgurt-fleirårsvoll med m. a. mjøurdurt, sløkje, strandsmelle og engsyre.

Kulturpåverknad: I 1984 m.a. sterk beiting. Stranda vert bruka til bading.

Artsfunn: Middels artsrik (53 artar), m. a. saltarve.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit mindre strandengområde med nokre kvalitetar som truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

76 Slyngstad: austsida av Slyngstadvatnet (kystfurskog m.m.)

Lokalitetsnummer:	1534-76
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 74-75, 38
Høgd over havet:	69-400 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Kystfurskog, gammal lauvskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Hogst og treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	25.02, 26.02, 30.05 og 04.06.2003, DH

Områdeskildring

Generelt: Spesielt naturområde med ein del gammal kystfurskog og gammal lauvskog.

Vegetasjon: I lia ned mot Slyngstadvatnet er det innslag av både hasselskog, gammal ospeskog og kystfurskog. Viktigaste vegetasjonstype er blåbærskog, men her er òg mykje småbregneskog. Nærast vatnet, særleg i sør, er det sumpskog. Vidare austover mot Svartegrova (Vatne) er skogen fattigare, også her utan spor etter hogstingrep i nyare tid. Her er det blåbærskog, røsslyngskog og store areal tresett myr. Arealet nærast kraftlina har mykje impediment som gjerne stikk opp som øyar i ein mosaikk av bakkemyr (til dels intermediær) og småkupert skogsterreg.

Kulturpåverknad: Her har vore setring tidlegare. Beitepåverknaden er tydeleg nær Slyngstadvatnet, t.d. med store felt krattlodnegras og noko jordnøtt. Størstedelen av området er likevel lite påverka av t.d. hogst i nyare tid.

Artsfunn: Ei gammal barlind (hannplante) med fleire stammer vart funne i lia ned mot vatnet (LQ 743 385). I skogen i Eidsvikheia vart det i fuktige sig fleire stader funne basekrevande artar som bjønnbrodd, breiull, dvergjamne og kornstorr. Ved Slyngstadvatnet (LQ 743 388) vart ein sjeldan og raudlista bregne funnen, nemleg bruntelg (DM). Fleire stader vart den raudlista skorpefiltlaven (DC) funnen. Den veks berre på gamle osper i fuktige miljø. Også ospekjuke er raudlista (DC), og veks i lokaliteten fleire stader på undersida av noko nedbrotne læger. På hassel vart det sparsomt funne to sjeldne skorpelav som er aktuelle for oppføring i raudlista: *Pyrenula laevigata* og *Thelotrema lepadinum* (LQ 744 391). Desse er såkalla regnskogsartar. Ein middels god signalart er blodkjuke, som veks på furulæger. Alle desse artane er avhengig av kontinuitet i skogen når det gjeld tilgang på daud ved eller eit stabilt mikroklima. Det same gjeld den raudlista kvitryggspetten (V), som ser ut til å hekke i lokaliteten. Eit par vart sett i februar 2003. Eit gammalt hønsehaukreir står framleis sør i området, men det er ikkje kjent at hauken har hekka her dei siste åra. Her er også ei lita stamme av storfugl. Smålom (DC) hekkar framleis i sjølve vatnet (utanfor lokaliteten), og har overteke for storlom som hekka her på 1970-talet.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit stort og intakt skogområde med fleire funn av raudlistearter. Ut frå funna er dette det viktigaste gammalskogsområdet i Haram.

Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vera at det ikkje blir hogge i området eller utført andre inngrep.

77 Tennfjord: Stavsetfjellet (kystfuruskog)

Lokalitetsnummer:	1534-77 (naturbasen 153403302)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 732 354
Høgd over havet:	0-170 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Kystfuruskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Større fysiske inngrep, hogst/treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	Naturbasen, 02.03.2003, DH

Områdeskildring

Generelt: Gammel naturfuruskog og blandingsskog. Heng saman med og grensar til lokalitet i Skodje. Gadd og læger av furu og lauvtre finst.

Vegetasjon: Røsslyng-blokkbær-furuskog og blåbærfuruskog og litt storbregne- og høgstaudevegetasjon.

Innslag av alm (få tre).

Kulturpåverknad: Relativt liten i nyare tid.

Artsfunn: Kystarten raggtelg finst, elles er artmangfaldet mangelfullt kjent på Haramsida.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein eldre kystfuruskog med nokre kvalitetar.

Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vera at det ikkje blir hogge i området. Området burde vore betre undersøkt.

78 Tennfjord: Tennfjordelva (viktig bekke drag)

Lokalitetsnummer:	1534-78
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 758 357 – 774 356
Høgd over havet:	0-46 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn (+viltlokalitet)
Naturtype:	Viktige bekke drag, meanderande elv
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, forureining
Undersøkt/kjelder:	09.01.1999, DH, 21.07.2001, DH, Lars Inge Nakken, 06.06.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Tennfjordelva renn frå kommunegrensa ved utløpet av Engsetdalsvatnet til sjøen i Tennfjorden. Elva er lakseførande, og har ein viktig bestand av elvemusling, som står på raudlista. Første delen nær vatnet, og siste delen frå eit stykke ovafor brua i Tennfjorden er noko rasktstrøymande. Midtpartiet av elva renn ganske roleg og har mange kulpar. Dette er ei av dei få intakte meanderande elvene i låglandet i Møre og Romsdal.

Vegetasjon: Kantvegetasjonen består hovudsakeleg av gråorskog, men med diverse andre treslag som selje, bjørk, furu, osp og rogn. Høgstaudevegetasjon tilhøyrande gråor-heggeskog dominerer med ei rekkje artar (sjå liste). I rolegare parti av elva førekjem vassvegetasjon med tusenblad og grøftesoleie. Det vart observert ein god del grønske og slam i elva. Inntil elva finst fleire stader myr.

Kulturpåverknad: I øvre deler ei demning som ikkje er i bruk, og noko jarnskrot. Fleire litt oppdemte kulpar. Dyrka mark inntil elva, og litt fylling ned mot elva eit par stader. Mura steinbru over elva i Tennfjord, nedanfor kvernhus og deming med rørgate. Begroing, slam og tusenblad i den rolege strekninga tyder på at elvemuslingane har det tøft til tider, dette er reintvassorganismar som kan bukka under ved vedvarande forureiningspåverknad. Det er truleg at forureiningsbelastninga i Engsetvatnet er i største laget.

Artsfunn: Viktigast er førekomst av den raudlista elvemuslingen, som er sårbar for forureining i elva. Ved besøket i 2002 vart det rekna minimum 1500 individ, men sjansen for sterk underestimering pga. vanskelege lysforhold gjer det sannsynleg at bestanden heller ligg i området 2000-7000 individ. Bestanden held seg mest i det saktestrøymande partiet mellom punkta 37689,693584 og ca. 37625,693589, dessutan eit hundretal i dammen rett nedanfor steinbrua i Tennfjorden (37604,693588). Tennfjordelva er elles ei av dei viktigaste

overvintringslokalitetene for fossekall på Sunnmøre (Kjell Mork Soot, Tore C. Michaelsen, Dag Holtan pers. medd.). Tennfjordelva er lakseførande, og har og ein bestand av ål (T. Klokkehaug pers. medd.).
Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av bestandar av elvemusling.

Skjøtsel og omsyn

Det er viktig å unngå forureining, graving i elva som forårsakar massetransport, og fysiske inngrep i sjølve elveløpet og flommarkene. Forureining (kjelder ikkje identifisert) fører til nedslamming og begroing som stressar elvemuslingane. Det er sterkt ønskjeleg å få redusert forureiningsbelastninga i Engesetvatnet.

79 Tennfjord: Tennfjordosen (havstrand)

Lokalitetsnummer: 1534-79 (naturbasen 153430300)
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 756 360
Høgd over havet: 0-1 m
Hovudnaturtype: Havstrand/kyst (+viltområde)
Naturtype: Brakkvassdelta
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: Naturbasen, 06.06.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Tennfjordelva har eit lite delta utan vesentlege inngrep. Dette er eit viktig element i natur- og kulturlandskapet. Elveosområdet er prioritert i fylkesdelplanen for elveoslandskap i Møre og Romsdal (godkjend 10.06.94 i Miljøverndep.). Elva deler seg i to før utløpet. Mesteparten av strandengene finst sør for nordre løp, vel eit dekar med eigentleg strandeng.

Vegetasjon: Ulike utformingar av brakkvassenger og bakre engsamfunn, og litt driftvollar.

Kulturpåverknad: Dyrka mark inntil, på nordsida er det fylt stein heilt ned til stranda.

Artsfunn: Planter: kjeldeurt, hanekam, fjørekoll, strandsauløk, strandkjeks, skjørbuksurt, strandrug, strandkryp, strandkjempe, strandsnelle. Fugl: fiskemåse, tjeld (truleg hekkande) og hegre. Om vinteren og våren beitestar for m.a. songsvane og laksand.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit mindre brakkvassdelta med nokre kvalitetar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

80 Tennfjord: nordsida av Tennfjordelva (rikmyr)

Lokalitetsnummer: 1534-80
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 7696 3581-3585
Høgd over havet: 40-50 m
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Rikmyr
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 06.06.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er eit lite område med rikmyr på austsida av Tennfjordelva, i svakt hellande terreng like ved elva.

Vegetasjon: Middelsrik fastmattemyr (M2).

Kulturpåverknad: Truleg litt beiting tidlegare. Dei hydrologiske tilhøva kan vera påverka av riksvegen m.m. ovanfor.

Artsfunn: På rikmyra langs elva vart det funne breiull, svarttopp, skavgras, myrklegg, kornstorr, engstorr, bjønnbrodd og loppestorr. Særleg skavgras er ein sjeldan art her på kysten.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er i lita rikmyr.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep, og endring av dei hydrologiske tilhøva.

81 Vatne: Grøtura (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1534-81
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 765 395
Høgd over havet:	40-300 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog, bjørkeskog med høgstaude
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	19.05.2002, 26.02.2003, DH

Områdeskildring

Generelt: Austeksponert, bratt lauvskogsli på vestsida av Vatnefjorden mellom Vatne og Grøt.

Vegetasjon: Velutvikla bjørkeskogsli med innslag av edellauvtre som hassel og alm (rundt 50 almetre).

Dominerande vegetasjonstypar er høgstaude- og storbregneskog. Mot Svartegrova meir hassel og lågurtprega vegetasjon.

Kulturpåverknad: Krattlodnegras og mykje jordnøtt tyder at her tidlegare har vore utmarksbeite. Elles veg og dels ei kraftline i nedste delen. Ein liten granplantasje i nord.

Artsfunn: Mest interessant er alm, som veks i høgdelaget ca 80-150 m. Elles mykje tannrot, spreidd sjeldne artar i ytre strok som strutsveg og storklokke. Heilt typisk for kysten er elles mykje raggtelg. Lungeneversamfunnet er uvanleg godt utvikla, m.a. med alle dei fire *Lobaria*-artane (lungenever, skrubbenever, kystnever og sølvnever) og ein sjeldan art som rund porelav.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei velutvikla lauvskogsli delvis i optimalfase med ein del interessante artar, dessutan alm, som er uvanleg i Haram.

Skjøtsel og omsyn

Det beste for dei biologiske verdiane er om lia får skjømte seg på eiga hand.

82 Vatne: ovafor Øygarden (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1534-82
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 784-789, 387-390
Høgd over havet:	80-250 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	Sandnes (2000)

Områdeskildring

Generelt: Søreksponert lauvskogsli nord for Øygarden på Vatne, langs skogsveg til Ulvestadsetra. Avgrensinga er noko usikker, men følger Sandnes (2000) med fråtrekk av nyanlagt vassverk m.m.

Vegetasjon: Lauvskogsli med innslag av edellauvtre som hassel og alm, elles bjørk, platanlønn, rogn, svartor og selje. Dels høgstaude- og storbregneskog, dels meir hassel og lågurtprega vegetasjon.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er litt oppbrotten av granplantasjar, vidare er det anlagt vassverk på ei fylling.

Artsfunn: Det vart notert m.a. hengjeaks.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at lia inneheld kysthasselkratt, som vert rekna som ein truga vegetasjonstype.

Skjøtsel og omsyn

Det beste for dei biologiske verdiane er om lia får skjømte seg på eiga hand.

83 Vatne: Ulvestadsetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1534-83
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 795 394
Høgd over havet:	300-320 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark, fuktenger

Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: Attgroing
Undersøkt/kjelder: Sandnes (2000)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er eit seterområde som ligg i ei sørvendt li nordaust for Vatne.

Vegetasjon: Vegetasjonen er truleg ein mosaikk av fuktig sølvbunkeeng og ulike utformingar av fukteng/myr med myrtistel, krypsoleie, høymole, flekkmariland, kvitkløver, duskull, raudkløver, bjønnskjegg og blåbær.

Kulturpåverknad: Tidlegare beita. Veg heilt fram, fleire oppussa sel.

Artsfunn: Artsutvalget er mangelfullt kjent, men truleg trivielt.

Verdsetting: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark i attgroing, men med visse kvalitetar som kan takast vare på ved restaurering.

Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også i framtida.

84 Vatnedalen: Storbakken (skog)

Lokalitetsnummer: 1534-84
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 805 392
Høgd over havet: 140-360 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Rik edellaavskog
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Skogsdrift og treslagskifte
Undersøkt/kjelder: 25.02, 01.03 og 31.05.2003, DH

Områdeskildring

Generelt: Området utgjer ein del av ei lang, sørvendt bjørkeli om lag 2,5 km aust for Vatne sentrum.

Vegetasjon: Velutvikla bjørkeskog med etter måten høgt innslag av hassel, lokalt også ein del osp, medan alm førekjem meir sparsamt. Blåbærvegetasjon og småbregnevegetasjon er vanlegast, men i parti med mykje hassel er det lokalt lågurtprega vegetasjon.

Kulturpåverknad: Det har generelt vore mykje treslagskifte i dalen. Innafor det avgrensa område er det eit par plantefelt og lokalt spreing av gran. Sitkagran vart også observert. Elles noko vedhogst.

Artsfunn: Mest interessant er funn av gamle barlinder, 31 i talet, tre av dei er unge planter i storleiken 30 cm til knapt 2 m høge. Alle plantane er stygt skada av hjortegnag, og tre av dei står no som nakne gaddar. To av dei største står inne i granplantasjen aust i lokaliteten. Andre sjeldne planter er rukkebjønnebær, skogfredlaus og skogsvingel, av lav fleire artar i lungeneversamfunnet, m.a. puteglye og sølvnever på hassel. Lokaliteten har eit klart potensial for funn av sjeldne og raudlista sopper knytte til hasselen. Den raudlista kvitryggspetten (V) vart observert trommande i mars 2003.

Verdsetting: Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av barlindførekomsten som her er på si absolutte verdsnordgrense når det gjeld dokumentert forynging og ein raudlisteart.

Skjøtsel og omsyn

Det beste for dei biologiske verdiane er om ein ikkje hogg eller skiftar meir til gran innafor det avgrensa området. Ein bør søkje å redusere hjortestamma lokalt for å hindre at han øydelegg barlindane heilt. Han har allereie øydelagt mest alle almetrea, og det vart berre funne to levande almar. Barlindene inne i granplantasjen treng meir lys for å overleva, og her bør ein fjerne gran i om lag ei trehøgd frå barlindene.

85 Vatnedalen: Kroksetra (slåtteeing)

Lokalitetsnummer: 1534-85
Kartblad: 1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89): LQ 8317 3950
Høgd over havet: 190 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Slåtteeing
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Attgroing, opphøyr av hevd
Undersøkt/kjelder: 02.07.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lita, gammel slåtteeng like ovafor vegen på Kroksetra gjennom Vatnedalen. Kantområda var mest artsrike.

Vegetasjon: G4 frisk fattigeng.

Kulturpåverknad: Intakt slåtteeng.

Artsfunn: Det vart funne solblom (1 blomstrande, LQ 8317 3950), elles kystgrisøyre, jordnøtt, grov nattfiol, harerug og kjertelaugnetrøst.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei mindre slåtteeng med nokre interessante artar i små bestandar.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med framhald i slåtten, elles vil dei kravfulle slåttemarksartane forsvinna.

86 Vatnedalen: Kroksetra, aust for Severingarden (småbiotop)

Lokalitetsnummer:	1534-86
Kartblad:	1220 II Vestnes
UTM (EUREF 89):	LQ 832 395
Høgd over havet:	190 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Småbiotop
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing, opphøyr av hevd
Undersøkt/kjelder:	02.07.2002, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Gammel slåtteengrest like ovafor vegen gjennom Vatnedalen.

Vegetasjon: G4 frisk fattigeng.

Kulturpåverknad: Rest av gammel slåtteeng i attgroing, kantområde.

Artsfunn: Det vart funne solblom (2 blomstrande ved avkjørsel av skogsveg LQ 8379 3964), og 1 individ ved LQ 8372 3968, elles kystgrisøyre, jordnøtt, blåklokke og harerug.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein rest av tradisjonelt kulturlandskap (truleg småslåtteemark) med nokre interessante artar, særleg raudlistearten solblom i små bestandar.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med ljaslått på dei få kvadratmetra det her er snakk om, elles vil dei kravfulle slåttemarksartane forsvinna.

87 Vestre: utløpet av Vestreelva (brakkvassdelta)

Lokalitetsnummer:	1534-87 (naturbasen 153401208)
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 805 436
Høgd over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvasspoll, brakkvassdelta, undervassenger, grunnestraumar, strandeng og strandsump
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Holten m. fl. (1986), 28.10.2004, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Strandeng og elveoslandskap med brakk fjordbotn avsnørt av ein terskel inst i Vestrefjorden. Elva renn ut i ein liten vågos, som er viktig i natur- og kulturlandskapet. Lokaliteten ligg i eit morenelandskap av nasjonal verdi (de Geer-morenar). Ein terskel i fjorden ein knapp kilometer frå elveosen gjer at vatnet er ein brakkvasspoll (smaka lite salt ved besøket i 2004). I heile fjordbotnen er sjøen svært grunn, og store flater fell tørre ved fjøre sjø. Langs strendene utover fjorden, t.d. mellom de Geer-morenene, er det fleire stader bukter med finsediment og strandenger. Terskelen ved Fonna er svært grunn og på fjøre sjø ofte ikkje stort meir enn 20 m brei. Elveosområdet er prioritert i fylkesdelplanen for elveoslandskap i Møre og Romsdal (godkjend 10.06.94 i Miljøverndept.).

Vegetasjon: I elveosen skildrar Holten m. fl. (1986) vegetasjonen: fjøresaltgraseng, ishavsstorreg, saltsiveng, raudsvingeleng, strandkjempe-strandkryp-grusstrand, hanekameng, fjøresivakseng, rustsivakseng, fjørestorreg, havstorrpøl, pøylestorrpøl, blåtoppeng, høgurt-fleirårvoll med sløkje og fuglevikke. I fjordbotnen utanfor elveosen er det mykje ålegras i dei områda som ikkje fell tørt (U1).

Kulturpåverknad: Dreneringsgrøfter frå dyrkamarka, steintipp i fjøra, attfylling av dreneringsbaner. Utover fjordstranda er det lite inngrep.

Artsfunn: Strandengane er middels artsrike (69 artar) og med ein av dei sørlegaste forekomstane av ishavstorr i fylket, dessutan vart det funne markfrytle. Ålegrasengene vert vinters tid beita av m.a. overvintrande songsvaner og stokkender.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein interessant lokalitet i elveosen med forekomst av fleire brakkvass-samfunn både i ferskvass-sig og panner, og relativt mange forskjellige vegetasjonstypar. Fjordbotnen er ein brakkvasspoll med undervassenger og grunn straum over ein terskel, eit miljø det er lite av i regionen.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten har i hovudsak eit urørt preg med unntak av elveosen. Ein bør unngå fleire fysiske inngrep.

88 Vatnefjorden: Lauvøya (kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1534-88
Kartblad:	1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89):	LQ 76 44
Høgd over havet:	0-45 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei, naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing, opphøyr av hevd
Undersøkt/kjelder:	28.10.2004, JBJ (frå land med kikkert), Nils Sanden

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ei øy på nokre hundre dekar ute i Vatnefjorden, dominert av lynghei, og med litt beita einerbakker og lauvskog (nordsida).

Vegetasjon: Ulike lyngheitypar, og G4 frisk fattigeng med einer, elles litt bjørkeskog.

Kulturpåverknad: Gammel beiteøy som har hatt busetnad til 1960-talet. Deretter lang attgroingsperiode til ca. 1997. Da vart det sett ut utegangarsau som framleis beiter på øya.

Artsfunn: Ingen data.

Verdsetting: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit intakt lyngheilandskap som framleis vert beita, og med nokre grasrike einerbakkar som kan ha potensiale for raudlista beitemarkssopp.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med beiting også i framtida.

Område med dårlege data eller usikker status

Andres og egne undersøkingar har produsert data om lokalitetar som kunne vera aktuelle å undersøkje vidare og evt. avgrensa. Nedanfor vert det presentert ein del område som ikkje er avgrensa og prioritert i rapporten, men der det kan finnast prioriterte naturtypar som burde ha vore undersøkt betre eller avgrensa gjennom feltarbeid. Det finst t.d. ingen tydelege retningsliner for grenseoppingar mellom C (lokalt viktig) og "ikkje lokalitet".

Tabell 7. Område i Haram kommune med dårlege data eller usikker status, som ikkje er avgrensa eller prioritert i rapporten.

Lokalitet	UTM	Kommentar
Stor-Kalvøya		Muleg forekomst av naturbeitemark. Ei viss beiting av sau seinare åra (Nils Sanden)
Løvsøya: Lauka	LQ 583 443	Gammal beiteholme i attgroing. Uviss kvalitet, muleg å restaurera ved t.d. utsetting av utegangarsau. Det vart sett ut slike i 2004 (kjelde Nils Sanden).
Løvsøya: Hestøya	LQ 589 449	Gammal beiteholme (kystlynghei) i attgroing. Uviss kvalitet, muleg å restaurera ved t.d. utsetting av utegangarsau.
Løvsøya: Lausundholmen	LQ 570 438	Gammal beiteholme i attgroing. Uviss kvalitet, muleg å restaurera ved t.d. utsetting av utegangarsau. Det er slike planer for 2005 (Nils Sanden).

Lokalitet	UTM	Kommentar
Flemsøya/Skuløya: fleire stader Rogne	LQ 62-63, 50	Lokalitetar med intakt låglandsmyr, uviss kvalitet.
Fjørtofta: Davik	LQ 679 540	Avstandsobservasjon av muleg dynehei, ikkje undersøkt.
Fjørtofta: NV-sida av Ramsberget	LQ 673 553	Potensiell lokalitet med nordvendte kystberg (18.06.2003, JBJ), m.a. lungenever, kystgrønnever og dronningmose. Bør undersøkast betre med tanke på oseaniske mosar.
Fjørtofta: Øvre Mangsfjellet	LQ 6679 5544	Potensiell lokalitet med nordvendte kystberg (18.06.2003, JBJ), m.a. heimose, lungenever, raudmuslingmose, skrubbenever, pelssåtemose. Bør undersøkast betre med tanke på oseaniske mosar m.m.
Fjørtofta: myr fleire stader	LQ 65-68, 54-55	Mange lokalitetar med intakt låglandsmyr, uviss kvalitet.
Hildrestranda: Haugvika	LQ 630 450	Sandstrand, badeplass (Sandnes 2000), ikkje undersøkt.
Synnaland: under Synnalandshornet	LQ 677-678, 445-446	Potensiell lokalitet med nordvendte kystberg (07.08.2003, JBJ). Funne enghumleblom, gulsildre, svartopp, loppestorr, engstorr i nedre deler. Bør undersøkast betre i øvre deler med tanke på oseaniske mosar m.m.
Synnalandsdalen	LQ 682 413	Avstandsobservasjon av ein del furugadd og gammal furuskog (07.08.2003, JBJ)
Synnalandsdalen	LQ 682 412	Avstandsobservasjon av litt alm oppunder nokre hamrar (07.08.2003, JBJ)
Helland: Høgenosa	LQ 70-71, 44-45	Nordvendt bjørkeskog med storbregner og innslag av høgstaudeskog. Muleg lokalitet for bjørkeskog med høgstauder (Sandnes 2000). Ikkje prioritert.
Skår	LQ 73 45	Beitemarker i attgroing, m.a. beita rasmarker, truleg trivielle, ikkje prioritert.
Vatn ved Høgenakken	LQ 687 408	Her skal det finnast blodigle, ikkje undersøkt
Bjørlykke	LQ 702 399	Observert beitemarker med einer, ikkje undersøkt. Ikkje beiting i 2004 (Nils Sanden).
Slyngstad: Litjevatnet	LQ 731 377	Muleg lokalitet med bekk/myr + viltlokalitet, dårleg undersøkt
SV for Slyngstadvatnet	LQ 72 38	Innslag av eldre furuskog (Sandnes 2000)
Eidsvikheia	LQ 74-76, 38	Noko gammal furuskog, usikker kvalitet, dårleg datagrunnlag, kanskje C-lokalitet.
Fannene, nordenden av Slyngstadvatnet	LQ 74 41	Beitemarker (Sandnes 2000), kanskje noko gjødsla, ikkje undersøkt.
Vatne: Lomtjønna	LQ 771 375	Næringsfattig tjønn, muleg lokalitet med bekk/myr + viltlokalitet, dårleg undersøkt
Vatne: Ulvestadbakken	LQ 779 391	Muleg naturbeitemark, avstandsbetrakta, kanskje noko gjødsla.
Vatne: Hovset	LQ 78 41	Tidlegare er her registrert slåtteenger i 1959 med solblom, brudespore, stortviblad, marinøkkel og engmarihand (Bjarne Mathiesen, herbariebelegg). Desse er ikkje attfunne, og er kanskje øydelagt i samband med bygging av ny riksveg.
Lauvøy	LQ 76 44	Muleg førekomst av naturbeitemark. Fråflytt 1960-talet med lang attgroingsperiode, utgangarsau frå ca. 1997 (Nils Sanden)

VILTOMRÅDE

Prosjektet har omfatta litt viltkartlegging. Prioritert oppgåve har vore å supplera/oppdatera kommunen si oversikt av viltobservasjonar. Denne er overlett til kommunen. Sidan oversikta inneheld ein del sårbare opplysningar er ho ikkje presentert her. Nedanfor er det omtala eit utval viltlokalitetar (lokalitetar for storvilt er ikkje teke med). Desse førekjem stort sett i kommunen sitt eksisterande viltkart, og ein har ikkje avgrensa desse lokalitetane i prosjektet. Fordi prosjektet har hatt hovudforkus på prioriterte naturtypar etter DN (1999a), er det berre desse som er presenterte på kart i rapporten.

Grytastranda: Grytaholmane

Lokalitetsnummer: naturbasen 153400500
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 643 365
Høgd over havet: 0-3 m
Undersøkt/kjelder: Naturbasen

Områdeskildring

Holmar tett inntil land på Grytastranda. Dei er låge og berglendte, men med vegetasjonsband. Holmane er landfaste ved fjøre sjø. Det er opparbeidd småbåthamn, som forstyrrar hekkinga. Hekkande fiskemåse og ternar, relativt ustabile bestandar.

Grytafjorden: Kjepina

Lokalitetsnummer: naturbasen 153402300
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 649 355
Høgd over havet: 0-10 m
Undersøkt/kjelder: Folkestad (1978), Naturbasen, Folkestad & Loen (1998)

Områdeskildring

Dette er ein litt høg, berglendt og delvis vegetasjonsdekt holme med nokre bergsprekker og steinur, og glissen vegetasjon, som ligg isolert midt i Grytafjorden. Namnet tyder på at det har vore utsett kje som truleg har hatt det noko magert der ute. Uvanleg stor teistekoloni for å vere fjordlokalitet. Denne sjøfuglkolonien har vore nokså stabil over dei siste 20-25 åra, kanskje med ein auke i teistebestanden. Fyrlykt. Hekking av fiskemåse (50-70 par), gråmåse (4-5 par 90-talet), svartbak (1 par 1994-95), makrellterne (10-50 par), raudnebbterne (10-175 par), teist (5-45 par). Tala gjeld perioden 1975-1995. Storskarv er observert parvis i hekketida. Mink kan opptre sporadisk.

Vigra fjorden: Kalvøya: Kalven

Lokalitetsnummer: naturbasen 153402000
Kartblad: 1120 II Vigra
UTM (EUREF 89): LQ 55 37
Høgd over havet: 0-20 m
Undersøkt/kjelder: Folkestad (1978), Naturbasen

Områdeskildring

Nord på Kalvøya ligg halvøya Kalven, eit småkupert landskap med strandenger langs sjøen, elles lyngmark, einer og skogkratt. I området har grågås, ærfugl og måsar tilhald. Kalvøya hadde tidlegare store måsekoloniar med samla ca. 1000 par (135 sildemåse, 800 gråmåse, litt svartbak og ca. 50 par fiskemåse). Dessutan hekka fleire par grågås, minst 10 par ærfugl, somme tider også stokkand, gravand og siland, 4-5 par tjeld, 1 par vipe 3-4 par storspove og fleire par enkeltbekkasin. Etter at det kom raudrev til øya i 1973, vart sjøfuglkoloniane omtrent fullstendig raserte.

Vigra fjorden: Kalvøya: Kalvøyholmen

Lokalitetsnummer: naturbasen 153403000
Kartblad: 1120 II Vigra
UTM (EUREF 89): LQ 560 368

Høgd over havet: 0-12 m
Undersøkt/kjelder: Naturbasen

Områdeskildring

Ein holme med måsekoloni og nokre ærfugl og grågås.

Vigra fjorden: Gjosundholmen

Lokalitetsnummer: naturbasen 153400600
Kartblad: 1120 II Vigra
UTM (EUREF 89): LQ 55 37
Høgd over havet: 0-19 m
Undersøkt/kjelder: Folkestad (1978), Naturbasen, Folkestad & Loen (1998)

Områdeskildring

Gjosundholmen er nokså flat, ca. 900 x 500 m og ca. 200 dekar. Langs sjøen er det dels svaberg, dels steinstrand med strandengar i bukter og vikar. Dette er ein tradisjonell og artsrik hekkeplass for sjø- og kystfuglar, og med dominans av store måsar. Holmen har og vore ein viktig reirplass for grågås som dels beiter på denne holmen, dels på Kalvøya og dels i Gjosund. Dessutan ein mindre holme i nordaust, Bølet, ca. 200 x 125 m, som er gras- og lyngkledd med nokre snauare skjer ikring. Småkupert med grasmark, myr og lynghei, og med eit par strandenglokalitetar. På austsida er det langgrunne strender med strandengparti, medan det på vestsida er eit par bukter med tarevollar. Litt oppslag av lauvkratt. Fleire dammar. I 1973-1981 og 1994-95 er det registrert hekkande ærfugl (fleire par), fiskemåse (min. 10 par 70-talet), sildemåse (einskilde par 90-talet), gråmåse (50-150 par), svartbak (200-300 par), makrellterne (10-20 par på 70-talet) og raudnebbterne (ca. 270 par på 70-talet). Andre hekkefuglar, meir eller mindre regelbundne: gravand, stökkand, siland, steinvendar, raudstilk, storspove, enkeltbekkasin, tjeld, grågås, skjerpipelerke, heipipelerke og kråke. Tidlegare har det og hekka 25-30 par hettemåse.

Terøya: Terøyfjellet

Lokalitetsnummer: naturbasen 153430900
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 592 393
Høgd over havet: 40-100 m
Undersøkt/kjelder: Naturbasen

Områdeskildring

Hegrekoloni i brattheng i plantefelt, uviss status.

Terøya: Terøyholmen

Lokalitetsnummer: naturbasen 153400700
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 57 36
Høgd over havet: 0-17 m
Undersøkt/kjelder: Naturbasen

Områdeskildring

Ein lyng- og graskledd kupert holme, dårlege data.

Løvsøya/Gamlem: Løvsøyrevet

Lokalitetsnummer: naturbasen 153401002, 153401005
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 57 -59, 41-43
Høgd over havet: 0-57 m
Undersøkt/kjelder: Folkestad (1978), Naturbasen

Områdeskildring

Løvsøyrevet er eit større straumrikt og produktivt marint gruntvassområde med eit par små øyar. Området strekkjer seg frå Gamlem over sundet til Løvsøya. Langs land på begge sider av sundet er det langgrunne strandområde. Fuglefredningsområde. Beiteplass for sjøfugl. 4 fugleartar av regional, 5 artar av nasjonal

interesse. Der er rullesteinsgrunner, tarefluer og større sandflater og leirer som dels fell tørt på fjøre sjø. Store deler er berre 1 - 4 meter djup. Tilgrensande strandområde er prega av breie tidevass-soner med sand eller rullesteinstrand. Det verna området har tilgrensande dyrelivsfredning (Lepsøyrevet dyrelivsfredningsområde). Området er på tilsaman 2370 dekar. Innlagte sjøfugldata er registrert på Hestøya som inngår i fuglefredningsområdet. Skipsleia går over revet i mudra løp. På Lauka har det tidlegare vore fast busetnad og på Hestøya er det bygd hytte. Hekkande ærfugl på begge sider av sundet. Hekkekoloniar av svartbak og raudnebbterne. Ein blanda koloni på ca. 200 par gråmåse og svartbak på Hestøya (70-talet). Viktigast er området som myteplass for fleire hundre ærfugl-hannar (maks. 350 ind.) og for silender. Overvintring av lom, særleg islom, dykkarar (særleg gråstrupedykkar), skarv og sjøender. Nokre maksimaltal vinters tid: >500 ærfugl, ca. 100 sjøorre, >200 haveller, mindre tal svartand og siland.

Løvsøya: Innholmen

Lokalitetsnummer: naturbasen 153402800
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 522 473
Høgd over havet: 0-10 m
Undersøkt/kjelder: naturbasen

Områdeskildring

Ein større holme vest for Løvsøya med knausar og rullestein, men og graskledd somme stader. Holmen er hekkeplass for måsar og teist.

Haramsøya: Ullasundet fuglefredningsområde

Lokalitetsnummer: naturbasen 153401101
Kartblad: 1120 II Vigra, 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 56-58, 52-54
Høgd over havet: 0-1 m
Undersøkt/kjelder: Folkestad (1978), Fylkesmannen (1982)

Områdeskildring

Eit straumrikt område mellom Haramsøya og Flemsøya/Skuløya, med to holmar (Ullaholmen og Kroksholmane), store leirer og svært grunne sjøområde. For ein stor del sandbotn, men med svaberg og rullestein langs deler av strandlina. Hekke-, raste- og overvintringsplass for fugl. 18 fuglearter av regional interesse, 1 art av nasjonal interesse. Lokaliteten har interessant havstrandvegetasjon med fine vollar og steinstrand-samfunn. Området er verna som fuglefredningsområde. Det er dyrelivsfredning i tilgrensande område. (Ullasundet dyrelivsfredningsområde). På Ullaholmen er det fleire bukter med store tarevollar (sjå eigne havstrandlokalitetar). Dyrka mark og fleire sommarfjøs i tilgrensande område på Ullaholmen, grensar til hamne- og industriområde på Flem, småbåthamn på Ulla, bru og vegfylling. Sundet er delvis stengt av vegfyllinga, og dette har utan tvil endra naturtilhøva i sundet. Det er ein større bestand av steinkobbe i området (75 individ opptalde på ein gong). Av hekkefugl kan nemnast 1-2 par gravand (Ullaholmen), noko måsefugl, ærfugl, tjeld, vipe, storspove og raudstilk. Om sommaren 100-200 mytande silender, 40-50 ærfugl og 25 svartender. Overvintrande artar er m. a. gråstrupedykkar, hornedykkar, fleirelomartar, inntil 100 sjøorre, elles ærfugl, kvinand og havelle. Det er observert 2 dykkarartar, 8 andeartar og 13 vadefuglartar. Strender og dyrkamark er viktige for grågås.

Haramsøya: Ullasundet (dyrelivsfredning)

Lokalitetsnummer: naturbasen 153401101
Kartblad: 1120 II Vigra, 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 54-60, 51-55
Høgd over havet: 0-1 m
Undersøkt/kjelder: Folkestad (1978), Fylkesmannen (1982)

Områdeskildring

Område med dyrelivsfredning (artsvern) som grensar til Ullasundet fuglefredningsområde. Eldre administrativ fredning på Ulla fyr. Eit straumrikt område mellom Haramsøya og Flemsøya/Skuløya, delvis eksponert i nordvestre delen. Svært grunne sjøområde. For ein stor del sandbotn, men med svaberg og rullestein langs deler av strandlina. Hekke-, raste- og overvintringsplass for fugl. Lokaliteten har interessant havstrandvegetasjon med fine vollar og stein- og sandstrand-samfunn. Sjå skildring av eigne havstrandlokalitetar. Jordbruksområde i tilgrensande område på Ullaholmen, hamne- og industriområde på Flem, småbåthamn på Ulla, bru og

vegffylling. Sundet er delvis stengt av vegffyllinga, og dette har utan tvil endra naturtilhøva i sundet. Delvis det same som Ullasundet fuglefredningsområde, sjå dette.

Flemsøya/Skuløya: Husafjellet/Saksehammaren

Lokalitetsnummer: naturbasen 153401707
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 593 540
Høgd over havet: 40-100 m
Undersøkt/kjelder: Naturbasen, Folkestad & Loen (1998), Kolbjørn Snekvik 2002

Områdeskildring

På nordenden av Skuløya ligg eit par markerte fjellknausar med ein åsrygg mellom, Husafjellet lengst nord, og Saksehammaren mot aust. Dette er bratte fjellheng med ein del hyller og fjellsprekker. I Husafjellet er det litt krattskog mot sør og vest, og på åsryggen mellom dei to hamrane dekkjer eit plantefelt av bergfuru det meste av områda. Havhest og toppskarv har tradisjonelle hekkeplassar her. Likevel er hekkebestandane av sjøfugl sterkt reduserte i løpet av dei siste 25 åra. Dette gjeld alle artane. På 1960-70-talet var det Saksehammaren og området rundt, både dei tilgrensande fjellsidene og fjellryggen som var det viktigaste hekkeområdet, medan områda aust for Saksehammaren synest å vere heilt ute av bruk i dag. Saksehammaren har berre nokre få par, medan det først og fremst er sjølve Husafjellet som framleis fungerer som hekkeplass. Vegetasjonen er skildra under naturtypeområdet Saksehammaren. Det går veg langs fjellfoten på nordsida. Noko plantingar av sitkagran og bergfuru. På det meste hekka omlag 50 par havhest (ca. 20 på 90-talet), 90-100 par toppskarv (15-20 par på 90-talet, rundt 30 par 2002) og 2-300 par gråmåse (50-100 på 90-talet) i dette området. Elles hekka fiskemåse (ca. 20 par på 90-talet), svartbak (5-10 par) og ærfugl (helst tidlegare). Litt søraust for dette området er det ein gråhegrekoloni, som i 1994-95 hadde omlag 20 hekkande par, men som tidlegare har hatt meir enn 50 par i eit plantefelt med ein blanding av sitkagran og furu.

Fjørtoftfjorden: Uksnøyområdet

Lokalitetsnummer: naturbasen 153402701
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 61-65, 58-60
Høgd over havet: 0-5 m
Undersøkt/kjelder: Naturbasen

Områdeskildring

Ytre del av eit særst variert skjergardsparti der størsteparten ligg i Sandøy kommune, men deler ligg i Haram. Området har ein variert sjøfuglfauna.

Svetlingane

Lokalitetsnummer: naturbasen 153400300
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 58 57
Høgd over havet: 0-5 m
Undersøkt/kjelder: Naturbasen, Folkestad & Loen (1998)

Områdeskildring

Dette er ei gruppe på tre relativt store og eitt noko mindre skjær nord for Flemsøya, som ligg svært verhardt til mot storhavet. Den største holmen er 200 x 125 m. Dette er eit konsentrert og viktig hekkeområde for fleire sjøfuglartar, med ein av dei største toppskarvkoloniane i fylket, ved sida av store måsar. Toppskarvkolonien synest framleis å vere i vekst. Dessutan er området viktig for fjørfellande grågås og ærfugl. Tidlegare har det også hekka krykkje på desse skjera, og i gode år kan det vere inntil 100-200 ternar, med dominans av raudnebbterne. I vinterhalvåret er dette ein viktig overnattingsplass for skarv og måsar. På deler av dei tre største skjera er det frodig urtevegetasjon sommarstid, elles er dei sterkt avvaska. Fuglegjødsla vegetasjon (X2b) med gras, krushøymole og strandbalderbrå. Hekking av toppskarv (100-200 par), ærfugl (1-2 par 70-talet), fiskemåse (2 par 70-talet), sildemåse (5-10 par), gråmåse (ca. 100 par), svartbak (150-200 par), makrellterne (20-50 par på 70-talet), raudnebbterne (ca. 150 par på 70-talet), teist (ca. 30 par på 70-talet). Totalt 550-650 par sjøfugl på 70-talet, minst 425 par 1994-95. Andre hekkfuglar: storkand, tjeld, skjerpplerke er årvisse, medan gravand, linerle, steinskvett og kråke kan hekka sporadisk. Elles oppsøker grågås lokaliteten i mytetida. Inntil 200 steinkobbe held til i området, og havert vert sett årleg. Tidlegare har det hekka krykkje med inntil 66 par. Seinare har krykkja berre hekka sporadisk.

Hildrestranda: Hildrevatnet

Lokalitetsnummer: naturbasen 153403000
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 641 420
Høgd over havet: 148 m
Undersøkt/kjelder: Naturbasen, 07.08.2003, JBJ

Områdeskildring

Eit næringsfattig vatn som er beiteplass for ender og svanar. Det er elvesnellebelte både i Hildrevatnet (SV-sida) og Tredjevatnet (rundt heile).

Samfjorden: Stølevatnet/Reitevatnet

Lokalitetsnummer: naturbasen 153402605
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 702 392
Høgd over havet: 29 m
Undersøkt/kjelder: naturbasen, Sandnes (2000)

Områdeskildring

Eit næringsfattig vatn som er beiteplass for ender, svaner og vadarar.

Slyngstad: Slyngstadvatnet

Lokalitetsnummer: ingen nummer
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 73-74, 38-40
Høgd over havet: 68 m
Undersøkt/kjelder: Tore C. Michaelssen, D. Holtan, K. Snekvik, pers. medd.

Områdeskildring

Eit næringsfattig vatn som er beite- og hekkeplass for ender, lom m.m.

Vatne: Vatnevatnet

Lokalitetsnummer: naturbasen 153403802
Kartblad: 1220 III Brattvåg
UTM (EUREF 89): LQ 77-78, 37-38
Høgd over havet: 9 m
Undersøkt/kjelder: Notat: Vatnevatnet i Haram, vurdering av naturfaglege tilhøve 04.01.1983, 25.01.1999, GGa

Områdeskildring

Eit større vatn med gjennomgåande smale strandsoner, grunne parti i søraustre vika. Vatnet er kranse av kantskog av gråor- heggeskogtypen. Vatnet er rasteplass for ender og svaner. Dei mest interessante plantane er småtjønnaks som kan tyde på at vatnet er noko rikare og sjøsvaks (i nordaustre del) som er kravfull og sjeldan i fylket.

RAUDLISTEARTAR

Generelt

Med raudlisteartar meinest her artar som er oppført på den nasjonale raudlista (DN 1999b). Funn av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl er samanstilt for heile fylket av Gaarder & Jordal (2001), med seinare revisjonar (eigen database).

Følgjande kategoriar er nytta i raudlistene:

Ex	utdøydd	R	sjeldan
E	direkte truga	DC	omsynskrevande
V	sårbar	DM	bør overvakast

I tillegg er det nytta K=raudlistekandidat om artar som ikkje er med på raudlista, men kan vera aktuelle ved neste revisjon. For mange organismegrupper har ein ikkje oversikt over om det er kjent funn av raudlisteartar frå Haram. Dette gjeld t. d. dei fleste grupper av virvellause dyr. Det er heller ikkje kjent raudlista kransalgar. Med større innsats i felt ville nok mange fleire slike funn bli gjort.

Tabell 8. Oversikt over funn av raudlistearter av ein del grupper i Haram. 164 funn, av desse er 157 sikre funn av offisielle raudlistearter.

Finnarar		Raudlistekategoriar			Grupper		
Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat.	Lokalitet	Dato	Finnarar	UTM
L	<i>Degelia atlantica</i>	kystblåfittlav	DC	Flemsøya/Skuløya: Sakshammaren (norsk nordgrense)	13.12.1998	DH, KJG	LQ 594 538
L	<i>Degelia atlantica</i>	kystblåfittlav	DC	Flemsøya/Skuløya: Sakshammaren, austsida	02.07.2002	DH, JBJ	LQ 5935 5387
L	<i>Degelia atlantica</i>	kystblåfittlav	DC	Flemsøya/Skuløya: Sakshammaren, austsida	02.07.2002	DH, JBJ	LQ 5940 5382
L	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	skorpefittlav	DC	Slyngstadvatnet: øst for vatnet	26.02.2003	DH	LQ 742 384
L	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	skorpefittlav	DC	Slyngstadvatnet: øst for vatnet	26.02.2003	DH	LQ 743 388
L	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	skorpefittlav	DC	Slyngstadvatnet: øst for vatnet	27.02.2003	DH	LQ 743 391
L	<i>Fuscopannaria sampaiana</i>	kastanjelav	DC	Remmevollan	08.05.2002	DH	LQ 701 380
L	<i>Pseudocyphellaria crocata</i>	gullprykkjav	V	Flemsøya/Skuløya: aust for Ura	16.10.2003	Kristian Hassel & JBJ	LQ 6125 5320
L	<i>Pseudocyphellaria crocata</i>	gullprykkjav	V	Flemsøya/Skuløya: Sakshammaren, austsida	02.07.2002	DH, JBJ	LQ 5931 5370
L	<i>Pseudocyphellaria crocata</i>	gullprykkjav	V	Flemsøya/Skuløya: Stødalen, aust for Ura	02.07.2002	DH, JBJ	LQ 6134 5310
L	<i>Pseudocyphellaria crocata</i>	gullprykkjav	V	Haramsøy: Ulla	13.12.1998	DH & KJG	LQ 564 527
L	<i>Pseudocyphellaria crocata</i>	gullprykkjav	V	Haramsøy: Ulla på østvendt berg	09.05.1993	GGa	LQ 565 529
L	<i>Pseudocyphellaria crocata</i>	gullprykkjav	V	Haramsøy: vestsida	01.07.2002	JBJ	LQ 5528 5200
L	<i>Pseudocyphellaria crocata</i>	gullprykkjav	V	Lepsøya: sør for Rådet	09.02.2003	DH	LQ 537 469
L	<i>Pyrenula laevigata</i>	-	K	øst for Slyngstadvatnet	27.02.2003	DH	LQ 744 391
Lep	<i>Trifurcula cryptella</i>	-	R	Skår, nordgrense	1992	K. Berggren & K. Myhr	LQ 73-75, 45
M	<i>Pohlia myldelemsii</i>	-	K	Flemsøya/Skuløya: aust for Ura (2. funn i Noreg)	16.10.2003	Kristian Hassel & JBJ	LQ 612 532
Mol	<i>Margaritifera margaritifera</i>	elvemusling	V	Hildreelva (reinv. 24.04.03, JBJ, ikkje attfunnen)	1988	J. Loen	LQ 63 44
Mol	<i>Margaritifera margaritifera</i>	elvemusling	V	Tennfjordelva	06.06.2002	JBJ	LQ 7689 3584-7601 3588
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Flemsøya/Skuløya	00.07.1894	O. Dahl (Dahl 1895:37)	LQ 58-64, 50-54
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Grytastranda	ca. 1992/93	Hildegunn Schumann medd. GGa	uplasserbar
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Hildrestranda: Alvestad	06.07.1894	O. Dahl (Dahl 1895:37)	LQ 65-66, 44
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Vatne Eidsvik bot. eks.	02.07.1959	Bj. Mathiesen & Einar Fondal	LQ 75 37
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Vatne: Hovset våteng	26.07.1979	F. Wischmann	LQ 78 41

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat.	Lokalitet	Dato	Finnarar	UTM
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Vatne: Kroksetra	02.07.2002	JBj	LQ 8317 3950
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Vatne: Kroksetra	02.07.2002	JBj	LQ 8379 3964
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Vatne: Kroksetra	02.07.2002	JBj	LQ 8372 3968
P	<i>Asplenium marinum</i>	havburkne	R	Lepsøya: Grotten på Lepsøy vestsida	26.07.1933	Goksoytr, Harald	LQ 52-54 45-48
P	<i>Asplenium marinum</i>	havburkne	R	Lepsøya: Kyrhellaren	09.02.2003	DH	LQ 529 475
P	<i>Asplenium marinum</i>	havburkne	R	Lepsøya: Kyrhellaren	01.08.1934	H. Goksoytr	LQ 53, 46-47
P	<i>Carex paniculata</i>	toppstorr	DC	Lepsøya: Rådet. Nede ved stranda.	28.06.1982	Ingvald Røssberg	LQ 530 476
P	<i>Carex paniculata</i>	toppstorr	DC	Lepsøya: sydvestsida	01.08.1934	H. Goksoytr	LQ 53-54, 45-47
P	<i>Carex paniculata</i>	toppstorr	DC	Lepsøya: vestsida, Liti-Rådet	15.07.2003	DH & JBj	LQ 5285 4769
P	<i>Carex paniculata</i>	toppstorr	DC	Lepsøya: vestsida, ved Kyrhellaren. Nede ved stranda.	15.07.2003	DH & JBj	LQ 5293 4742
P	<i>Dryopteris expansa var. willcana</i>	brunteig	DM	Slyngstadvatnet	30.05.2003	DH	LQ 743 388
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebrege	V	Bjørnøy. På NV-sida av Bjørnøyfjellet, i ei kløft som gir ly både for V-, NV- og NØ-vinder	19.04.1984	I. Røssberg	LQ 57 39
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebrege	V	Flemsøya/Skuløya: Husfjellet	02.07.2002	JBj, DH	LQ 592 538
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebrege	V	Flemsøya/Skuløya: i kløft ned til Uraneset, nær fjellplataet	16.10.2003	Kristian Hassel & JBj	LQ 6201 5193
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebrege	V	Flemsøya/Skuløya: Nogva	16.10.2003	Kristian Hassel & JBj	LQ 6321 5239
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebrege	V	Flemsøya/Skuløya: Nordvendt. Nord for Sakshammaren	08.06.1983	I. Røssberg	LQ 59 53
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebrege	V	Flemsøya/Skuløya: På nordsida av Husfjellet	08.06.1983	I. Røssberg	LQ 58 54
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebrege	V	Flemsøya/Skuløya: Sakshammaklubben	02.07.2002	JBj, DH	LQ 594 539
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebrege	V	Flemsøya/Skuløya: Stødalen, store bestandar	02.07.2002	JBj, DH	LQ 614 534
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebrege	V	Flemsøya/Skuløya: Stødalen, store bestandar	02.07.2002	JBj, DH	LQ 617 531
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebrege	V	Flemsøya/Skuløya: øst for Ura, mellom store steiner	02.07.2002	JBj, DH	LQ 6128 5344
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebrege	V	Flemsøya/Skuløya: øst for Ura, mellom store steiner	02.07.2002	JBj, DH	LQ 6152 5316
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebrege	V	Flemsøya/Skuløya: øst for Ura, mellom store steiner	02.07.2002	JBj, DH	LQ 6189 5317
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebrege	V	Haramsøy: ca 500-700 m øst for Ulla.	27.06.1988	I. Røssberg	LQ 574 515
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebrege	V	Lepsøya: vest for Hellevika	16.02.2003	DH	LQ 542 481
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebrege	V	Lepsøya: vest for Hellevika	28.06.1982	I. Røssberg	LQ 545 473
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebrege	V	Lepsøya: vest for Hellevika	16.02.2003	DH	LQ 543 479
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebrege	V	Lepsøya: vestsida, ved Øvre Sjøhellaren	15.07.2003	JBj	LQ 5366 4600
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebrege	V	Lepsøya: vestsida, ved Øvre Sjøhellaren	13.11.2002	Tore C. Michaelsen	LQ 537 462
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Haramsøy: Ulla	18.07.1967	R. Nordhagen	LQ 55 53
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Haramsøy: Ulla, gruppevis men ikke vanlig	12.07.1968	R. Nordhagen	LQ 55 53
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Hildrestranda: ved Alvestad skolehus på Hildre	06.07.1894	O. Dahl	LQ 643 447
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Vatne Eidsvik, bot. eks.	03.07.1959	Bj. Mathiesen, Einar Fonstad(?)	LQ 75 37

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat.	Lokalitet	Dato	Finnarar	UTM
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Vame v. Hovset	15.07.1959	Bj. Mathiesen	LQ 78 41
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida hibernica</i>	kvitkurle	DC	Vame: Skjæringen	22.07.1943	I. Samseth Vold	LQ 82-86, 40-43
P	<i>Pedicularis sylvatica ssp. hibernica</i>	irsk kystmyrklegg	V	Hildrestranden	07.07.1894	Ove Dahl	LQ 63-65, 44-45
P	<i>Pedicularis sylvatica ssp. hibernica</i>	irsk kystmyrklegg	V	Hildrestranden, ved veien til et gruustak sydvest for Hildre, i midtre myr her i veikanten.	15.07.1967	M. & R. Nordhagen	LQ 62-63 44-45
P	<i>Pedicularis sylvatica ssp. hibernica</i>	irsk kystmyrklegg	V	Synnaland: Vika	21.05.2003	JBj	LQ 6748 4487
P	<i>Rhinanthus minor ssp. monticola</i>	kystengkall	DM	Haramsøy: Haram utenfor Bakken gård	24.07.1967	M. & R. Nordhagen	LQ 55-56, 50
P	<i>Rhinanthus minor ssp. monticola</i>	kystengkall	DM	Lepsoya: Mellom Rønstad og Rønstadhelleren	02.08.1969	M. & R. Nordhagen	LQ 53-54, 46-47
P	<i>Rhinanthus minor ssp. monticola</i>	kystengkall	DM	Lepsoya: Ved "Tjørnet" vest for Kjerstad prestegård	03.08.1969	M. & R. Nordhagen	LQ 5745
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Baraldsnes (Sunnmørsposten 11.06.1955) (utgått 2003)	00.06.1955	anonym leser	LQ 75, 45-46
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Helland: funnet på Notanaset. (utgått 2003)	22.06.1966	Helland, Arnhild	LQ 69-70, 44
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Helland: Notanaset (utgått 2003)	13.07.1967	Arnhild Helland	LQ 69-70, 44
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Hildrestranda i Harham	01.06.1890	Dyring, J.	uplasserbar
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Hildrestranda, Haram. Søndmøre.	13.06.1889	Alvestad, Olaus	uplasserbar
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Hildrestranden	01.06.1890	O. Alvestad	uplasserbar
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Hildrestranden i Haram	01.06.1890	Alvestad, Olaus	uplasserbar
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Hildrestranden i Haram	01.06.1890	Alvestad, Olaus	uplasserbar
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Hildrestranden i Haram	01.06.1890	Alvestad, O.	uplasserbar
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Hildrestranden.	01.06.1890	Alvestad, Olaus (REF 1328)	uplasserbar
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Hildrestranda: Alvestad (ved Alvestad skolehus Dahl 1895)(utgått 2003)	01.06.1890	Olaus Alvestad	LQ 63-66, 44
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Hildrestranda: Alvestad skolehus (utgått 2003)	06.07.1894	Ove Dahl	LQ 65 44
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Hildrestranda: Alvestad (utgått 2003)	18.06.1950	A. Rødland	LQ 65-66, 44
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Hildrestranda: Alvestad (utgått 2003)	1955	Dyrkorn, B.	LQ 65-66 44
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Hildrestranda: Alvestad (utgått 2003)	00.06.1963	Marian Alvestad	LQ 65-66, 44
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Hildrestranda: Alvestad (utgått 2003)	1966	R. Nordhagen	LQ 65-66, 44
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Hildrestranda: Alvestad: Lysholen (utgått 2003)	00.06.1963	Alvestad, Marion	LQ 65-66 44
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Hildrestranda: Alvestad: Lysholen (ruteanalyse)(utgått 2003)	08.07.1967	Nordhagen, Monna; Nordhagen, Rolf	LQ 65-66 44
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Rødholmen (ikkje attfunnen 23.06.03, JBj)	ca. 1960	Torbjørn Sønderland	LQ 669 478
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Synnaland	1948	Karl Alvestad	uplasserbar
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Synnaland: Brauta, Synnalandstranda. Nes mot sjøene like ved en bro, men går lenger ut over broen langs en vei utover.	22.05.1964	Tor Ryste	LQ 68 44

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat.	Lokalitet	Dato	Finnarar	UTM
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Synnaland: Brauta ved Synnalandsnauستا, ned mot sjøen like over broen langs en vei utover.(utgått 2003)	02.08.1966	Ryste, Tor	LQ 68 44-45
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Synnaland: Braute ved utløpet av Synnalandselven (på analyseflater)(utgått 2003)	11.07.1967	M. & R. Nordhagen	LQ 68 44
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Synnaland: Floget, Nedenfor "Pergardane" på Floget, minst 20 m.o.h. i en beitet gressbakke (ruteanalyse i min dagbok) (utgått 2003)	31.07.1966	Nordhagen, Monna; Nordhagen, Rolf	LQ 68 44-45
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Synnaland: Floget (samme lokalitet hvorfra ruteanalyse 1966) (utgått 2003)	09.07.1967	Nordhagen, Monna; Nordhagen, Rolf	LQ 67-68 44-45
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Synnaland: Djuvik: Hatlen	05.06.2003	Frida Sønderland, Hans Skår & JBJ	LQ 6811 4496
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Synnaland: Djuvik: Djuvikhaugen/Djuvikdumpa	05.06.2003	Frida Sønderland, Hans Skår & JBJ	LQ 680 450
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Synnaland: Knutgarden: Arhaugen (utgått 2003)	ca. 1990	Frida Sønderland	LQ 6863 4506
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Synnaland: Knutgarden: Berget (ved naustet)	05.06.2003	Frida Sønderland & JBJ	LQ 6870 4474
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Synnaland: Knutgarden: Nausthaugane	05.06.2003	Frida Sønderland & JBJ	LQ 6864 4475
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Synnaland: Knutgarden: Småbøane	05.06.2003	Frida Sønderland & JBJ	LQ 6861 4498
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Synnaland: Knutgarden: sør for Arhaugen (utgått 2003)	ca. 1990	Frida Sønderland	LQ 6858 4492
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Synnaland: Sunnaland (Sønderland)	10.07.1955	A. Rødland	LQ 67-68, 44-45
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Synnaland: Sunnaland (Sønderland)	15.06.1955	Magnus Sønderland	LQ 67-68, 44-45
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Synnaland: Vika	05.06.2003	Frida Sønderland & JBJ	LQ 676 449
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Synnaland: Vika, på haugen i Vika, Synnaland	23.05.1964	Sønderland, Torbjørn	LQ 67-68 44-45
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Synnaland: Vika, på kaia i Vika, Synnaland	1964	?	LQ 67 44
P	<i>Scilla verna</i>	kystblåstjerne	V	Synnaland: Vika, ved Vika, i utmark ned mot sjøen (rute-analyse!)	08.07.1967	Nordhagen, Monna; Nordhagen, Rolf	LQ 67-68 44-45
S	<i>Asterophora parasitica</i>	silkesnyltehatt	R	Grytastranda	07.09.2002	DH, PL	LQ 615 364
S	<i>Asterophora parasitica</i>	silkesnyltehatt	R	Grytastranda: Grovagjølet, ovafor idrettsplassen	18.09.2003	Wenche Eli Johansen & JBJ	LQ 6117 3634
S	<i>Asterophora parasitica</i>	silkesnyltehatt	R	Grytastranda: Grytahatlen	23.09.2003	PL & JBJ	LQ 655 366
S	<i>Camtharellus melanoxeros</i>	svartnande kantarell	V	Vatne	08.09.2002	Helene Ytrebø	LQ 59 36
S	<i>Capnobotrys dingleyae</i>	fløyelsskorpe	K	Storbakken	25.02.2003	DH	LQ 806 393
S	<i>Capnobotrys dingleyae</i>	fløyelsskorpe	K	Storbakken	25.02.2003	DH	LQ 809 393
S	<i>Capnobotrys dingleyae</i>	fløyelsskorpe	K	Storbakken	01.03.2003	DH	LQ 812 393
S	<i>Ceriporiopsis aneirina</i>	ospekjuke	DC	Slyngstadvatnet: aust for vatnet	27.02.2003	DH	LQ 743 388
S	<i>Ceriporiopsis aneirina</i>	ospekjuke	DC	Slyngstadvatnet: aust for vatnet	26.02.2003	DH	LQ 743 387
S	<i>Ceriporiopsis aneirina</i>	ospekjuke	DC	Slyngstadvatnet: aust for vatnet	26.02.2003	DH	LQ 745 386

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat.	Lokalitet	Dato	Finnarar	UTM
S	<i>Ceriporiopsis aneirina</i>	ospekjuke	DC	Slyngstadvatnet: aust for vatnet	27.02.2003	DH	LQ 744 391
S	<i>Cortinarius tofaceous</i>	-	K	Grytastranda: Grovågjølet, ovafor idrettsplassen	18.09.2003	Wenche Eli Johansen & JBJ	LQ 6121 3638
S	<i>Diplomitoporus flavescens</i>	furumusling	V	Hellestranda: Orvika	06.08.1985	G. Mohn Jenssen	LQ 78 44
S	<i>Entoloma caesiocinctum</i>	-	DC	Synnaland: Djuvikhaugen	23.09.2003	JBJ	LQ 680 450
S	<i>Entoloma griseocyanum</i>	lillagrå raudskivesopp	DC	Grytastranda: Fiskeberga	09.09.2002	PL & DH	LQ 604 363
S	<i>Entoloma prunuloides</i>	mjølråudskivesopp	DC	Haramsøy: Ullasundet/Kvernholmsundet	04.10.1993	GGa	LQ 553 536
S	<i>Geoglossum cookeianum</i>	dynetunge	DC	Flemsøya/Skuløya: Sandvika	29.09.1994	GGa & JBJ	LQ 599 539
S	<i>Geoglossum cookeianum</i>	dynetunge	DC	Flemsøya/Skuløya: Sandvika	25.09.2002	JBJ	LQ 599 539
S	<i>Geoglossum cookeianum</i>	dynetunge	DC	Flemsøya/Skuløya: Sandvika	04.10.1993	GGa & JBJ	LQ 599 539
S	<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	DC	Fjortoft: Fjortoftneset	11.10.2004	JBJ	LQ 6319 5569
S	<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	DC	Flemsøya/Skuløya: Halseberga	04.10.1993	GGa & JBJ	LQ 605 542
S	<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	DC	Flemsøya/Skuløya: Husfjellet	04.10.1993	GGa & JBJ	LQ 588 544
S	<i>Geoglossum umbratile</i>	brunsvart jordtunge	DC	Flemsøya/Skuløya: Halseberga	04.10.1993	GGa & JBJ	LQ 605 542
S	<i>Geoglossum umbratile</i>	brunsvart jordtunge	DC	Flemsøya/Skuløya: Halseberga	29.09.1994	GGa & JBJ	LQ 605 542
S	<i>Geoglossum umbratile</i>	brunsvart jordtunge	DC	Haramsøy: Ullasundet/Kvernholmsundet	29.09.1994	GGa & JBJ	LQ 553 536
S	<i>Geoglossum umbratile</i>	brunsvart jordtunge	DC	Synnaland: Djuvikhaugen	23.09.2003	JBJ	LQ 680 450
S	<i>Hygrocybe colemanniana</i>	brun engvokssopp	V	Flemsøya/Skuløya: Sandvika	04.10.1993	GGa & JBJ	LQ 599 539
S	<i>Hygrocybe colemanniana</i>	brun engvokssopp	V	Flemsøya/Skuløya: Sandvika	29.09.1994	GGa & JBJ	LQ 599 539
S	<i>Hygrocybe colemanniana</i>	brun engvokssopp	V	Flemsøya/Skuløya: Sandvika	25.09.2002	JBJ	LQ 599 539
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	DC	Lepsøya: ovafor Set	09.09.2003	JBJ	LQ 559 476
S	<i>Hygrocybe persistens</i>	spiss vokssopp	DC	Flemsøya/Skuløya: Halseberga	04.10.1993	GGa & JBJ	LQ 605 542
S	<i>Hygrocybe persistens</i>	spiss vokssopp	DC	Flemsøya/Skuløya: Sandvika	25.09.2002	JBJ	LQ 599 539
S	<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	svartdogga vokssopp	DC	Flemsøya/Skuløya: Halseberga	29.09.1994	GGa & JBJ	LQ 605 542
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	DC	Flemsøya/Skuløya: Halseberga	25.09.2002	JBJ	LQ 605 542
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	DC	Flemsøya/Skuløya: Halseberga	29.09.1994	GGa & JBJ	LQ 605 542
S	<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	russelærvokssopp	DC	Flemsøya/Skuløya: Halseberga	29.09.1994	GGa & JBJ	LQ 605 542
S	<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	russelærvokssopp	DC	Flemsøya/Skuløya: Halseberga	04.10.1993	GGa & JBJ	LQ 605 542
S	<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	russelærvokssopp	DC	Flemsøya/Skuløya: Sandvika	04.10.1993	GGa & JBJ	LQ 599 539
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	V	Flemsøya/Skuløya: øst for Ura	16.10.2003	JBJ	LQ 612 535
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	V	Grytastranda: Grovågjølet, ovafor idrettsplassen	18.09.2003	Wenche Eli Johansen & JBJ	LQ 612 364
S	<i>Hygrocybe vitellina</i>	gul slimvokssopp	V	Flemsøya/Skuløya: Halseberga	04.10.1993	GGa & JBJ	LQ 605 542
S	<i>Lecctium pseudoscabrum</i>	hasselskrubb	R	Fjøsneset	24.07.2002	DH	LQ 735 402
S	<i>Lecctium pseudoscabrum</i>	hasselskrubb	R	Grytastranda: Ystehagen	09.09.2001	PL	LQ 735 373
S	<i>Lecctium pseudoscabrum</i>	hasselskrubb	R	Hamsund	07.08.2003	JBJ	LQ 601 364
S	<i>Mutinus caninus</i>	dvergstanksopp	DC	Grytastranda: Fiskeberga	07.09.2002	DH, PL	LQ 609 362
S	<i>Mutinus caninus</i>	dvergstanksopp	DC	Hasselvika, Nybø	27.09.2003	PL	LQ 623 363
S	<i>Mycena chlorantha</i>	gulgrønhetta	R	Flemsøya/Skuløya: Halseberga	04.10.1993	GGa & JBJ	LQ 605 542
S	<i>Phellodon melaleucus</i>	svartkvit sølvpigg	DC	Grytastranda: Ystehagen	26.09.2003	PL	LQ 734 374
S	<i>Phellodon melaleucus</i>	svartkvit sølvpigg	DC	Grytastranda: Ystehagen	09.09.2001	PL	LQ 731 373
S	<i>Pleurotus dryinus</i>	seig østerssopp	R	Grytastranda: Slyngstad	00.09.1994	Ingeborg Fagerli	LQ 71-72, 36-37

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat.	Lokalitet	Dato	Finnarar	UTM
S	<i>Pseudocaterellus undulatus</i>	grå trompetsopp	DC	Grytastranda: Fiskeberga	23.09.2002	DH	LQ 610 362
S	<i>Pseudocaterellus undulatus</i>	grå trompetsopp	DC	Grytastranda: Fiskeberga	23.09.2002	DH	LQ 612 362
S	<i>Pseudocaterellus undulatus</i>	grå trompetsopp	DC	Grytastranda: Grovågjølet, ovafor idrettsplassen	18.09.2003	Wenche Eli Johansen & JBJ	LQ 6117 3634
S	<i>Pseudocaterellus undulatus</i>	grå trompetsopp	DC	Grytastranda: Ystehagen	09.09.2001	PL	LQ 731 373
S	<i>Pseudocaterellus undulatus</i>	grå trompetsopp	DC	Lepsoya: Rønstad	09.09.2003	JBj	LQ 5436 4586
S	<i>Ramariopsis kunzei</i>	kvit småfingersopp	DC	Grytastranda: Fiskeberga	09.09.2002	PL & DH	LQ 604 363
S	<i>Russula brumneoviolacea</i>	brunfiollett kremle	R	Hamsund kyrkje	18.07.2002	PL	LQ 596 365
S	<i>Russula grata</i>	marsipan kremle	R	Lepsoya: Rønstad	09.09.2003	JBj	LQ 5436 4586
S	<i>Sarcodon scabrosus</i>	beisk storpigg	V	Grytastranda: Grovågjølet, ovafor idrettsplassen	18.09.2003	Wenche Eli Johansen & JBJ	LQ 6121 3638
S	<i>Sarcodon scabrosus</i>	beisk storpigg	V	Grytastranda: Grytahaatlen (nordgrense)	23.09.2003	PL & JBj	LQ 655 366
S	<i>Thelephora penicillata</i>	skjeggfynsesopp	R	Lepsoya: Rønstad	09.09.2003	JBj	LQ 544 459

Sopp

Det er kjent godt over 7000 sopparter i Norge, av desse står no 763 på raudlista (Bendiksen m. fl. 1997). I vårt fylke er det kjent 145 av desse raudlisteartane. Tabell 8 viser kva artar og funn som er kjent frå Haram. Dei fleste av desse er knytt til kulturlandskapet eller til edellauskog med hassel eller eik, sistnemnde for det meste på den varme Grytastranda. Mange artar er her nær eller på nordgrensa si i Noreg.

Lav

